



Sunnfjord  
kommune



# Økonomi- og handlingsplan 2023 - 2026

Ajourført i samsvar med vedtak i kommunestyre 17.06.2022 sak 070/22



Sunnfjord  
kommune

## Innhold

Kommunedirektøren si innleiing .....	3
Vedtak i kommunestyre 17.06.2022 sak 070/22: .....	4
1 Oppfølging av kommuneplanen sin samfunnsdel .....	5
1.1 Målsettingar i økonomi- og handlingsplan .....	6
1.2 Klimaomstilling i Sunnfjord kommune .....	7
1.3 Handlingsplan digitalisering .....	8
2 Demografi .....	9
3 Økonomisk utvikling i planperioden .....	11
3.1 Handlingsreglar .....	11
3.2 Økonomiske framskrivingar i økonomiplanen .....	12
3.3 Konsekvensjustert økonomiplan 2023 – 2026 .....	18
4 Handlingsmål og behov i drift og investering for kvar sektor .....	19
4.1 Stab og støtte .....	19
4.2 Skule .....	26
4.3 Barnehage .....	32
4.4 Helse og sosial .....	37
4.5 Omsorg .....	46
4.6 Kultur og idrett .....	54
4.7 Teknisk og miljø .....	62
5 Prioriterte driftstiltak .....	71
6 Prioriterte investeringar .....	73
7 Vedlegg .....	75

## Kommunedirektøren si innleiing

Økonomiplan 2023-2026 er utarbeidd etter same mal som førre økonomiplan 2022 – 2025. Kommuneplanen sin samfunnsdel for Sunnfjord kommune vart vedteken våren 2022 og gjev grunnlag for å utarbeide 4 årig målsetting og målindikatorar for kvar sektor i økonomi- og handlingsplan 2023 – 2026.

Driftsrekneskapen for 2021 viste samla driftsinntekter på 2 212 mill. kroner. Netto driftsresultat er 58,4 mill. kroner eller 2,64 % av driftsinntektene. Det er 45 mill. kroner betre enn rekneskap 2020 og 35 mill. kroner betre enn revidert budsjett 2021.

Økonomirapport pr. mars 2022 viser eit anslått meirforbruk i drifta i 2022 på 29 mill. kroner, men der auka skatteinntekter på reduserer anslått meirforbruk til 18,6 mill. kroner. Fleire av behova som er omtalt i økonomi- og handlingsplan 2023 – 2026 har samanheng med meirforbruk i drifta.

Det er i økonomi- og handlingsplan 2023 – 2026 lagt til grunn folketalsframskriving frå SSB med høg nasjonal folketalsvekst i Sunnfjord kommune. Det utgjer ein auke i tal innbyggjarar med 304 (1,4 %) frå 22 116 pr. 01.01.2022 til 22.420 innbyggjarar pr. 01.01.2026. For landet er det lagt til grunn folketalsframskriving med middels nasjonal folketalsvekst på 2 % i planperioden. I 2021 auka folketallet i kommunen med 96 personar (0,4 %) til 22 116 innbyggjarar pr. 31.12.2021. Det er stort fokus på tiltak for å få folketalsvekst gjennom både kommuneplanen sin samfunnsdel og arbeid med rekruttering. Dei demografiske framskrivingane for planperioden viser auke i tal barn i barnehage med 16, nedgang i tal grunnskuleelevar med -190 og stor auke i tal eldre i aldersgruppa 67-89 år med 492 personar.

Tidlegare vedteken målsetjing om effektiviserings- og innsparingstiltak på totalt 53 mill. kroner er vidareført i økonomi- og handlingsplan 2023 – 2026. I tillegg er omstillingsprosess innan omsorg og flykningar vidareført med totalt 15,7 mill. kroner i innsparing.

Kommunar med sunn og berekraftig økonomi er kjenneteikna med netto driftsresultat på 1,75 %, netto lånegjeld på 50 % og disposisjonsfond på 10 % av brutto driftsinntekter. Handlingsreglar for Sunnfjord kommune i planperioden er netto driftsresultat på 2,0 %, netto lånegjeld på 95 % og disposisjonsfond på 6 %.

Økonomiplanen har to hovudfokusområde:

- Det er prioritert driftstiltak innan handlingsrommet i økonomiplanen. Handlingsrommet er svært avgrensa og inntektsutviklinga er usikker. Likevel er det prioritert tiltak innanfor fleire sektorar dersom handlingsrommet skulle vise seg å bli større.
- Det er prioritert investeringar innanfor handlingsregelen om at lånegjelda ikkje skal auke, med unntak av kjøp av Hafstad vidaregåande skule.

Sunnfjord, 2. juni 2022

Ole John Østenstad

Kommunedirektør Sunnfjord kommune

## Vedtak i kommunestyre 17.06.2022 sak 070/22:

Økonomi- og handlingsplan 2023–2026, dagsett 02.06.2022, for Sunnfjord kommune vert godkjent, med følgande justeringar:

1. Nytt ikkje prioritert driftstiltak: Sunnfjord Utvikling - prosjektmidlar knytt til grøn omstilling og kveldsøkonomi Kr. 1 000 000 i 2023, 2024 og 2025 kr. 500 000 i 2026. Sidan tiltaket ikkje er prioritert er det ikkje behov for å finne finansiering per no.
2. Innan 01.11.2022 skal Kommunedirektøren legge fram ei sak der plassering av midlar i KLP vert vurdert på nytt.
3. Kommunedirektøren skal komme tilbake med ein forstudie om utvikling av ny symjehall i Førdehuset. Forstudien må sjå rehabilitering av eksisterande symjebasseng i samanheng med utviklinga av eit nytt symjeanlegg. Forstudien skal vere klar til politisk handsaming før handsaming av økonomiplan 2024-2027. Moglegheitene for ekstern finansiering skal då være kartlagt og vurdert. Ekstern finansiering blir avgjerande for å få prosjektet i land. Det er viktig å behalde løyving til ny symjehall i økonomiplana for å behalde spelemidlar for interkommunalt anlegg. Økonomiplana blir justert etter tabell:


Tiltak - kva	Gjeldande økonomiplan				Forslag til økonomiplan				Justert forslag til økonomiplan				SUM	
	2022	2023	2024	2025	2023	2024	2025	2026	2023	2024	2025	2026		
Ny barnehage på Slåtten inkl. grunnnerverv - auka kostnad						10 000					10 000			
Oppgradering av Førdehuset/ symjebasseng			6 000	9 000	1 000	6 000	9 000	23 500		1 000	33 988	43 761	48 632	127 381
Symjebasseng Førdehuset			83 000			15 600	20 000	12 560						-
Symjebasseng Førdehuset - ekstern bidrag										- 5 000	- 5 000			
Symjebasseng Førdehuset - spelemidlar			- 32 760			- 2 340	- 3 000	- 1 884		- 7 250	- 9 809	- 11 941	- 29 000	
<b>DIFFERANSE</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>

4. Kommunestyret føreset at det blir jobba aktivt for å betre kollektivtrafikken betrakteleg i kommunen og regionalt, og at kommunedirektøren finn rom for dette når kommunen sin andel i ei kollektivsatsing blir klar. Kommunestyret føreset også at det blir søkt om midlar frå fylkeskommunen og ulike statlege ordningar.
5. Drift og vedlikehald av kommunale vegar er eitt av tiltaka som må blir prioritert dersom det syner seg at det blir auka handlingsrom på driftsbudsjettet i 2023.
6. Kommunestyret ber om at konsekvensar av innsparingskravet for kyrkja blir framlagt før handsaming av budsjett til hausten.
7. Det må sikrast nok årlege midlar til drift av kyrkja. Det er uheldig at auka lønnskostnadar og husleige ikke blir prioritert i ei tid der det er tilsett nytt kyrkjeverge og høg lønns- og prisvekst.
8. Kommunestyret meiner det er viktig å halde oppe skulehelsetenesta og vil arbeide politisk for øyremerka statlege midlar til dette i åra framover.

# 1 Oppfølging av kommuneplanen sin samfunnsdel

[Samfunnsdelen til kommuneplanen blei vedteken i kommunestyre 17. februar 2022.](#)

Kommuneplanen er kommunen sitt overordna styringsdokument og inneheld mål og retningsval for kommunen si utvikling. Målsettingar og strategiar i kommuneplanen er vist her.



FN sine berekraftsmål og Sunnfjord kommune sin visjon og verdiar ligg som ein overbygning for hovudmålet i samfunnsdelen. I hovudmålet ligg det ein ambisjon om at vi ynskjer at folk skal bli buande i Sunnfjord og fleire skal flytte hit. For å få dette til, så må vi skape aktivitet og vekse innanfor naturen si tolegrense.

## 1.1 Målsettingar i økonomi- og handlingsplan

Det langsiktige hovudmålet og dei to delmåla i kommuneplanen er brote ned på 8 strategiar og 72 konkrete «Slik gjer vi det»-tiltak. Dette er samla sett mange tiltak og alt kan ikkje prioriterast på same tid. Mange tiltak er allereie ein del av den daglege drifta og vert jobba med fortløpande. Som vedlegg til økonomi- og handlingsplanen ligg det ei fullstendig oversikt over alle tiltaka med eksempel på korleis dei vert jobba med i det daglege og kven som har særskilt ansvar for å følgje dei opp.

For å følgje opp målsettingane i samfunnsdelen, må vi likevel prioritere nokre tiltak særskilt. Vi har plukka ut 5 tiltak som vi meiner er særskilt viktig å følgje opp for heile kommunen i denne planperioden. I tillegg er det prioritert nokre «slik gjer vi det»-tiltak som kvar sektor i kommunen skal bidra til måloppnåing på. Omtale av handlingsmål, måleparametre og ansvar framgår i sektorkapittelet seinare i dokumentet.

Tabellane under viser prioritering av strategiar og «slik gjer vi det»-tiltak frå samfunnsdelen<sup>1</sup>, for dei neste fire åra. Fullstendig oversikt over prioritering av strategiar følgjer som vedlegg.

<b>Delmål 1: Vi skal skape det gode kvardagsliv for innbyggjarane våre</b>	
<b>Strategi</b>	<b>Slik gjer vi det</b>
<b>Vi skal vere ein inkluderande kommune med trygge og gode bumiljø</b>	Vi er ein kommune som sikrar god integrering og norskopplæring for våre utanlandske borgarar, slik at desse kan vere ein ressurs både i arbeidsliv og kvardagsliv
<b>Vi skal ha eit klimatilpassa samfunn, god beredskap og ansvarleg kommuneøkonomi</b>	Vi skal systematisere og integrere informasjon om berekraft i rapporteringsrutinar
<b>Vi jobbar i lag for å skape og utvikle kommunen vår – saman blir vi drivande gode!</b>	Vi prioriterer arbeidsmiljø, bemanning og kompetanseutvikling for å sikre god kvalitet i tenestene våre

<b>Delmål 2: Vi utviklar Sunnfjord kommune som regionmotor på Vestlandet</b>	
<b>Strategi</b>	<b>Slik gjer vi det</b>
<b>Vi utviklar kommunen og Førde som utdanningsby</b>	Vi er aktive med å ta i mot og tilby gode vilkår for lærlingar og studentar i praksis
<b>Vi skal vere eit kulturelt tyngdepunkt på Vestlandet</b>	Vi legg til rette for møteplassar som stimulerer til deltaking og offentleg debatt der mangfald, kreativitet, skaparkraft, møter på tvers av generasjonar og aktivitet er høgt verdsett.

<sup>1</sup> Hovudmålet i kommuneplanen sin samfunnsdel er brote ned på to delmål, åtte strageiar og 72 handlingsmål også kalla tiltak eller «slik gjer vi det»-punkt.




## 1.2 Klimaomstilling i Sunnfjord kommune

Klimaomstilling handlar både om samfunnsending, klimatilpassing og utsleppsreduksjon.

«Smartare, tryggare og grønarare» er hovudmålet i klimaomstillingsplanen for 2019-2030. Sunnfjord kommune vil:

- gjere det enklare for innbyggjarane å velje smarte løysingar gjennom fagutvikling, kunnskapsutvikling og næringsutvikling,
- gjere det trygt for innbyggjarane å møte framtidige klimaendringar gjennom å sikre og tilpasse bygg, busetnad, infrastruktur og samfunn, og
- redusere klimagassutsleppa med minst 40 % innan 2030.

Klimahandlingsprogrammet for 2019-2022 inneheld 31 tiltak for å nå måla, og kommunen er godt i gang med mange av tiltaka. I løpet av 2023 vil kommunen starte revisjon av klimaomstillingsplanen, og utarbeide eit forslag til klimabudsjett som skal avløyse klimahandlingsprogrammet. Klimabudsjettet er planlagt implementert i økonomi- og handlingsplanen for 2024-2027.



Dei ulike perspektiva for klimagassutslepp overlappar delvis, men er alle viktige å ta med i klimabudsjettet. Klimafotavtrykket er det samla utsleppet vårt: Både direkte utslepp innanfor kommunegrensene, og utsleppa som følgje av at vi kjøper produkt som er laga og transportert frå andre stader, og frå reisene våre til inn- og utland.

Jordbruk, vegtransport, bygg og anlegg er dei største kjeldene til direkte utslepp i Sunnfjord kommune. I kommunen si eiga verksemd er dei største utsleppa frå transport og innkjøp av varer og tenester til kommunale bygg og anlegg.

Skog- og myrområde bind karbon og bidreg til å redusere dei totale utsleppa. Utbygging av natur til bustader, infrastruktur og andre føremål fører til redusert opptak og auka utslepp.

### 1.3 Handlingsplan digitalisering

[Handlingsplan for digitaliseringsstrategien](#) følgde som vedlegg til kommunestyresak 133/21 Årsbudsjett 2022. I handlingsplanen er tiltaka gruppert innanfor dei fem satsingsområda i digitaliseringsstrategien:

- Brukaren i sentrum
- IKT som innsatsfaktor for innovasjon og produktivitet
- Styrka digital kompetanse og deltaking
- Effektiv digitalisering
- Personvern, informasjonstryggleik og dokumentasjonsforvaltning

Planen har hovudvekt på tiltak som skal gjennomførast i 2022. Døme på tiltak det vert arbeidd med er å ta i bruk fleire digitale fellesløysingar, gjennomføre breibands- og mobilutbyggingsprosjekt og styrke arbeidet med informasjonstryggleik og personvern. Vi er i gang med gjennomføring av dei fleste tiltaka i handlingsplanen.



## 2 Demografi

Både inntektsutvikling og utgiftsbehovet til ein kommune er nært knytt til utvikling og samansetting i befolkninga. Analyse av befolkningsstatistikk og framskrivingar frå SSB kan gi ein indikasjon på kva sektorar som kommunen kan vente seg dei største utfordringane i åra framover.

Ved inngangen av 2022 hadde Sunnfjord kommune 22 116 innbyggjarar. Ved middels nasjonal vekst (MMMM) vil vi i framskrivinga ha 22 427 innbyggjarar i 2050. Den samla folketalsveksten i Sunnfjord kommune er i perioden anslått til 2,0 %. Det gir ein årleg vekst på 0,1 %. Ved høg nasjonal vekst (HHMH) vil vi i framskrivingar ha 24 882 innbyggjarar i 2050. Den samla folketalsveksten i Sunnfjord kommune er i perioden anslått til 13 %. Det gir ein årleg vekst på 0,4 %.

Sunnfjord kommune har i inntektsutviklinga i økonomi- og handlingsplan 2023 - 2026 lagt til grunn ein folketalsvekst på same nivå som landet, dvs. 0,4 % årleg. Det tilseier høg nasjonal folketalsvekst for Sunnfjord kommune og middels nasjonal folketalsvekst for landet. Siste året har Sunnfjord kommune hatt ein folketalsvekst på 0,4 %. Det er ei noko optimistisk folketalsutvikling vi legg til grunn. Kommunedirektøren meiner dette kan forsvarast ut frå at kommunen har gode føresetnadar for vekst og utvikling.

Det er stor usikkerheit om utvikling i folketalet. Prognose frå SSB er frå juni 2020, tala blir publisert annakvart år. Låg innvandring og låge fødselstal kan tyde på lågare folketalsvekst både nasjonalt, regionalt og lokalt ved oppdaterte prognoser. Stor auke i busetting av flyktingar frå Ukraina kan påverke både lokale, regionale og nasjonale tal i 2022. Sjølv om framskrivingane er usikre, er det nokre ting vi kan seie med rimeleg sikkerheit:

- Andelen grunnskuleelevar og yrkesaktive er synkande
- Rundt 2030 verkar å vere eit kritisk punkt i forhold til eldrebølgja
- Innan 2040 vil det i Sunnfjord være dobbelt så mange personar over 80 år som det er i dag, og dobbelt så mange med demens sjukdom
- Folketalsveksten fram mot 2050, skuldast i liten grad auke i tilflytting eller fødselsrate, men i hovudsak at innbyggjarane vi har lever lengre

I Sunnfjord kommune kan ein forvente ein kraftig vekst innan pleie- og omsorgssektoren fram mot 2050. I same periode er det forventa ein nedgang i utgiftsbehov innan tenester som barnehage og skule.

## Framskriving av folketal i Sunnfjord kommune basert på middels nasjonal vekst

Folketal pr. 01.01.	2022	2023	2024	2025	2026	Sum endring	Sum endring %
0-1 år	476	471	469	468	470	-6	-1,3 %
2-5 år	1050	1041	1018	1003	979	-71	-6,8 %
6-15 år	2964	2913	2857	2808	2765	-199	-6,7 %
16-22 år	2096	2070	2067	2082	2102	6	0,3 %
23-66 år	12111	12085	12066	12028	12000	-111	-0,9 %
67-79 år	2451	2553	2639	2695	2750	299	12,2 %
80-89 år	752	762	806	862	925	173	23,0 %
90 år eller eldre	216	217	202	206	203	-13	-5,9 %
<b>SUM</b>	<b>22116</b>	<b>22113</b>	<b>22125</b>	<b>22152</b>	<b>22194</b>	<b>78</b>	<b>0,4 %</b>

Tabellen skisserer at dersom Sunnfjord kommune får ein middels nasjonal vekst så må vi pårekne reduksjon i både tal barnehagebarn og skulebarn. Tal yrkesaktive i Sunnfjord kommune vil og falle, medan tal eldre i aldersgruppa 67-89 år vil auke vesentleg.

## Framskriving av folketal i Sunnfjord kommune basert på høg nasjonal vekst

Folketal pr. 01.01.	2022	2023	2024	2025	2026	Sum endring	Sum endring %
0-1 år	476	486	492	496	499	23	4,8 %
2-5 år	1050	1050	1049	1061	1066	16	1,6 %
6-15 år	2964	2910	2861	2812	2774	-190	-6,4 %
16-22 år	2096	2074	2071	2088	2108	12	0,6 %
23-66 år	12111	12104	12095	12078	12066	-45	-0,4 %
67-79 år	2451	2554	2642	2699	2760	309	12,6 %
80-89 år	752	764	812	872	935	183	24,3 %
90 år eller eldre	216	220	207	209	211	-5	-2,2 %
<b>SUM</b>	<b>22116</b>	<b>22163</b>	<b>22230</b>	<b>22315</b>	<b>22420</b>	<b>304</b>	<b>1,4 %</b>

Tabellen skisserer at dersom Sunnfjord kommune får ein høg nasjonal vekst så må vi pårekne auke i tal barnehagebarn, reduksjon i tal grunnskuleelevar, færre i yrkesaktiv alder og stor auke i tal eldre i aldersgruppa 67-89 år.

Oppsummert ser vi at det er stor usikkerheit i utvikling av tal barnehagebarn i kommunen. Tal grunnskuleelevar vil i begge framskrivingane få ein reduksjon i størrelsesorden 190-199 elevar. Tal grunnskuleelevar vi kjenner til i dag er lågare enn det som framgår av tabellen, då det i tillegg er lagt til grunn ein folketalsvekst. Tal innbyggjarar i yrkesaktiv alder vil falle og tal eldre i aldersgruppa 67-89 år vil auke kraftig. Dette er viktige prognoser både som grunnlag inn i forventa inntektsutvikling og behov for dimensjonering av tenestene kommunen tilbyr innbyggjarane.

Ein usikker faktor i folketalsutviklinga både i Sunnfjord kommune og i landet, er busetting av flyktningar frå Ukraina. Busettinga har både ei inntekts- og ei kostnadsside på kort sikt. Revidering av økonomiplan til neste år vil ha betre oversikt over korleis dette påverkar oss.

## 3 Økonomisk utvikling i planperioden

### 3.1 Handlingsreglar

Kommunar med sunn og berekraftig økonomi, og stort handlingsrom, er kjenneteikna ved netto driftsresultat (overskot) på minimum 1,75 %, netto lånegjeld på 50 % og disposisjonsfond på 10 % av brutto driftsinntekter.


Etter ny kommunelov er kommunane pliktig å vedta handlingsreglar for definerte nøkkeltal.

Tabellen nedanfor oppsummerer føresetnadar og handlingsreglar i planperioden:

Handlingsreglar	R 2020	R 2021	B 2022	RB 2022	ØP 2023	ØP 2024	ØP 2025	ØP 2026	Langsiktg mål
Samla inntekter inkl. pris og lønsvekst	2 117 335	2 212 720	2 158 581	2 193 600	2 132 786	2 198 801	2 259 888	2 328 749	
Netto driftsresultat	13 306	58 389	36 502	36 502	39 559	41 410	42 989	44 954	
Netto lånegjeld (lån-ubrukte-utlån)	1 768 675	2 206 621	2 226 621	2 226 621	2 356 621	2 256 621	2 266 621	2 276 621	
Disposisjonsfond	96 433	130 238	130 238	130 238	130 238	130 238	130 238	130 238	
Netto driftsresultat i % av samla inntekter	0,63 %	2,64 %	1,69 %	1,66 %	1,85 %	1,88 %	1,90 %	1,93 %	2 %
Gjeld i % av inntekter	83,5 %	99,7 %	103,5 %	101,5 %	110,5 %	102,6 %	100,3 %	97,8 %	50 %
Disposisjonsfond i % av inntekter	4,6 %	5,9 %	6,0 %	5,9 %	6,1 %	5,9 %	5,8 %	5,6 %	10 %


#### 3.1.1 Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter

Vi legg opp til eit nivå over anbefalt nivå, og tett opp til det langsiktige målet på 2,0 %. Ved å planlegge for eit overskot, aukar sannsynlegheita for å kunne bygge reservar. Det vil styrke det økonomiske handlingsrommet på sikt.




#### 3.1.2 Disposisjonsfond i prosent av brutto driftsinntekter

Nivået på disposisjonsfondet er svakt avtakande, men likevel nær opp til handlingsregelen i heile økonomiplanperioden. Fallet skuldast at inntektene går opp medan avsetninga er stabil. Målet for disposisjonsfondet i løpet av perioden er 6 %, medan det langsiktige målet er 10 %.



#### 3.1.3 Netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter

Handlingsregelen for lånegjeld er administrativt nedjustert frå 100 % til 95 % grunna ny berekningsmetode. Nivået er synkande ned mot handlingsregelen mot slutten av økonomiplanperioden. Lågare gjeldsgrad er ein viktig føresetnad for økonomisk handlingsrom. Det langsiktige målet er difor ei lånegjeld på 50 % av driftsinntektene.




## 3.2 Økonomiske framskrivingar i økonomiplanen

### 3.2.1 Frie inntekter - rammetilskot og skatteinntekter

Frie inntekter består av skatteinntekter og rammetilskot og utgjør om lag 72 % av samla inntekter for kommunane. Dette er inntekter som kommunane kan disponere fritt utan andre føringar frå staten enn gjeldande lover og reglar.

KOSTRA-tabellen til høgre viser at Sunnfjord kommune har høgare frie inntekter i kroner per innbygger enn KOSTRA gruppe 09 og landet utanom Oslo. Vi er ein samanslåingskommune og beheld overføringar på same nivå som før samanslåing i ein overgangsperioden på 15 år.

Økonomi - Frie inntekter i kroner per innbygger



	2018	2019	2020	2021
Sunnfjord			62 566	65 198
Kostragruppe 09			58 687	61 721
Landet uten Oslo	58 740	59 171	60 267	63 043

### Revidert nasjonalbudsjett 2022

Pris- og kostnadsveksten for i år er justert opp. Lønsvæksten er auka frå 3,2 % til 3,7 %. Prisvekst på varer og tenester er auka frå 1,6 % til 3,7 %. Samla prisvekst (deflator) er auka frå 2,5 % til 3,7 %.

Skatt på inntekt og formue er justert opp med om lag 17,4 mrd. kroner. Auken skuldast delvis oppjustering av løns- og sysselsetjingsvekst og delvis auka utbytte til personlege skatteytarar i 2021. Regjeringa gjer framlegg om at ein del av dei ekstraordinære inntektene frå utbytteskatt skal gå til staten i staden for kommunane. Det blir difor gjort framlegg om eit samla trekk i kommunane sitt rammetilskot på 9,1 mrd. kroner i år. Det inneber at kommunane får behalde 2,3 mrd. kroner av den ekstraordinære skatteveksten frå utbytte.

### Koronapandemien

- For 2022 er det hittil løyvd 550 mill. kroner til kommunane på rammetilskotet for utgifter til vaksinasjon
- Det er i tillegg forslått at kommunane vert kompensert med 200 mill. kroner for testing, isolering, smittesporing og karantene (TISK) i 2. halvår.
- Departementet vil på bakgrunn av arbeidsgruppa sin rapport pr. 01.09.2022 vurdere behovet for eventuelle endringar i kompensasjonen for 1. halvår 2022.

### Det økonomiske opplegget for kommunesektoren i 2023

Regjeringa legg opp til ein realvekst i frie inntekter mellom 1,2-1,5 mrd. kroner for kommunane frå 2022 til 2023. Den ekstraordinære og mellombelse skatteveksten i år knytt til utbytte er ikkje med i 2022-grunnlaget for inntektsvekst frå 2022 til 2023.

Veksten i dei frie inntektene må finansiere auka demografikostnader.

Pensjonskostnadane for 2023 er anslått til nullvekst utover anslått lønsvækst i 2023

[Link til skriv frå Statsforvaltaren i Vestland om revidert nasjonalbudsjett 2022 og kommuneopplegget for 2023.](#)



## Sunnfjord kommune:

- I revidert nasjonalbudsjett for 2022 er Sunnfjord kommune tilført:
  - Kompensasjon for korona-kostnad på 20 mill. kroner er ikkje avklart
  - Pris- og lønsvekst er oppjustert frå 2,5 % til 3,7 %. Det utgjør ein kostnadsauke på 22 mill. kroner for Sunnfjord kommune.
  - Ekstraordinære skatteinntekter der kommunane får behalde 2,3 mrd. kroner i 2022. For Sunnfjord kommune utgjør dette 10,2 mill. kroner.
  - Beredskap for testing Covid-19 er kompensert med 200 mill. kroner samla for kommunane. For Sunnfjord kommune utgjør dette 815.000 kroner.
- I økonomiplanperioden 2023 – 2026 er det lagt til grunn:
  - Folketalsvekst på nivå med landet dvs. 0,4 % årleg
  - Årleg realvekst i rammetilskot på 1,5 mrd. kroner samla for landet
  - Vidareføring av ordinært skjønn på same nivå som i 2022 dvs., 12,1 mill. kroner
  - Kompensasjon for tapt inntektsutjamning med 6,2 mill. kroner trappa ned mot slutten av planperioden.

(tal i 1000 kr)	R 2020	R 2021	B 2022	RB 2022	ØP 2023	ØP 2024	ØP 2025	ØP 2026
Rammetilskot	- 730 203	- 729 917	- 747 811	- 738 619	- 786 648	- 789 016	- 787 581	- 793 581
Tilskudd per barneskule					- 7 500	- 7 500	- 7 500	- 7 500
Skatteinntekter	- 635 077	- 730 361	- 734 553	- 775 666	- 721 334	- 723 837	- 726 328	- 726 328
Auke rammetilskot Covid-19	- 27 549	- 38 161		- 815				
Kompensasjon tap inntektsutjamning	- 4 000	- 3 000	- 6 200	- 6 200	- 6 200	- 6 200	- 5 000	- 4 000
<b>Sum frie inntekter</b>	<b>- 1 396 829</b>	<b>- 1 501 439</b>	<b>- 1 488 564</b>	<b>- 1 521 300</b>	<b>- 1 521 682</b>	<b>- 1 526 553</b>	<b>- 1 526 409</b>	<b>- 1 531 409</b>

### 3.2.2 Eigedomsskatt


Eigedomsskatt er ein skatt som vert betalt på grunnlag av eit verdioverslag på fast eigedom, kalla eigedomsskattetakst. Eigedomsskatten er den einaste skatten kommunen sjølv har full disposisjonsrett over, der skatteinntektene går direkte til kommunen.

Eigedomsskatteinntektene i rekneskaper for 2020 vart basert på vedtekne satsar i dei 4 kommunane før kommunesamanslåinga og utgjorde totalt 73,5 mill. kroner.

Det vart i 2020 gjennomført retaksering av alle eigedomar i Sunnfjord kommune. Finansiering av retakseringsprosjektet er gjort gjennom eigedomsskatteinntektene.

KOSTRA-tabellen viser at Sunnfjord kommune har høgare eigedomsskatt per innbyggjar enn KOSTRA-gruppe 09 og landet utanom Oslo.

#### Prioritet - Eiendomsskatt per innbygger |



	2018	2019	2020	2021
Sunnfjord	3 104	3 286	3 337	3 673
Kostragruppe 09	2 340	2 280	2 184	2 224
Landet uten Oslo	2 738	2 792	2 813	2 937



Det er i økonomiplanperioden tilrådd vidareføring av promillesats for bustad og fritid på 2,5 og promillesats for næring på 6,6. Samla eigedomsskatteinntekter utgjør 83,4 mill. kroner årleg.

(tal i 1000 kr)	R 2020	R 2021	B 2022	RB 2022	ØP 2023	ØP 2024	ØP 2025	ØP 2026
Promillesats bustad og fritid		2,5	2,5	2,5	2,5	2,5	2,5	2,5
Promillesats næring		6,6	6,6	6,6	6,6	6,6	6,6	6,6
Eigedomsskatt - bustad og fritid	- 36 565	- 36 947	- 36 922	- 37 493	- 37 493	- 37 493	- 37 493	- 37 493
Eigedomsskatt - næring	- 36 913	- 44 280	- 43 878	- 45 936	- 45 936	- 45 936	- 45 936	- 45 936
<b>Sum eigedomsskatteinntekter</b>	<b>- 73 478</b>	<b>- 81 227</b>	<b>- 80 800</b>	<b>- 83 429</b>	<b>- 83 429</b>	<b>- 83 429</b>	<b>- 83 429</b>	<b>- 83 429</b>
Kostnad retakseringsprosjekt	3 532	238						
Finansiering retakseringsprosjekt	-	- 2 906	900	- 864	-	-	-	-
<b>Netto eigedomsskatteinntekter</b>	<b>- 73 478</b>	<b>- 78 321</b>	<b>- 81 700</b>	<b>- 82 565</b>	<b>- 83 429</b>	<b>- 83 429</b>	<b>- 83 429</b>	<b>- 83 429</b>
<b>%-vis auke i eigedomsskatteinntekt</b>		<b>6,6 %</b>	<b>4,3 %</b>	<b>5,4 %</b>	<b>1,0 %</b>	<b>0,0 %</b>	<b>0,0 %</b>	<b>0,0 %</b>


### 3.2.3 Tilskot

#### Flyktningstilskot (Integreringstilskot)

Flyktningstilskot blir tildelt kommunane som buset flyktningar etter avtale med Integrerings- og mangfaldsdirektoratet (IMDI), og baserer seg på kommunen sin plikt til å tilby heiltid og heilårleg introduksjonsprogram.

Kommunane får integreringstilskot som generelt statstilskot for kvar flyktning/asylsøklar kommunen tek i mot. Tilskotet per flyktning er høgast andre året og vert så gradvis trappa ned over ein perioden på 5 år. Utover integreringstilskotet får kommunen tilskot til norskopplæring, tilskot for flyktningar med nedsett funksjonsevne og bustønad.

Tilskudd integrering pr innbygger



	2018	2019	2020	2021
Sunnfjord	2 805	2 322	1 692	1 160
Kostragruppe 09	3 068	2 393	1 780	1 565
Landet uten Oslo	3 326	2 494	1 842	1 569

Dei to siste åra har busetting av flyktningar blitt kraftig redusert, mellom anna på grunn av Covid-19 pandemien. Sunnfjord kommune er i 2022 oppmoda om å ta imot 150 flyktningar frå Ukraina. Pr. mai 2022 er det busett totalt 14 flyktningar. Det er nødvendig å revidere budsjettet for 2022 med verknad for økonomiplanperioden dersom det vert busett 150 flyktningar i 2022. Inntil vidare er budsjettert nivå på integreringstilskot i 2022 vidareført i økonomiplanperioden.

I tillegg er det vedteke innsparingar tilsvarande 8 mill. kroner med verknad frå 2022. Dette er mellombels sett på vent, då vi no bygger opp tenestene for å møte auka tal flyktningar. Innsparinga vert finansiert med auka integreringstilskot.

Tabellen nedanfor er oppdatert i samsvar med forventta busetting i planperioden. Det er uklart kva konsekvens av auka busetting av flyktningar i 2022 vil ha å seie i planperioden.

(tal i 1000 kr)	R 2020	R 2021	B 2022	RB 2022	ØP 2023	ØP 2024	ØP 2025	ØP 2026
Tal busettingar	9	26	26	150	26	26	26	26
Integreringstilskot	- 30 037	- 18 890	- 21 023		- 22 171	- 22 401	- 23 809	- 23 809
Reduksjon i kostnad			- 6 977		- 5 829	- 5 599	- 4 191	- 4 191

## Toppfinansieringstilskot – Tilskotsordning for særleg ressurskrevjande helse- og omsorgstenester

Alle kommunar som yter særleg ressurskrevjande helse- og omsorgstenester til enkeltmottakarar, kan søke refusjon av direkte lønsutgifter knytt til desse tenestene. Formålet med ordninga er å legge til rette for eit godt tenestetilbod til mottakarar som har krav på omfattande helse- og omsorgstenester.

Ordninga med toppfinansieringstilskot gjeld for tenestemottakarar til og med det året dei blir 67 år. Staten kompenserer 80 % av kostnadane over innslagspunktet, som for 2022 var på 1 470 000 kroner.

Toppfinansieringstilskot vil vere avhengig av tal tenestemottakarar, ressursbruken til den enkelte, og innslagspunktet. Statleg øyremerka tilskot til ressurskrevjande tenester er vidareført i planperioden med 73,4 mill. kroner årleg basert på motteke tilskot i 2021.

Auken i tilskot frå årsbudsjett 2022 til økonomiplanperioden inngår som bidrag for å balansere kvart av åra i økonomiplanperioden.

(tal i 1000 kr)	R 2020	R 2021	B 2022	RB 2022	ØP 2023	ØP 2024	ØP 2025	ØP 2026
Toppfinansieringstilskot	- 59 588	- 73 410	- 65 680	- 65 680	- 73 410	- 73 410	- 73 410	- 73 410

### 3.2.4 Finans

Finanspostar omfattar rente- og avdragsutgifter, renteinntekter, gevinst på plasserte midlar og utbytte.

#### Avdrag


Kommunen betalar avdrag etter minsteavdragsprinsippet.

Auka lånegjeld i 2023 med 100 mill. kroner og framdrift i etterslepet av investeringar påverkar kva kommunen må kostnadsføre som avdrag.

KOSTRA-tabellen viser at Sunnfjord kommune ligg på nivå med KOSTRA gruppe 09 og litt over landet utanom Oslo når det gjeld avdragskostnad i % av brutto driftsinntekt.

I økonomiplanperioden er det lagt opp til noko auke i årleg avdragskostnad ut frå forventa framdrift av investeringsaktivitet og auka lånegjeld i 2023.

Avdrag (netto) Andel av brutto driftsinntekter (prosent)




	2018	2019	2020	2021
Sunnfjord			4,4 %	4,2 %
Kostragruppe 09			4,1 %	4,2 %
Landet uten Oslo	3,6 %	3,7 %	4,0 %	4,0 %

(tal i 1000 kr)	R 2020	R 2021	B 2022	RB 2022	ØP 2023	ØP 2024	ØP 2025	ØP 2026
Avdrag	94 661	96 003	96 873	97 400	97 400	101 500	101 500	101 500

## Rente

Norges Bank sette styringsrenta til 0 % i mai 2020. Norges Bank forventar ei gradvis opptrapping av styringsrenta, frå siste halvdel av 2021 og til 2025. Grafen til høgre skildrar utviklinga i rentenivå i frå faktisk gjennomsnittleg rente i rekneskap 2020 og 2021 til vidare forventa rente (nibor) i planperioden.



## Renteutgift og renteinntekt

Både renteutgift og renteinntekt vert påverka av auka rentenivå i planperioden. I tillegg kjem auka låneopptak i 2023 med 100 mill. kroner. Renteinntekt og renteutgift for Husbanklån skal balansere slik at kommunen sine rekneknadar vert finansiert av renteinntekter frå startlån.

Tabellen nedanfor oppsummerer netto rentekostnad i planperioden.

(tal i 1000 kr)	R 2020	R 2021	B 2022	RB 2022	ØP 2023	ØP 2024	ØP 2025	ØP 2026
Renteinntekt	- 5 953	- 4 710	- 5 095	- 5 095	- 7 527	- 8 824	- 8 469	- 8 469
Renteinntekt - Husbanklån	- 2 986	- 2 988	- 5 652	- 5 652	- 8 350	- 9 788	- 9 394	- 9 394
Renteutgift	36 033	31 849	37 552	37 552	62 505	70 193	70 368	71 867
Renteutgift - Husbanklån	6 723	3 130	5 652	5 652	8 350	9 788	9 394	9 394
<b>Netto rentekostnad</b>	<b>33 817</b>	<b>27 281</b>	<b>32 457</b>	<b>32 457</b>	<b>54 978</b>	<b>61 369</b>	<b>61 899</b>	<b>63 398</b>

## Gevinst på plasserte midlar

Sunnfjord kommune har plassert 200 mill. kr med 65 % i rentefond og 35 % i aksjefond. Det er lagt til grunn ei årleg avkastning på 4,1 %.

Det er i eiga politisk sak om disponering av 110 mill. kroner frå KLP vedteke at midlane vert ståande i KLP og at vi disponerer årleg avkastning i drifta av Sunnfjord kommune.

Avkastninga vert tilbakeført aukane med 1/7 til kommunen kvar år.

Samla budsjettert gevinst på plasserte midlar utgjer 10 mill. kroner i 2023, aukande til 13 mill. kroner i 2026.

(tal i 1000 kr)	R 2020	R 2021	B 2022	RB 2022	ØP 2023	ØP 2024	ØP 2025	ØP 2026
Plasserte midlar	186500	200 000	200 000	204 100	212 468	221 179	230 248	239 688
Forventa avkastning %	6,1 %	7,2 %	4,1 %	4,1 %	4,1 %	4,1 %	4,1 %	4,1 %
Gevinst	- 11 412	- 13 500	- 8 200	- 8 368	- 8 711	- 9 068	- 9 440	- 9 827
Midlar frå KLP			110 000	110 000	110 000	110 000	110 000	110 000
Gevinst		- 4 398	- 644	- 644	- 1 289	- 1 933	- 2 577	- 3 221
<b>Sum gevinst</b>		<b>- 13 500</b>	<b>- 12 598</b>	<b>- 9 012</b>	<b>- 10 000</b>	<b>- 11 001</b>	<b>- 12 017</b>	<b>- 13 049</b>

## Utbytte

Utbytte på totalt 29,4 mill. kroner i 2022 er vidareført i planperioden. Storparten av utbytte kjem frå BKK (20,8 mill. kroner) og Sogn og Fjordane Holding 7,4 mill. kroner).





### 3.2.5 Effektiviserings- og innsparingstiltak

Alle tiltak er omtalt og vurdert i [sluttrapport frå prosjekt om større økonomisk handlingsrom i Sunnfjord kommune](#) Tiltaka summerer seg til 52,74 mill. kroner i 2024.

Det er i vedteken økonomiplan 2022-2025 gjort nokre forskyvingar på tidspunkt for fulleffekt av innsparingstiltak. Det er ikkje forslag om endringar i planen, men det er viktig å understreke risiko for å ikkje få effekt av tiltak.

Nr	Teneste	Tiltak	Ny økonomiplan 2023-2026			
			Budsjett 2022	ØP 2023	ØP 2024	ØP 2025
1	Barnehage	Seks barn per årsverk på avdeling	2,90	5,20	7,20	8,20
2	Skule	Plan for å vurdere skulestruktur	4,00	5,00	5,50	6,00
3	Barnehage	Plan for å vurdere barnehagestruktur	2,00	3,00	3,00	3,00
9	Kultur	Endre bibliotekstruktur, færre filialar.	0,20	0,44	0,44	0,44
		<b>Delsum oppvekst og kultur</b>	<b>13,10</b>	<b>17,64</b>	<b>20,14</b>	<b>21,64</b>
2	Omsorg	Bemanningscenter	2,10	2,10	2,10	2,10
3	Omsorg	Elektronisk medisineringsstøtte	2,10	2,10	2,10	2,10
4	Omsorg	Helsefremmende arbeidstidsordningar og redusere sjukefravær	2,00	2,00	2,00	2,00
5	Omsorg	Betre planlegging av helgevakter	1,00	1,00	1,00	1,00
8	Barnevern	Færre tiltak i barnevern ved betre tverrfagleg innsats	- 0,70	-	0,80	0,80
9	Omsorg	Redusert bruk av leiarressursar	0,80	0,80	0,80	0,80
15	Omsorg	Organisering av matombringning	0,25	0,40	0,40	0,40
		<b>Delsum helse, sosial og omsorg</b>	<b>13,55</b>	<b>14,40</b>	<b>15,20</b>	<b>15,20</b>
1	Adm	Redusere utgifter til politisk styring	-	-	0,80	0,80
3	Adm	Avvikle fritidsforsikring	0,18	0,19	0,20	0,20
4	Adm	Redusere bemanning administrasjon	5,53	5,83	6,33	6,33
16	Kirke	Redusere tilskot til kyrkja		0,80	1,32	1,32
17	Eiendom	ENØK-tiltak	1,00	1,50	1,50	1,50
19	Øvrige	Elektrifisering av bilparken	-	-	0,30	0,30
		<b>Delsum teknisk og administrasjon</b>	<b>11,76</b>	<b>13,37</b>	<b>15,50</b>	<b>15,50</b>
		<b>SUM INNSPARING</b>	<b>38,81</b>	<b>45,81</b>	<b>51,24</b>	<b>52,74</b>

I tillegg er det vedteke omstillingsprosess innan omsorg med mål om innsparing på 7,7 mill. kroner frå og med 2022, omstillingsprosess innan flyktingområde med mål om innsparing på 8 mill. kroner frå og med 2022 og vakanse i administrasjonen med mål om innsparing på 3 mill. kroner.

Fleire av innsparings- og omstillingstiltaka har usikkerheit i seg når det gjeld faktisk økonomisk måloppnåing.

### 3.3 Konsekvensjustert økonomiplan 2023 – 2026

Tabellen nedanfor oppsummerer økonomiske endringer i økonomiplanperioden ut frå føresetnadar i årsrekneskapen for 2021, budsjett 2022 og revidert budsjett 2022.

(tal i 1000 kr)					Ny økonomiplan			
	R 2020	R 2021	B 2022	RB 2022	ØP 2023	ØP 2024	ØP 2025	ØP 2026
Frie inntekter	- 1 396 829	- 1 501 439	- 1 488 564	- 1 521 300	- 1 521 682	- 1 526 553	- 1 526 409	- 1 531 409
Eigedomsskatt	- 73 477	- 81 227	- 81 700	- 81 700	- 83 429	- 83 429	- 83 429	- 83 429
Andre inntekter (samlepost)	- 647 029	- 630 054	- 458 317	- 460 600	- 469 584	- 470 671	- 470 374	- 470 374
<b>Sum driftsinntekter</b>	<b>- 2 117 335</b>	<b>- 2 212 720</b>	<b>- 2 028 581</b>	<b>- 2 063 600</b>	<b>- 2 074 695</b>	<b>- 2 080 653</b>	<b>- 2 080 212</b>	<b>- 2 085 212</b>
Driftsutgifter ekskl. avskrivning	1 977 623	2 033 383	1 967 437	1 969 720	1 969 719	1 969 766	1 969 732	1 969 720
Auka pris- og lønsvekst				22 000	22 000	22 000	22 000	22 000
Kostnad/inntektsbortfall Covid-19	27 549	37 617						
Vakante stillingar stab/støtte			- 3 000	- 3 000	- 3 000	- 3 000	- 3 000	- 3 000
Omstillingsprosess redusert flyktingtilskot			- 8 000	- 8 000	- 8 000	- 8 000	- 8 000	- 8 000
Omstillingsprosess omsorg			- 7 700	- 7 700	- 7 700	- 7 700	- 7 700	- 7 700
Innsparingstiltak			- 38 810	- 38 810	- 45 810	- 51 240	- 52 740	- 52 740
<b>Sum driftsutgifter</b>	<b>2 005 172</b>	<b>2 071 000</b>	<b>1 909 927</b>	<b>1 934 210</b>	<b>1 927 209</b>	<b>1 921 826</b>	<b>1 920 292</b>	<b>1 920 280</b>
Renteinntekter	- 9 068	- 7 871	- 10 877	- 10 877	- 15 877	- 18 612	- 17 863	- 17 863
Utbytte	- 18 080	- 23 149	- 29 423	- 29 423	- 29 423	- 29 423	- 29 423	- 29 423
Gevinst på plasserte midlar	- 11 412	- 13 501	- 12 598	- 12 598	- 10 000	- 11 001	- 12 017	- 13 049
Renteutgifter	42 756	31 849	43 205	43 205	70 854	79 982	79 763	81 261
Avdrag	94 661	96 003	96 873	97 400	97 400	101 500	101 500	101 500
<b>Netto driftsresultat</b>	<b>- 13 306</b>	<b>- 58 389</b>	<b>- 31 474</b>	<b>- 41 683</b>	<b>- 34 531</b>	<b>- 36 382</b>	<b>- 37 961</b>	<b>- 42 506</b>
Overføring til investering	53 827	38 922	36 502	36 502	39 559	41 410	42 989	44 954
Netto avsetning til bundne driftsfond	- 40 521	19 467	- 5 028	- 5 028	- 5 028	- 5 028	- 5 028	- 5 028
<b>SUM</b>	<b>- 0</b>	<b>-</b>	<b>-</b>	<b>- 10 209</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>2 580</b>

Tabellen oppsummerer at det ikkje er eit positiv handlingsrom til å prioritere nye driftstiltak før i 2026. Då er handlingsrommet 2,6 mill. kroner.

Endra føresetnadar i folketalsutvikling, busetting av flyktingar og renteutvikling kan medføre endringar i handlingsrommet i planperioden.

Kommunedirektøren tilrår derfor å utarbeide prioritering av nye driftstiltak dersom handlingsrommet oppstår i årsbudsjett 2023 eller ved revidering av økonomi- og handlingsplan neste år.

Samtidig er det viktig å understreke at vi må førebu oss på å løyse dei behova som kjem innanfor eksisterande driftsrammer.

## 4 Handlingsmål og behov i drift og investering for kvar sektor

Delkapittel 4.1 – 4.7 presenterer handlingsplan for kvar sektor, omtalar dei viktigaste utfordringane og presenterer behov for drifts- og investeringstiltak. Kapittel 5 oppsummerer prioriterte driftstiltak og kapittel 6 oppsummerer prioriterte driftstiltak.

### 4.1 Stab og støtte

#### 4.1.1 Handlingsplan for sektoren

Delmål 1: Vi skal skape det gode kvardagsliv for innbyggjarane våre			
Slik gjer vi det	4-årig målsetting i sektoren	Måleindikator	Ansvar /samarbeidspart
Vi er ein kommune som sikrar ei god integrering og norskopplæring for våre utanlandske borgarar, slik at desse kan vere ein ressurs både i arbeidsliv og kvardagsliv.	Sektoren skal tilby språkpraksis for minst tre kandidatar årleg.	Gjennomført språkpraksis	Stabseiningane
	Vi skal bidra til digital opplæring av brukarane våre	Tal deltakarar/ kurstilbod	Stabseiningane
Vi skal systematisere og integrere informasjon om berekraft i rapporteringsrutinar	Etablere klimabudsjett.	Klimarekneskap	Fagutvikling
	Innkjøpsreglement: klima og miljø som vurderingskriterie. Finansreglement: auke grønne plasseringar i lån, rente- og aksjefond.	Revidert innkjøpsreglement og rutine Andel plasseringar i grønne produkt	Kommuneadvokaten Rekneskap og løn
Vi prioriterer arbeidsmiljø, bemanning og kompetanseutvikling for å sikre god kvalitet i tenestene våre	Sektoren skal jobbe systematisk for redusert sjukefråvær	Statistikk over sjukefråvær	Stabseiningane
	Gjennomføre brukar- og medarbeidarundersøking, utvikle system for kompetanseplanar	Kvart 2. år	Service/ Personal

## Delmål 2: Vi utviklar Sunnfjord kommune som regionmotor på Vestlandet

Slik gjer vi det	4-årig målsetting i sektoren	Måleindikator	Ansvar /samarbeidspart
Vi er aktive med å ta i mot og tilby gode vilkår for lærlingar og studentar i praksis	Tilby praksisplassar for 3. års sjukepleiestudentar innan folkehelse	Tal praksisplassar	Fagutvikling i samarbeid med alle sektorane
	Tilby 2 trainee/ lære-plassar årleg i sektoren.	Tal plassar	Stabseiningane
Vi legg til rette for møteplassar som stimulerer til deltaking og offentleg debatt der mangfald, kreativitet, skaparkraft, møter på tvers av generasjonar og aktivitet er høgt verdsett.	Delta på fylkesdekkande arenaer t.d. DigiVestland og nettverk i regi av KS  Følgje opp digitaliseringsstrategi	Deltaking folkemøter, deltaking undersøkingar, høyringsinnspel til ulike planforslag,	Stabseiningane

### 4.1.1 Omtale av dei viktigaste utfordringane

- Framtidsretta og effektiv organisering av sentraladministrasjonen. Det skal leggest fram ei sak innan utgangen av 2022 med mål om reell innsparing og kapasitet til omstilling og utvikling.
- Fleire funksjonar/ oppgåver har behov for ressursar for å handtere lovkrav/ arbeidsmengde; kreftkoordinator, juristkompetanse, IKT, arkiv og koordinatorar for brukarar.
- Oppfølging av [nærings- og ringverknadsanalysen for vekstregionen Sunnfjord](#)

#### 4.1.2 Behov driftstiltak

Nr.	Tiltak - kva	Behov				Pri.
		2023	2024	2025	2026	
1	Handlingsplan digitaliseringsstrategi/ lisens M365	2 000	2 000	2 000	2 000	6
2	Lærlingar - delfinansiering (frå 1 til 2 lærlingar pr. 1000 innbyggjar)	500	1 000	1 500	2 000	11
3	Innkjøpsressurs (vedtak om å ikkje delta i innkjøpssamarbeid)	650	650	650	650	18
4	Kreftkoordinator – auke frå 50 % til 100 %	425	425	425	425	22
6	Jurist med kompetanse innan barnevern - delfinansiering	500	500	500	500	23
7	Depotleige nytt arkiv frå 2024		1 200	1 200	1 200	
8	Digitalisering av byggesaksarkiv Naustdal og Jølster	600	450	450		
9	Digitalisering av byggesaksarkiv Gaular	150				
10	Vaktordning SySIKT	300	300	300	300	
11	Controllerstilling 100 %	950	950	950	950	
12	Koordinator brukarar samansette behov 50 %	460	460	460	460	
13	Nærmiljøråd - trong for årlege tilskot til nærmiljøråda	600	600	700	700	
14	Nasjonalt fossesenter			1 500	1 500	
15	UNECO søknad om GEO-park - deltaking som partner	110	160	200	200	
16	Student i Førde - oppfølging av melding	200	300	300	400	
17	Sunnfjord utvikling om Grøn region Sunnfjord - oppfølging av nærings- og ringverksanalyse	1 000	1 000	1 000	500	
18	Betre mobildekning	1 000	1 000	1 000	1 000	
19	Auka tilskot til kyrkja jf. auka lønskostnad kyrkjevevje og adm	200	200	200	200	
20	Auka tilskot til kyrkja jf. utviding av Førde kyrkjekontor, auka husleige	100	100	100	100	
	<b>SUM tiltak</b>	<b>11 745</b>	<b>12 295</b>	<b>13 435</b>	<b>13 085</b>	

#### 4.1.3 Grunngeving av driftstiltak

##### Tiltak 1: Handlingsplan digitalisering/ lisens M365

Digitalisering av arbeidsprosessar, oppgraderingar og anbudsprosessar på fagsystem, vedlikehald av integrasjonar mellom fagsystem, nye fellesløyser, informasjonssikkerheit, auke i tal brukarar/ enheter og opplæring av tilsette krev kompetanse, ressursar og budsjett. Tiltaket omfattar og eigenandel DigiVestland.

##### Tiltak 2: Lærlingar - delfinansiering

Sunnfjord kommune har i dag ca. 37 lærlingar. For å nå KS si målsetting om 2 lærlingar pr. 1000 innbyggjar må det setjast av midlar til delfinansiering av ca. nye 8 lærlingar årleg. Det er behov for ein opptrappingsplan for å nå denne målsetjinga i planperioden.

##### Tiltak 3: Innkjøpsressurs

Formannskapet i Sunnfjord kommune vedtok at kommunen ikkje skal ta del i innkjøpssamarbeid i gamle Sogn og Fjordane med Kinn som vertskommune. Årleg kostnad ved deltaking i innkjøpssamarbeidet er 650.000 kroner. Pr. i dag er det eitt årsverk i arbeid med innkjøp i Sunnfjord kommune. Det er eit minimum for å vere i samsvar med lov om offentlege anskaffingar.

#### **Tiltak 4: Kreftkoordinator – auke frå 50 % til 100 %**

Førde kommune hadde 50 % stilling som kreftkoordinator. Denne vart ikkje auka då vi gjekk inn i Sunnfjord kommune, og koordinatoren skal no dekke eit større tal innbyggjarar samstundes som tal personar med kreftdiagnose aukar. Det er i dag for lite kapasitet til å møte alle behova. Helsedirektoratet har utvikla Pakkeforløp hjem for kreftpasientar for å sikre gode overgangar frå sjukehus til kommunal helse og omsorgsteneste:

<https://www.helsedirektoratet.no/pakkeforlop/hjem-for-pasienter-med-kreft>. I Sunnfjord kommune vil kreftkoordinator vere ein naturleg kontaktperson for samhandlingspunkt 2 og 3, men kommunen må ha eit system som sikrar at meldingar frå Helse Førde om kreftpasientar i pakkeforløpet vert registrert og fanga opp

#### **Tiltak 5: Jurist med kompetanse innan barnevern**

Sunnfjord kommune har pr. i dag ein kommuneadvokat i 100 % stilling. Arbeidsmengda er stor og det er foreslått å tilsette ein jurist med kompetanse innan barnevern, då stillinga delvis kan finansierast med budsjetterte kostnader til kjøp av juristkompetanse i barnevernet.

#### **Tiltak 6 Depotleige nytt arkiv frå 2024**

Sunnfjord kommune har vedteke å plassere eldre arkiv på i nytt depot på Leikanger gjennom Kommunearkivordninga. Bygget vil stå klart i 2024 og depotleige vil gjelde frå same tidspunkt.

#### **Tiltak 7/8: Digitalisering av byggesaksarkiv Naustdal, Jølster og Gaular**

Scanning og digital tilgjengeleggjing av 30 hyllemeter arkiv frå Jølster og 30 hyllemeter frå Naustdal. I tillegg er vi forplikta til å betale for ferdigstilling av byggesaksarkivet frå Gaular.

#### **Tiltak 9: Vaktordning SySIKT**

Det er stadig større forventning til oppetid på løysinga gjennom heile døgnet og i helgane. SySIKT er pr. i dag ikkje bemanna utover ordinær arbeidstid i kvardagane.

#### **Tiltak 10: Controllerstilling 100 %**

Stilling som controller har vore i drift sidan 2013, men vi har ikkje fått kostnaden inn i ramma for fagutvikling. For å kompensere for dette, så har vi lagt inn tilsvarende kostnad som inntekt med formål om å selje tenester til andre kommunar. Dette er i mindre grad realistisk no når vi er blitt ein større kommune, og vi har eigentleg ikkje kapasitet til å selje ressursar då vi treng dei sjølv i organisasjonen.

#### **Tiltak 11: Koordinator brukarar med samansette behov 50 %**

I takt med at det vert innført ulike pakkeforløp for ulike diagnosar, t.d. psykiatri, så er det auka forventningar til at kommunane skal stille med koordinator for desse personane. Vi har store vanskar med å finne koordinatorar og enkelte einingar har stor belastning knytt til koordinatoroppgåver i tillegg til anna drift. I koordinerande team ser vi eit auka behov for å ha eigne ressursar til å utføre desse oppgåvene.

#### **Tiltak 12: Nærmiljøråd – trong for årlege tilskot til nærmiljøråda**

Nærmiljøråda vart etablert som viktige samarbeidsråd i samband med etablering av Sunnfjord kommune. Vi har i dag nærmiljøråd i Bygstad, Sande, Viksdalen, Naustdal, Vassenden og på Skei. Det er viktig å sette av årleg tilskot til dei seks nærmiljøråda for å skape lokal utvikling, engasjement og attraktivitet i grendene. Midlane vil gå til konkrete tiltak lokalt, utarbeiding av planar for lokal utvikling, arrangement, møte og involvering. Midlane blir òg i stor grad nytta som eigendeler i søknader om andre tilskotsordningar for ulike former for nærmiljøtiltak. Det er ikkje uvanleg at midlane løyser ut 10-gongen av det som kommunen løyver. Døme på tiltak er leikeplassar, oppbygging av parkar, badeanlegg, 17-mai arrangement, belysning, friluftstiltak og idrettsanlegg. Samstundes er nærmiljøråda



ein viktig lokaldemokratiske arena. Eit årleg tilskot på 600 000 kroner vil gi 100 000 til kvart nærmiljøråd.

### **Tiltak 13: Nasjonalt fossesenter**

Sjå omtale tiltak 7 i kapittel 4.1.5 Grunngeving av investeringstiltak

### **Tiltak 14: UNESCO søknad om GEO-park – deltaking som partner**

Fjordkysten regional- og GEO park ligg lengst vest i Norge og femner om kommunane Solund, Askvoll, Hyllestad og Fjaler. I tillegg ligg deler av parken i kommunane Høyanger og Sunnfjord (tidlegare Gaular kommune). Fjordkysten regional- og GEO-park har som målsetting å presentere unike geologiske, kulturelle og historiske lokalitetar på ulike nivå rundt om i landskapet. Parken er nyleg teken opp i nettverket av Norske GEO-parker. Målet er å bli en UNESCO global GEO-park innan 2025. Ein søknad om UNESCO-status legg særleg til grunn den internasjonalt betydingsfulle geologiske arven som ein finn i GEO-parken sitt område.

Sunnfjord kommune si deltaking er basert på partnerskap prosjektet har hatt med tidlegare Gaular kommune. Men det blir vurdert å utvide grensene slik at parken vil kunne femne om området frå kysten til E39 i aust og nord til Førdefjorden.

### **Tiltak 15: Student i Førde – oppfølging av melding**

Sunnfjord kommune har lenge vore vertskommune for høgare utdanning, men har ikkje ein uttalt politikk for vertskapsrolla. Dette blir no gjort gjennom ei eiga studentmelding.

Studentmeldinga har som mål å gjere Førde til ein attraktiv studentby med kvalitetar og tilbod som gjer at studentane trivst og blir ein synleg del av lokalsamfunnet. Dette handlar om incentivordning, bybuss, utlån av sykklar, studentjobb, sentral møtestad for studentane i sentrum, bruk av kultur- og idrettstilbod, og gode helse- og sosiale tenester tilpassa studentane. Med studentar tenker vi primært på Høgskulen på Vestlandet og Fagskulen på Vestlandet, avdeling Førde. Men det er òg mange praksisstudentar i Sunnfjord, spesielt på sentralsjukehuset. I tillegg er meldinga relevant for elevane i vidaregåande skule i Førde.

### **Tiltak 16: Sunnfjord Utvikling om Grøn region Sunnfjord – oppfølging av nærings- og ringverksanalyse**

Sunnfjord Utvikling (SU) har høg aktivitet og samarbeider tett med næringslivet og andre samfunnsutviklingsaktørar i kommunen og regionen. Den nye rapporten om Vekstregionen Sunnfjord byggjer på eit breitt kjeldemateriale av intervju i næringsliv og institusjonar. Rapporten gjev Sunnfjord Utvikling gode skussmål og er tilfreds med måten SU tek rolla som utviklingsaktør ved at ein er proaktive i å ta tak i saker som kan bidra til vekst og utvikling. Rapporten gjev også ei klar tilråding på kva område vi må løfte oss for å sikre ei positiv utvikling for Sunnfjord kommune i framtida. Å stimulere til samarbeid og skaparkraft blir peika på som hovudmål. Her er det særleg tre satsingar som vert løfta fram som viktige å ta tak i: satsing på kveldsøkonomi og attraktivitet, regionalt samarbeid og grøn næringsutvikling. Det er lagt ved eit eige notat frå Sunnfjord Utvikling om tiltaket.

### **Tiltak 17: Betre mobildekning**

Kommunen vil i løpet av 2021 inngå utbyggingsavtaler som gjer til at vi har tilfredsstillande breibandsdekning i heile kommunen når avtalene er ferdig utbygd i 2022/ 2023. Det er lagt fram eiga politisk sak i 2021 om tiltak og prioritering av betre mobildekning i Sunnfjord kommune. Økonomisk bidrag frå Sunnfjord kommune er ikkje avklart og det må derfor leggst fram politisk sak om ev. finansiering.

### **Tiltak 18/19: Tilskot til kyrkja**

Auka lønnskostnad ved tilsetting av ny kyrkjevevjerje og anna administrativ stilling utgjer auka årleg kostnad på 200 000 kroner. Kostnad til utvida areal Førde kyrkjekontor utgjer 100 000 kroner årleg.



#### 4.1.4 Behov investeringstiltak

Nr.	Tiltak - kva	Behov				Pri.
		2023	2024	2025	2026	
1	Førdepakken - kommunal del	28 000	23 379			Ja
1	Førdepakken - anleggsbidrag utbyggingsavtale	- 2 500				Ja
2	Eigenkapitalinnskot - KLP	4 700	4 800	4 900	5 000	Ja
3	IKT-investeringar (møteromsutstyr, datasenter, felleskost.)	1 000	1 000	1 000	1 000	Ja
4	Sunnfjord kyrkjelege fellesråd (eiga oversikt)	7 786	6 840	2 900	1 870	Delvis
5	Kommunalt bidrag i byrom/parkar i Førde	1 000	1 000	1 000	1 000	Nei
6	Nasjonalt turistveg - toalettanlegg ved Likholefossen	1 500	1 500			Nei
7	Nasjonalt fossesenter			5 000	5 000	Nei
8	Kommunehus	500	500			Nei
9	Sunnfjord Næringspark K2-K4	20 000	40 000	40 000	20 000	Ja
9	Sal av tomter Sunnfjord næringspark	-20 000	-40 000	-40 000	-20 000	Ja
10	Parkeringsordning					
	<b>SUM</b>	<b>40 226</b>	<b>27 990</b>	<b>14 800</b>	<b>13 870</b>	

#### 4.1.5 Grunngeving av investeringstiltak

##### Tiltak 1 Førdepakken – kommunal del

Tidlegare Førde kommune, no Sunnfjord kommune, har forplikta seg til å bidra med 150 mill. kroner til finansiering av Førdepakken. Fylkeskommunen og staten går inn med tilsvarande beløp. Årleg beløp er fordelt over åra 2018-2023. Beløpet skal indeksregulerast. Oppdaterte berekningar viser eit bidrag på 191,8 mill. kroner frå kvar av partane. Til no er det løyvd 151,5 mill. kroner. Resterande løyving er lagt inn i 2023 og 2024. .

##### Tiltak 2 Eigenkapitalinnskot – KLP

KLP er eigd av kommunane og vi må derfor årleg bidra med eigenkapitalinnskot tilsvarande veksten i KLP. Eigenkapitalinnskotet kan ikkje lånefinansierast.

##### Tiltak 4 Sunnfjord kyrkjelege fellesråd (eiga oversikt)

Behov for investeringar i kyrkjebygg, gravplassar, parkeringsplass, garasjar, ny gravemaskin, hjortegjerde og ekstra orgelstemme m.m. Fullstendig omtale av innspel frå Sunnfjord kyrkjelege fellesråd følgjer som vedlegg.



### **Tiltak 5 Kommunalt bidrag i byrom/parkar i Førde**

Det er behov for kommunalt bidrag inn i byrom/parkar i Førde t.d. ved Langebruvegen, ved Elvekanten, Indre Øyrane for å få etablert gode løysingar.

### **Tiltak 6 Nasjonal turistveg – toalettanlegg ved Likholefossen**

Grunna kaotisk parkering og manglande toalettforhold ved Likholefossen i Gaular, er det naudsynt å få på plass eit eige toalett- og servicebygg her. Nasjonale turistvegar ser utfordringane og vil vere med å realisere ei slik løysing i eit samarbeid med Vestland fylkeskommune og Sunnfjord kommune, gjerne supplert med rasteplassfunksjon, ved Likholefossen. Men det føreset at Sunnfjord kommune tar ansvar for å sikre VA anlegget. Kostnad for VA-anlegg vil ligge på om lag 3 million kroner. I eiga sak i desember 2021 til utval for samfunn, kultur og næring, vart det òg vedteke at det er ønskeleg å arbeide vidare med å formidle vassvegane, landskapet og «fosselandet» i ein større reiselivssamanheng og at eit toalettbygg må planleggast som ein del av eit framtidig Fossesenter, slik at desse ikkje kjem i konflikt. I saka vert det òg argumentert for verdien av arbeide vidare med å formidle informasjon om vassvegane, landskapet og «fosselandet» og sjå dette i ein større reiselivssamanheng. For Nasjonal turistveg er det primært aktuelt å gå inn med midlar til toalettanlegg.

### **Tiltak 7 Nasjonalt fossesenter**

Det blir utarbeidd ei eiga sak til formannskapet om utvikling av Fossesenter i Gaular. Det har vore arbeidd fleire år med eit «Fossesenteret i Gaular» eller «Nasjonalt senter for verna vassdrag - Senter for formidling av kunnskap om vatn internasjonalt». Senteret er tenkt å vere eit knutepunkt for forskning på vassdrag og vatn, næringsutvikling i verna vassdrag, og ein stad for undervisning. Arbeidet med eit fossesenter har vore leia av ei arbeidsgruppe i Gaular og det er utarbeidd fleire skisser til eit slikt senter, både med omsyn til plassering og innhald. I skissene frå 2018 vart eit slikt senter kostnadsrekna til 37 million kroner. Her vart det lagt inn som premiss ei statleg løyving på 20 million kroner og ei kommunal løyving på 7 million kroner. Resten er tenkt finanisert gjennom ulike eksterne partar m.a. i tett samarbeid fleire forskings- og utviklingsinstitusjonar. Staten har så langt ikkje løyvd midlar til dette. Alt etter storleiken på eit slikt senter, er det likevel naturleg å tenke seg at eit visnings- og besøkssenter slik det er tenkt tidlegare, vil ha ei noko høgare investeringskostnad i dag. Om ein tek utgangspunkt i eit senter til mellom 50 og 60 million kroner, slik som t.d. for Sagastad på Nordfjordeid, så er det rimeleg å tenke seg at den kommunale eigendel vil vere minst 10 million kroner, truleg meir. I tillegg kjem drift av eit slikt senter.

Eit alternativ kan vere ei gradvis utebasert utvikling av området rundt Likholefossen. Det må eventuelt utgreiast nærmare, helst i nært samarbeid med Nasjonal turistveg.

### **Tiltak 8 Kommunehus**

Det vert lagt fram eiga sak om status og framtidig bruk av kommunehusa på Skei, Sande og i Naustdal. Det er behov for noko ombygging for å tilpasse bygga til nye bruksområde.

### **Tiltak 9 Sunnfjord Næringspark – K2-K4**

Samla kostnad for opparbeiding av næringsareal med infrastruktur som veg, vatn og avløp er berekna til 200 mill. kroner. Det er til no løyvd 80 mill. kroner. Det står derfor att løyving på 120 mill. kroner. Framdrifta legg opp til ferdigstilling i 2025/ 2026. Basert på dei prisar som er framforhandla ved sal av tomteareal i K1 er det realistisk å legge til grunn salsinntekter tilsvarande 200 mill. kroner.

### **Tiltak 10 Parkeringsordning**

Det er ikkje kostnadsberekna kva evt. etablering av parkeringsordning i Førde sentrum vil koste. Over tid er det lagt til grunn at inntekter og gebyr skal finansiere kostnadane, men det kan vere aktuelt at kommunen forskotterer midlar ved oppstart av parkeringsordning. Det vert lagt fram eiga politisk sak.



## 4.2 Skule

### 4.2.1 Handlingsplan for sektoren

Delmål 1: Vi skal skape det gode kvardagsliv for innbyggjarane våre			
Slik gjer vi det	4-årig målsetting i sektoren	Måleindikator	Ansvar /samarbeidspart
Vi er ein kommune som sikrar ei god integrering og norskopplæring for våre utanlandske borgarar, slik at desse kan vere ein ressurs både i arbeidsliv og kvardagsliv.	<p>Sektoren skal kvart år tilby 5 utanlandske borgarar språkpraksis.</p> <p>Sektoren skal ha utarbeidd rutinar for å integrere utanlandske borgarar som foreldre i skulen. Deltaking i foreldremøte og andre sosiale samanhengar i regi av skulen.</p> <p>Sektoren skal legge til rette for hurtigsporet og opplæring i bedrift slik at sysselsetting av innvandrarar aukar frå 61,6% i 2020 til 63% i 2025</p>	<p>Rapportering frå einingane på tal språkplassar.</p> <p>Registrere at skulen sine rutinar er lagt inn i rettesnora</p> <p>IMDI statestikk om sysselsettinndrandrarar i kommunane.</p>	<p>Vaksenopplæring og Integrering</p> <p>Foreldre, FAU og skulemiljøutval.</p> <p>Bedrifter og andre sektorar i kommunen.</p>
Vi skal systematisere og integrere informasjon om berekraft	<p>Berekraft skal vere ein integrert del av undervisninga, og vere synleg i skulen sine planar.</p> <p>Skulane skal årleg gjennomføre eit tverrfagleg undervisnings-opplegg forankra lokalt i Sunnfjord kommune.</p>	<p>Elevundersøking om djupare læring skal auke frå 4,6 til 5,0 på spørsmålet om berekraft</p> <p>Lærarundersøking om djupare læring skal auke frå 4,12 til 5,0 på spørsmålet om tverrfagleg arbeid.</p>	<p>Samarbeid med lokale bedrifter i kommunen.</p> <p>Samarbeid med HVL</p>
Vi prioriterer arbeidsmiljø, bemanning og kompetanseutvikling for å sikre god kvalitet i tenestene våre	<p>Sektoren skal redusere sjukefråværet til 5% innan 2026.</p> <p>Sektoren skal innan 5 år ha ei forsvarleg vikarordning for vikarar i skulen. ‘</p> <p>Sektoren skal redusere bruk av ufaglærte lærarar med 2 prosent</p>	<p>Statestikk over sjukefråværet</p> <p>Om det er på plass ei forsvarleg vikarordning</p> <p>GSI statestikk</p>	<p>NAV</p> <p>Bedriftshelsetenesta</p> <p>Bamanningssenteret</p>

## Delmål 2: Vi utviklar Sunnfjord kommune som regionmotor på Vestlandet

Slik gjer vi det	4-årig målsetting i sektoren	Måleindikator	Ansvar /samarbeidspart
Vi er aktive med å ta i mot og tilby gode vilkår for lærlingar og studentar i praksis	<p>Sektoren skal halde fram med å ta i mot studentar frå HVL og auke talet på øvingsskular frå 3 til 4</p> <p>Utarbeidde ein plan for sosiale arrangement og oppfølging av studentar i praksis. Bli kjent med Sunnfjord kommune</p> <p>Sektoren skal årleg tilby 5 lærlingar plass</p>	<p>HVL si oppnemning av øvingsskular</p> <p>At plan er utarbeidd</p> <p>Registrerte lærlinge plassar i sektoren.</p>	<p>Utvida samarbeidet med HVL</p> <p>Samarbeid med opplæringskontora og vidaregåande opplæring</p> <p>Samarbeid med SysIKT om IKT lærling</p>
Vi legg til rette for møteplassar som stimulerer til deltaking og offentlig debatt der mangfald, kreativitet, skaparkraft, møter på tvers av generasjonar og aktivitet er høgt verdsett.	Sektoren skal årleg lage møteplassar i skulen med tema som skapar debatt. Invitere elevar og ulike generasjonar	Rapportere årleg i skulen sin kvalitetsrapport	FAU

### 4.2.1 Omtale av dei viktigaste utfordringane

- Elevtalet i grunnskulen blir redusert i perioden. Samstundes aukar ikkje det økonomiske handlingsromet, på grunn av stabile klassetal og få elevar per eining samanlikna med KOSTRA gruppe 9 og landet utanom Oslo.
- Det er innarbeidd gode digitale løysingar i grunnskulen og alle elevar har fått si digitale eining. For at vi kvaliteten skal oppretthaldast må det årleg skiftast ut maskiner på to trinn. Levetida for ei berbar maskin er på ca. 5 år. Lisensar på digitale løysingar og nettressursar har ein høg kostnad som ikkje kan dekkast innanfor eksisterande driftsmidlar.
- PPT må styrkast for å kunne arbeidde systemisk og bygge kompetanse i sektoren. Kompetanseløftet føreset at kommunane har kompetanse på viktige område som tidlegare var lokalisert til stat.ped. PPT er ein viktig faktor i arbeidet med å redusere bruken av spesialundervisning. PPT har framleis ikkje kapasitet til å redusere tilstrekkelig innanfor lovkravet for utgreiing av elevar. Det er ikkje kapasitet til å følgje opp vaksne som har behov for spesialundervisning i vaksenopplæringa.

- Tilpassa opplæring skal redusere bruken av spesialundervisning. Statlege føringar og tiltak legg press på kommunane for å arbeide målretta med tiltak. Sunnfjord kommune har vedteke eit prinsippdokument som legg føringar på skulane sitt arbeid med å redusere spesialundervisning. Statsforvaltaren sitt tilsyn med Sunnfjord kommune i 2021 og KOSTRA tala, viser at Sunnfjord kommune har for mange elevar som får spesialundervisning.
- Det er lovfesta krav om leirskule/skuletur for alle elevar i grunnskulen. Tilbodet skal vere på minimum 3 overnattingar. Skulane har ikkje midlar i sine budsjett til å oppfylle kravet om leirskule. Midlane ligg i rammeoverføringane etter endringar frå tilskots ordningar til kommunane. Midlane i rammeoverføringane er ikkje lagt ut i sektoren.
- Det er brukarar som kjem inn i skulen, som vil ha behov for stor ressursinnsats gjennom skuleløpet. Elevane har ein lovfesta rett til anna kompetanse enn det som elles finst i skulen. Det er ikkje midlar til å dekke kostnadane innanfor skulen sine rammer utan å redusere anna undervisning.
- Skulane gir tilbakemelding på at andelen elevar med større vanskar, særleg åtferdsvanskar er aukande. Desse har behov for oppfølging av fagarbeidarar og assistentar i friminutt og timar. Å koordinere timar mellom elevar er utfordrande i slike saker. Det manglar ca. 50 assistent-timar for å dekke behovet.
- Det er lite mobbing i Sunnfjord skulen, men det er eit krevjande arbeid som ligg bak tala. God oppfølging av paragraf 9a saker er krevjande og krev ressursar til leiing og oppfølging av elevar som ikkje har eit trygt og godt skulemiljø. Skulane har behov for å styrke leiingsressursen slik at det er tilstrekkeleg med ressursar til utgreiing og oppfølging av saker.
- Rekruttering av lærarar er ei aukande utfordring og vi får ikkje tilstrekkelig med søknadar til ledige stillingar. Vi manglar kompetanse innanfor einskilde fag og i 2021 vart 6,9 prosent av undervisninga gjennomført med ufaglærte lærarar i fag.

#### 4.2.2 Behov driftstiltak

Nr.	Tiltak - kva	Behov				Pri.
		2023	2024	2025	2026	
1	Vedlikehald og fornying av datamaskiner og digitale læremiddel/lisensar	2 000	3 500	4 000	5 000	2
2	To nye fagstillingar i PPT-kompetanseteam	2 000	2 000	2 000	2 000	
3	Leirskule, lovfesta tiltak	500	500	500	500	16
4	Auke i tal timar til tilpassa opplæring 40 t/v	2 000	2 000	2 000	2 000	8
5	Auka tal elevar med behov for spesial kompetanse	1 500	1 500	1 500	1 500	23
	<b>SUM tiltak</b>	<b>8 000</b>	<b>9 500</b>	<b>10 000</b>	<b>11 000</b>	

### 4.2.3 Grunngeving av driftstiltak

#### **Tiltak 1: Vedlikehald. Lisensar og fornying datamaskiner**

I Sunnfjord kommune er det investert i utstyr til alle elevane. Desse må vedlikehaldast og fornyast minimum kvart 5 år. Digitale læringsressursar har årlege utgifter til lisensar og skulane har ikkje midlar til å dekke lisenskostnadar innanfor budsjettet. Skal Sunnfjord kommune over tid oppretthalde kvalitet på det digitale tilbodet til elevane, må det vere tilgjengelege driftsmidlar til vedlikehald og fornying av maskiner. Ei utskifting etter 5 år vil koste 4,5 mill. årleg frå 2025.

#### **Tiltak 2: To nye fagstillingar i PPT**

Skulen skal arbeide for å redusere spesialundervisning og auke bruken av tilpassa opplæring. Stat.ped skal byggast ned og kommunane må sjølv bygge opp kompetanse på t.d. syn, høyrsel og samansette vanskar. PPT har i dag venteliste på utgreiing av barn, og dei skal i tillegg utgreie vaksne brukarar. I arbeidet med å redusere bruken av spesialundervisning er PPT sitt systemiske arbeid avgjerande for å lukkast. PPT må bygge kompetanse ute på skulane. For å redusere ventelistene og frigjere tid til systemisk arbeid, er det prioritert to nye fagstillingar i PPT.

Kompetanseteamet i PPT må ha kapasitet til å arbeide likeverdig med førebygging og oppfølging av barnehagane i Sunnfjord kommune. Kompetanseteamet må styrkast med ei stilling og det er prioritert inn 1 mill. kroner årleg i førre økonomiplan og i årsbudsjett 2022.

#### **Tiltak 3 : Lovfesta krav om leirskule**

Opplæringslova stiller krav til kommunane om å gi elevane tilbod om leirskule/skuletur med minimum 3 overnattingar. Skulane har ikkje midlar i sine budsjett til å oppfylle kravet i lova. Tidlegare fekk skulane støtte frå Statsforvaltaren etter tal elevar som fekk tilbod om leirskule. Lova vart endra og skulane skal tilby elevar 3 overnattingar på leirskule. Samstundes med lovendringa, vart midlane lagt inn i rammeoverføringa til kommunen. Desse midlane er ikkje prioritert lagt inn i skulane sine driftsbudsjett

#### **Tiltak 4: Auke tal timar til tilpassa opplæring 40 t/v**

Sunnfjord kommune har for mange elevar som får spesialundervisning. Å snu ei slik utvikling er krevjande og for ein periode vil det vere behov for å auke timetalet til tilpassa opplæring. Målet er å redusere behovet for spesialundervisning med systemisk arbeid og god kompetanse i skulen. Det er difor prioritert å auke timetalet til tilpassa opplæring med 40 veketimar (to stillingar)

#### **Tiltak 5: Nye elevar med særskilte behov**

Nye elevar som krev ein anna lovfesta kompetanse enn det skulen kan tilby innanfor sine økonomiske rammer. For at desse elevane skal få oppfylt sine behov, må det omdisponerast ressursar frå ordinær undervisning. Det er lagt inn 1,5 mill. årleg i perioden, for at elevane skal få oppfylt sine behov utan at det samla tilbodet i skulen må reduserast.

#### 4.2.4 Behov investering

Nr.	Tiltak - kva	Behov				Pri.
		2023	2024	2025	2026	
1	Uteområde ved skular	3 500	3 500	3 500	3 500	Ja
2	Delfinansiering av uteområde ved spelemidlar	- 750	- 750			Ja
3	Sande skule	11 500	33 450	65 050	70 000	Delvis
5	Fornyng av lærebøker i samband med LK20	3 000	500	500		Delvis
6	Oppgradering Førde barneskule			15 000	15 000	Ja
7	Vedlikehald Skei skule				5 000	Nei
8	Solskjerming Flatene/Vassenden		500	500		Nei
9	Digitale tavler	1 000	1 000	1 000	1 000	Nei
	<b>SUM</b>	<b>18 250</b>	<b>38 200</b>	<b>84 800</b>	<b>93 750</b>	

#### 4.2.5 Grunngeving av investeringstiltak

##### Uteområde ved skular

Det er tre skular som har behov for å utbetre uteområdet. Det låg ikkje inne midlar til uteområdet når Sunde skule vart utbygd. Skulen manglar utstyr for at elevane skal få eit tilfredsstillande uteområde. Vassenden skule sitt uteområde har manglar, etter at hallen vart bygd. Når Vassenden skule vart lokalisert i to bygg, vart ikkje uteområdet ved ungdomsskulen utbetra. Det pågår arbeid med justering av utomhusplanen for barneskulen for mellom anna å tilpasse planen etter utbygging av hallen samt legge til rette for ei pumprack bane. Det er og starta arbeid med tilsvarande utomhusplan for ungdomsskulen.

Skei skule har fått redusert uteområdet på grunn av utbygging av hallen. Dei har ikkje tilgang på utstyr og området har generelt behov for rehabilitering. Tryggleiken til elevane er påverka om vinteren, fordi det rasar store mengder snø frå hallen og ned på skuleplassen. Det pågår no arbeid med justering av utomhusplanen ved barneskulen samt utarbeiding av planar og entreprisegrnlag for opparbeiding av sikringstiltak og tiltaka i utomhusplanen, jamfør sak KST 009/22. Planane dannar mellom anna grunnlag for vidare prioriteringane i økonomiplanen. Midlane blir lagt inn som ein felles sum, slik at handlingsrommet blir større for å vurdere tidspunkt for å starte arbeidet ved dei ulike skulane. Uteområda vil delvis vere finansiert av spelemidlar.

##### Delfinansiering av uteområde ved spelemidlar

Gjennom å innarbeide tiltak som utløyser spelemidlar, kan uteområda ved skulane delfinansierast gjennom ordninga. Det er lagt inn ein føresetnad om at planane blir utarbeidd med tiltak som utløyser spelemidlar tilsvarande 750 000 per år.

##### Sande skule

Det er utarbeidd eit romprogram som er dimensjonert for ein skule med 15 klassar og 300 elevar. I tillegg er det lagt vekt på prinsippa for skulebygg som er nedfelt i plan for framtidig bruk av skulane i Sunnfjord kommunen. Ein ny skule må ta høgde for at behova dei neste 30-50 åra kan bli endra og at nye arbeidsformer føreset eit fleksibelt skulebygg som legg til rette for ulike aktivitetar.

Romprogrammet har teke utgangspunkt i desse føresetnadane, men er likevel lagt på eit realistisk nivå når det gjeld bruk av kvadratmeter. Romprogrammet følgjer anbefalte

standardar og er tilpassa dei nye behov ein moderne skule skal støtte. Kostnaden er kalkulert til 180 mill. kroner. Det er ligg inne ei ramme i økonomiplanen på 125. mill.

### **Fornyng av lærebøker i samband med LK20**

Fagfornyng og nye læreplanar (LK20) inneber ei omfattande endring. I tillegg til digitale løysingar er det eit stort behov for å skifte ut lærebøker. Kommunen får støtte frå Utdanningsdirektoratet til innkjøp og fornyng av læremiddel. Det er lagt inn til saman 1,5 mill. kroner i økonomiplan-perioden.

### **Oppgradering Førde barneskule**

Det er utarbeidd ein rapport for Førde barneskule som konkluderer med at det er behov for å investere 80 mill. kroner inkl. mva. 23 mill. bør nyttast innan 1 – 5 år. I samband med plan for framtidig bruk av skulane i Sunnfjord kommune, skal det utgreiast ei ev. flytting av Førde barneskule frå 2024. Før utgreiinga er gjennomført, er det ikkje lagt inn midlar i økonomiplanen. Det er lagt inn 15 mill. kroner inkl. mva frå 2025. Uavhengig av konklusjon vil det vere behov for å nytte midlar inn mot Førde barneskule. Om skulen blir flytta til noverande Førde ungdomsskule, vil det vere behov for utbygging og tilpassingar.

### **Vedlikehald Skei skule**

Det er manglar ved ventilasjonsanlegg og eit stor behov for vedlikehald og oppgradering av bygg.

### **Solskjerming Flatene/Vassenden**

Flatene skule og Vassenden skule manglar naudsynt solskjerming, som fører til at det vert høg temperatur i fleire klasserom.

### **Digitale tavler**

Digitale tavler er eit godt verktøy for interaktiv undervisning. I Sunnfjordskulen er det ikkje digitale tavler i alle klasserom og kvaliteten på dei som finst er varierende. Nokre av tavlene er gamle og det er behov for å fornye desse.

## 4.3 Barnehage

### 4.3.1 Handlingsplan for sektoren

<b>Delmål 1: Vi skal skape det gode kvardagsliv for innbyggjarane våre</b>			
<b>Slik gjer vi det</b>	<b>4-årig målsetting i sektoren</b>	<b>Måleindikator</b>	<b>Ansvar /samarbeidspart</b>
Vi er ein kommune som sikrar ei god integrering og norskopplæring for våre utanlandske borgarar, slik at desse kan vere ein ressurs både i arbeidsliv og kvardagsliv.	Sektoren skal tilby 2 utanlandske borgarar språkpraksis årleg.  Sektoren skal utarbeide rutinar for å integrere utanlandske borgarar som foreldre i barnehagen. Legge til rette for deltaking i foreldremøte, og sosiale samankomstar i regi av barnehagen.	Rapportering frå einingane.  Utarbeidde rutinar skal ligge i rettesnora	Vaksenopplæring og integrering  Foreldre. Barnehagen sitt samarbeidsutval (SU)
Vi skal systematisere og integrere informasjon om berekraft	Berekraft skal vere ein integrert del av det pedagogiske arbeidet i barnehagen.	Arbeidet skal kome til syne i barnehagen sin dokumentasjon, og i barnehagen sine planar	Den einskilde barnehage.  Samarbeid med lokale aktørar i kommunen
Vi prioriterer arbeidsmiljø, bemanning og kompetanseutvikling for å sikre god kvalitet i tenestene våre	Sjukefråværet i den einskilde barnehage skal reduserast med 5%  Sektoren skal gjennomføre medarbeidarundersøking  Sektoren skal gjennomføre brukarundersøking  Sektoren skal utarbeide kompetanseplanar, samt oppmode tilsette om å ta vidareutdanning for å sikre auka fagkompeanse i barnehagen.  Sektoren skal i perioden sikre ei forsvarleg vikarordning.	Statestikk over sjukefråvær.  Rapport etter medarbeidarundersøking  Rapport etter brukarundersøking	NAV  UDIR si brukarundersøking





## Delmål 2: Vi utviklar Sunnfjord kommune som regionmotor på Vestlandet

Slik gjer vi det	4-årig målsetting i sektoren	Måleindikator	Ansvar /samarbeidspart
Vi er aktive med å ta i mot og tilby gode vilkår for lærlingar og studentar i praksis	Sektoren skal halde fram med å ta imot studentar frå HVL	HVL si godkjenning av praksis-barnehagar.	Samarbeid med HVL
	Sektoren skal kvart år tilby 5 lærlingeplassar	Registrerte lærlingeplassar i barnehagen	Samarbeid med vidaregåande skular, og opplæringskontora
Vi legg til rette for møteplassar som stimulerer til deltaking og offentleg debatt der mangfald, kreativitet, skaparkraft, møter på tvers av generasjonar og aktivitet er høgt verdsett.	Samhandling barnehage – skule	Vere synleggjort i barnehagane sine planar	Samarbeidsutvalet i den einskilde barnehage
	Sektoren skal etablere samarbeid barnehage – omsorg		Skule og omsorg
	Barnehagane skal engasjere seg i ulike treffpunkt på tvers av sektor og generasjon		Skule og omsorg

### 4.3.1 Omtale av dei viktigaste utfordringane

- Barnehagane i Sunnfjord kommune skal vere fagleg sterke barnehagar med høg kvalitet, med eit likeverdig pedagogisk tilbod, samt gje eit godt leike- og læringsmiljø med berekraftig økonomi.  
Sunnfjord kommune drifrar 18 barnehagar i ulike storleikar. Det er barnehagar frå ei avdeling til 7 avdelingar i kommunal regi. Dei minste barnehagane som Karstad, Vevring og Viksdalen drifrar per i dag barnehagar som er under ei avdeling. Desse barnehagane er dyre å drifte fordi det er vanskeleg å ha effektiv drift samtidig som ein skal ta i vare tryggleik gjennom å ha nok vaksne i heile opningstida og ha eit godt barnehagetilbod. Fleire andre barnehagar drifrar avdelingar som ikkje er fulle og fører til mindre effektiv drift.

Sunnfjord kommune har 8 private barnehagar i tillegg til eiga drift. Kommunen kan ikkje påverke drifta i private barnehagar på lik linje med egne barnehagar. Oppdraget til kommunen er å godkjenne private barnehagar, gje tilskot til godkjente private barnehagar og sjå til at barnehagen driv barnehage innanfor regelverket.

- Kompetanseteamet i Sunnfjord kommune er eit lågterskeltilbod til barn i barnehagesektoren. Målet er at teamet skal kome tidleg inn med tiltak for at barn ikkje skal trenge spesialpedagogisk hjelp. I dag er teamet bemanna med 3 årsverk, to spesialpedagogar og ein migrasjonspedagog. Storleiken på teamet tilsvarar det Førde kommune hadde før kommunesamanslåinga og har i dag kapasitet til å dekke behova i dei kommunale og private barnehagane som tilhørde tidlegare Førde

kommune, det vil sei 15 barnehagar. Slik teamet er organisert i dag har ikkje kommunen kapasitet til å gje eit likeverdig tilbod til alle dei 26 barnehagane i Sunnfjord kommune. Konsekvensen av at kompetanseteamet er så lågt bemanna er at spesialpedagogane frå august 2021 utelukkande har rettleia på tiltak til barn som har ei gjeldande sakkunnig vurdering. Det betyr at kompetanseteamet ikkje kjem til å ha dagar ute i barnehagane der ein drøftar tiltak tidleg. PPT må midlertidig legge ned den tidlege hjelpa fram til ein får auke i bemanning.

Målet med å ha eit kompetanseteam er å styrke tidleg innsats og nytte lågterskeltilbod framfor å ha mange barn med spesialpedagogisk hjelp. Om ein skal oppretthalde teamet i den forma det er i dag vil det vere bruk for meir ressursar for å gje eit likeverdig tilbod til alle barna i heile kommunen.

- Spes.ped/styrking - Sunnfjord kommune pliktar å gje midlar til spesialpedagogisk hjelp til barn med særskilde behov, etter § 31 og § 37 i barnehagelova. Sektoren kjenner til dei barna som går i barnehagen i dag og som har rett til spesialpedagogisk hjelp. Samstundes ser vi ein auke i sakkunnige uttaler. I tillegg kan det kome til nye barn med særskilde behov gjennom året.
- Tilskot til private barnehagar - Kommunen pliktar å gje private barnehagar tilskot til ordinær drift. Tilskotet er basert på rekneskapstal og tal barn for rekneskapsåret i kommunale barnehagar.

Korleis eiga drift er i kommunale barnehagar, påverkar korleis tilskotet til private barnehagar blir. Ei effektiv drift av dei kommunale barnehagane gir tilsvarande lågare tilskotsnivå for dei private barnehagane. Har ikkje dei kommunale barnehagane ei effektiv drift, til dømes ved å støtte norma om 1 vaksen pr 6 plassar, så aukar tilskotet til private barnehagar. Dette er ei stor utfordring når Sunnfjord kommune har fleire små barnehagar der ein ikkje greier å støtte norma. Dette gir ein monaleg auke i tilskot til private barnehagar.

#### 4.3.2 Behov driftstiltak

Nr.	Tiltak - kva	Behov				Pri.
		2023	2024	2025	2026	
1	Pedagognorm	2400	2400	2400	2400	7
2	Kontinuerleg barnehageopptak	1 000	1 000	1 000	1 000	21
3	Tilskot til private barnehagar	12 000	12 000	12 000	12 000	23
4	Kompetanseteam	2 500	2 500	2 500	2 500	
5	Spes.ped og styrking					
6	Redusert foreldrebetaling	2 400	2 400	2 400	2 400	
7	Søskenmoderasjon	1 000	1 000	1 000	1 000	
8	Auke grunnbemanning frå 3 tilsette til 4 tilsette (tidleg innsats)	2 000	3 000	4 000	5 000	
9	IKT-utstyr tilsette	400	400	400	400	
10	IKT-utstyr barn	200	200	200	200	
	<b>SUM tiltak</b>	<b>21 500</b>	<b>22 500</b>	<b>23 500</b>	<b>24 500</b>	



### 4.3.3 Grunngeving av driftstiltak

#### Tiltak 1: Styrke kompetanseteamet PPT

Kompetanseteamet i PPT må ha kapasitet til å arbeide likeverdig med førebygging og oppfølging av alle barnehagane i Sunnfjord kommune. Kompetanseteamet må styrkast med ei stilling og det er prioritert inn 2,5 mill. kroner årleg i økonomiplanperioden.

#### Tiltak 2: Spes.ped/styrking

Sunnfjord kommune pliktar å gje midlar til spesialpedagogisk hjelp til barn med særskilde behov, etter § 31 og § 37 i barnehagelova. Sektoren kjenner til dei barna som går i barnehagen i dag og som har rett til spesialpedagogisk hjelp. Samstundes ser vi ein auke i sakkunnige uttaler. I tillegg kan det kome til nye barn med særskilde behov gjennom året.

#### Tiltak 3: Tilskot til private barnehagar

Sunnfjord kommune pliktar å gje driftstilskot til ordinær drift av private barnehagar. Tilskotet til private barnehagar er basert på 2 år gamle rekneskapstal i kommunale barnehagar. Det er i grunnlaget for utrekning av tilskotet for 2022 enkelte usikre faktorar i talmaterialet. Grunnlaget for talmaterialet er barnetalet etter barnehageopptaket 2021. Det kan kome endringar i tal barn i dei private barnehagane. Det kan kome endringar i forskrifter for utrekninga av tilskot til private barnehagar. Eventuelle endringar vil erfaringsmessig ikkje vere klare før til hausten. Sunnfjord kommune nyttar malen for utrekning som KS og Private Barnehagers Landsforbund (PBL) har utarbeida.

#### Tiltak 4: Redusert foreldrebetaling/søskenmoderasjon

Føremålet med redusert foreldrebetaling er at ingen heimar skal betale meir for ein barnehageplass enn 6% av samla inntekt. Det er to ordningar for redusert foreldrebetaling, gratis kjernetid og redusert foreldrebetaling. Redusert foreldrebetaling gjeld for alle barn som går i barnehagen og for alle hushaldningar som har ei samla lågare inntekt enn 583 650,- kroner. I tillegg pliktar kommunen å ha moderasjonsordningar for søsken. For barn nr. 2 skal det vere 30% reduksjon av makspris og for barn nr. 3, 4 og vidare skal det vere 50% reduksjon av makspris.

#### Tiltak 5: Pedagognorm

Det er nedfelt i barnehagelova at det skal vere ein vaksen per 3 barn (6 plassar) under 3 år og ein vaksne per 6 barn over tre år som minimumsbemanning, sist endra i 2018. Barnehagane i Sunnfjord kommune har hatt god bemanning dei siste åra og ligg under 6 plassar per vaksen. Årsaka til dette er både at det er færre barn i barnehagealder og tilsette som har opparbeida seg rett til fast stilling. Vinteren 2020 vart det i innsparingsprosessen bestemt at ein skal effektivisere barnehagedrifta. Eit av tiltaka er å ha fulle avdelingar der det er 6 plassar per vaksen i barnehagen. I barnehageopptaket for 2020/2021 var det samla redusert med 30 plassar i kommunale barnehagar for å effektivisere drifta i barnehagane. Det vil sei at nokre barnehagar blir drifta med færre plassar enn dei tidlegare har gjort. I dei barnehagane det vert overtalligheit blir det sett i gang ein prosess for å gje dei tilbod om arbeid i andre barnehagar.

Forskrift om pedagogisk bemanning og dispensasjon i barnehagar tredde i kraft i 2017, sist endra i 2018. Det skal vere minst ein pedagog per 7 barn under 3 år og minst ein pedagog per 14 barn over 3 år. Det er samla i barnehagane god pedagogiske bemanning, men nokre barnehagar må søke om dispensasjon frå pedagognorm grunna overtallige fagarbeidarar og assistentar.

#### 4.3.4 Behov investeringstiltak

Nr.	Tiltak - kva	Behov				Pri.
		2023	2024	2025	2026	
1	IKT-utstyr tilsette	250	250	250	250	Ja
2	IKT-utstyr barn	100	100	100	100	Ja
3	IKT-utstyr og inventar	600	600	600	600	
4	Vedlikehald av barnehagane sine uteområde	2 000	2 000	2 000	2 000	Delvis
5	Ny barnehage på Slåtten inkl. grunnerverv - auka kostnad	20 000				Delvis
	<b>SUM</b>	<b>22 600</b>	<b>2 600</b>	<b>2 600</b>	<b>2 600</b>	

#### 4.3.5 Grunngeving av investeringstiltak

##### IKT utstyr tilsette /-barn /- og inventar

IKT-utstyr til barn for å støtte krava i rammeplanen om å ha ein digital praksis der barn kan drive med leik og læring og vere kreativ. IKT-utstyr til tilsette for å ha gode arbeidstilhøve for leiing, pedagogar og øvrige tilsette.

##### Vedlikehald av barnehagane sine uteområde

Det er meldt inn behov for midlar til vedlikehald av barnehagane sine uteområde.

##### Ny barnehage ved Slåtten (inkl. grunnerverv – auka kostnad)

Det er sett av 36 mill til bygging av ny barnehage ved Slåtten skule, som erstatning for Tusenfryd barnehage som ikkje er godkjent etter lov om miljøretta helsevern. Nærare utgreiing om bygging av ny barnehage vert gjort i samband med utarbeiding av plan for framtidig bruk av barnehagane i Sunnfjord kommune.

## 4.4 Helse og sosial

### 4.4.1 Handlingsplan for sektoren

Delmål 1: Vi skal skape det gode kvardagsliv for innbyggjarane våre			
Slik gjer vi det	4-årig målsetting i sektoren	Måleindikator	Ansvar /samarbeidspart
Vi er ein kommune som sikrar ei god integrering og norskopplæring for våre utanlandske borgarar, slik at desse kan vere ein ressurs både i arbeidsliv og kvardagsliv.	<p>Sektoren skal tilby 2 utanlandske borgarar språkpraksis årleg.</p> <p>Sektoren skal sikre utanlandske borgarar samanhengande tenester innan helse og førebygging slik at borgarane vil vere førebudd til arbeids- og kvardagsliv</p>	<p>Rapportering i frå einingane</p> <p>Rutinar og prosedyrer for samhandling</p>	Helse og sosial i samarbeid med Kultur og idret, skule, barnehage
Vi skal systematisere og integrere informasjon om berekraft	<p>Sektoren skal kjenne til berekraftsmåla.</p> <p>Klima og miljø skal vere eit av vurderingskriteria ved val av leasingbil</p>	<p>Rapportering</p> <p>Tal bilar</p>	<p>Einingane</p> <p>Einingane</p>
Vi prioriterer arbeidsmiljø, bemanning og kompetanseutvikling for å sikre god kvalitet i tenestene våre	<p>Sjukefråværet i sektoren skal vere under 8 % i snitt</p> <p>Sektoren skal gjennomføre medarbeidarundersøking</p> <p>Sektoren skal gjennomføre brukarundersøking</p> <p>Sektoren skal utarbeide kompetanseplanar, og legge til rette for relevante vidareutdanningar</p> <p>Sektoren skal vere i front på faglege arrangement for fagutvikling i regionen</p>	<p>Oppfølging av sjukefråverstatistikk og einingsbesøk av kommunalsjef</p> <p>Rapportering på medarbeidar- og brukarundersøkingar</p> <p>Tal arrangement for eit større geografisk område</p>	<p>Einingane</p> <p>Kommunalsjef Helse og sosial</p>



## Delmål 2: Vi utviklar Sunnfjord kommune som regionmotor på Vestlandet

Slik gjer vi det	4-årig målsetting i sektoren	Måleindikator	Ansvar /samarbeidspart
Vi er aktive med å ta i mot og tilby gode vilkår for lærlingar og studentar i praksis	Sektoren skal til ei kvar tid ha 1 lærling	Tal lærlingar og studentar	Einingar
	Sektoren skal årleg ta i mot 10 studentar	Samarbeidsavtalar	Sektor
	Felles praksis for oppfølging av studentar i sektoren	Rutinar/prosedyrer	
Vi legg til rette for møteplassar som stimulerer til deltaking og offentleg debatt der mangfald, kreativitet, skaparkraft, møter på tvers av generasjonar og aktivitet er høgt verdsett.	Sektoren skal legge til rette for møteplasser for ulike grupper og grupper på tvers i heile Sunnfjord kommune	Tal møteplasser og arrangement	Einingar

### 4.4.1 Omtale av dei viktigaste utfordringane

- Bortfall av styringsmidlar til helsestasjon – og skulehelsetenesta i 2023 og 2024, dette vil føre til stor reduksjon på desse tenestene til barn og ung
- Auka tal eldre gir auka behov for støtteteneestene til eldreomsorga i planperioden, spesielt innan fysio/ergoterapi, legetenester og aktivisering. Det er viktig at desse tenestene og blir styrka i samband med framtidig utvikling. Eit døme er at ved oppretting av korttidseining og rehabiliteringseining frå 2021 ikkje er tilført ressurs til sjukeheimslege, fysioterapi og ergoterapi for å kunne gjere ein fullverdig jobb. Dette vil gå ut over kvaliteten på tenestene.
- Lik praksis på tenesteutøving, 4 ulike lokasjonar på fleire av einingane
- Kommunen har ikkje driftsmidlar til tiltak innan friskliv og frivilligarbeidet. Er avhengig å få tilskotsmidlar
- Har ikkje tilstrekkeleg med tiltaksmidlar for å sette inn gode førebyggjande tiltak for å hindre/utsette behov av tenester for barn, unge og eldre

- Bustader til personer med rusutfordringar. Kommunen merkar auka press på behovet for tilpassa bustader. Personane blir anten plassert i burettslag eller omsorgsbustader. Dette er ikkje gode varige løysingar

#### 4.4.2 Behov driftstiltak

Nr.	Tiltak - kva	Behov				Pri.
		2023	2024	2025	2026	
1	Fullfinansiering av utekontakt stilling	730	730	730	730	9
2	Butilbod i ein anna kommune, enkeltbrukar	750	750	750	750	10
3	Kompensasjon for meldt gradvis reduksjon av styrkingsmidlar skulehelsetenesta	1 360	3 460	3 460	3 460	14
4	Tiltaksmidar til sårbar ungdom/fråfall i skulen.	300	300	300	300	15
5	Fysio/ergoterapei: fullfinansiering av stilling som turnusfysioterapeut	325	325	325	325	18
6	Beredskapsgodtgjersle og kompensasjon koordinering Best trening	750	750	750	750	27
7	Kommunale bistillingar rehabilitering og korttidseininga, Løn LIS 3 rettleing	675	675	675	675	
8	Drift av frisklivstilbodet i Sunnfjord kommune, grunntilbod	450	450	450	450	
9	Nytt årsverk fysioterapi Skei, rehabilitering 100 %	650	650	650	650	
10	Utvida tilbod/harmonisering av dagtilbod for personar med demenssjukdom min. 3 dager i veka, 4 lokasjonar	1 680	1 680	1 680	1 680	
11	Ny stilling som sjukepleiar, vaksineteam	700	1 000	1 000	1 000	
12	oppjustering ergoterapeut 150%	300	900	900	900	
13	Psykolog 100%	500	1 000	1 000	1 000	
14	4 Leasingbilar Helse og sosial	240	240	240	240	
15	Psykisk helse og rus. Auka 100% stilling, ruskonsulent/erfaringskonsulent	660	660	660	660	
16	Aktivitetseininga:Kveldstilbod, avlasting demens, 60%	420	420	420	420	
17	Motivasjonsløn til brukarar	200	200	200	200	
18	Dekke transportkostnader for aktivisering	500	500	500	500	
19	ungdomsteam/tiltakstem	650	1 300	1 300	1 300	
20	Ny driftsheimel avtalefysioterapeut, nevrologi			240	240	
21	voksenopplæring 40%	420	420	420	420	
	<b>SUM tiltak</b>	<b>12 910</b>	<b>17 360</b>	<b>17 600</b>	<b>17 600</b>	

#### 4.4.3 Grunngeving av driftstiltak

##### Tiltak 1: Psykisk helse og rus, utekontakt 100% stilling

Denne stillinga har vore finansiert gjennom prosjektmidlar, og 2022 er siste året Sunnfjord kommune får tilskotsmidlar til stillinga.

##### Tiltak 2: Psykisk helse og rus, butiltak

Butiltak på ein gard i ein anna kommune. Førde kommune oppretta eit butiltak for ein brukar med utfordringar innan rus og psykisk helse i 2019. Ein kjøper tiltaket på ein gard i ein

nakokommune. Grunnen til at ein kjøper tenester er at ein her gir eit godt og effektivt tilbod til brukaren. Kostnaden har auka i frå årlege kostnader på ca. 450 000 til ca. 750 000. Dette er utgifter som kommunen hadde hatt uavhengig om tilbodet blir gitt i ein anna kommune.

### **Tiltak 3: Reduksjon i statleg styringsmidlar til helsestasjon- og skulehelsetenesta**

Helsedirektoratet har i fleire år prioritert å finansiere opprusting av helsestasjons – og skulehelsetenesta gjennom årlege tilskot. Det har vorte politisk bestemt frå år til år om tilskot skal vidareførast. Ein søker i januar i budsjettåret og får melding om evt. tilskot i mars. Denne praksisen i over tid, har ført til at fleire har fått rett på faste stillingar. Stillingsressursane (450 %) er hovudsakleg fordelt på skulehelseteneste grunn- og vidaregåande skular og Helsestasjon for ungdom, samt noko på styrking av leiging, på helsestasjon 0 – 5 år, jordmorressurs og familierettleiing.

Pr. 2020 utgjorde tilskotet for Sunnfjord kommune 3 460 000 kr. Tilskotet for 2021 vart redusert med 500 000 kr. I tilskotsbrevet for 2022 står det at styringsmidlane blir redusert med 1 069 480 kr for 2022, og 1 361 290 kr i 2023. I 2024 blir heile tilskotet på 3 460 000 kr teke vekk.

#### **Konsekvens om vi ikkje får kompensert for bortfall av tilskotet**

- I 2022: Reduksjon av tilbod tilsvarande 130 % stillingsressurs,
- I 2023: Reduksjon av tilbod tilsvarande 20 % stillingsressurs
- I 2024: Reduksjon av tilbod tilsvarande 300 % stillingsressurs

Dette er reduksjon ut i frå bemanning pr.01.01.2020. Bortfallet av tilskot er omfattande reduksjon av tenestetilbodet i skulehelsetenesta og på Helsestasjonen elles knytt til tidleg innsats og koordinering av tenestetilbodet, samt oppseiing av faste stillingsressursar. Totalt utgjer dette 4,5 stilling.

Konsekvens av redusert tenestetilbod vil vere merkbar for tidleg innsats og oppfølging knytt til brukarane, barn- og unge og deira familiar, og for elevar/foreldre og samarbeidspartar i skulen, barnevern, barnehage, legetenesta, BUP, fysio- og ergoterapiteneste, samt oppfølging knytt til BTI og ansvarsgrupper, anna samarbeid knytt til SLT-samarbeidet m.m. Det vert no meldt om eit stort trykk i tenesta knytt til barn og unge og familiar/foreldre. Som treng ekstra oppfølging av ulike delar av tenestetilbodet.

#### **Tiltak 4: Tiltaksmidlar til sårbar ungdom**

Sunnfjord kommune manglar midlar til å sette i gang førebyggjande/tidleg tiltak for ungdom som har behov for aktivisering for å unngå å falle ut av skulen eller isolere seg. Ved å ha tiltaksmidlar kan ressursar som arbeider med ungdom kunne sette inn tiltak for at ungdommen ikkje fortset ei negativ utvikling. Desse midlane vil bli handtert av ei tverrfagleg gruppe som jobbar mot ungdom i samband med SLT arbeidet.

#### **Tiltak 5: Fysio – ergoterapitenesta, turnusfysioterapeut**

Fullfinansiering av stilling som turnusfysioterapeut. Fylkeskommunen oppfordrar kommunane til å ta i mot turnusfysioterapeutar. Tenesta har ei stilling som turnusfysioterapeut, som kom med inn frå Førde kommune. Stillinga er for tida lokalisert til tenesta vår på Sande. Vi har berre 30 % budsjettdekning for stillinga, noko som er uheldig. Det gjer at vi er avhengige av sjukefråvær og ev. anna underforbruk på andre postar i budsjettet for å frigjere midlar til å dekke inn lønskostnaden til denne stillinga.



### **Tiltak 6: Legetenesta, beredskapsgodtgjering og BEST trening**

Etter kommunesamanslåing har det kome krav i frå legetenesta på Skei for beredskapsgodtgjering på daglegevakt, utgjer årleg kostnad på 250 000 kr. Ved denne type vaktordning er kommunen lovpålagt å betale ut godtgjeringa. Det er og lovpålagt at kommunen skal drive akutt beredskapstrening (BEST trening). Dette utgjer ca. 500 000 kr i årlege utgifter til løn og kompensasjon for tidsbruk

### **Tiltak 7: Legetenesta, kommunale bistillingar**

Ved oppretting av korttidseining og rehabiliteringseining frå 2021 er det ikkje tilført ressurs til sjukeheimslege, men låner ressurs i frå kommuneoverlegestillinga. Dette er ressurs som skal brukast til andre samfunnsmedisinske oppgåver, som vi dag ikkje får gjort. Dette utgjer ca. 40% legeressurs.

### **Tiltak 8: Aktivitetseininga, Frisklivstilbod**

Alle frisklivstilboda i Sunnfjord kommune har vore basert på prosjektmidlar, også dei aktivitetane vi driv fast. Det har vorte vanskelegare å få tilsagn på prosjektmidlar til faste etablerte tilbod. Det er behov for at det vert sett av pengar til dei faste aktivitetane i økonomiplanen visst ein skal klare å drifte tiltaka vidare. Utan faste føreseielege pengar i økonomiplanen til aktivitetar er det vanskeleg å ha ein fast vekeplan for folk som treng forutsigbarheit, stabilitet, og tilpassa aktivitet. Vi kan koble oss på mykje lågterskeltilbod i heile Sunnfjord kommune utan at kommunen skal betale for det, men vi treng nokre faste aktivitetsmidlar slik at vi kan tilrettelegge for dei som faktisk ikkje går på treningsstudio, og syns det er vanskeleg og komme i gang utan vår hjelp. Dette er aktivitet som til dømes; klatring, basseng og Yoga, samt drift av seniorkoret

### **Tiltak 9: Fysio – ergoterapitenesta**

Veksten av tal eldre er i gang, og skal vi som kommune lukkast med å handtere dette må det tilførast ressursar til Fysio - ergoterapitenesta, slik at vi kan henge med på å handtere dei arbeidsoppgåvene vi har innan rehabilitering, treningsoppfølging, bustadtilpassing, hjelpemiddel, førebygging og velferdsteknologi. Dette er tenester som nettopp handlar om at folk skal kunne leve gode liv i eigen heim. Utan gode ressursar i våre tenester, vil det bli meir press på andre, som til dømes pleie og omsorgstenestene.

Det har vore svært utfordrande for tenesta med oppretting av rehabiliteringsavdeling på Skei utan tilførsel av ressursar. Situasjonen har vore forsøkt handtert på ein så god måte som mogleg, men sjølv med harde faglege prioriteringar så strevar ein med å løyse alt ein skal av oppgåver i denne delen av tenesta. Rehabiliteringspasientane har blitt prioriterte, men der er ikkje tilstrekkeleg ressurs til å jobbe skikkeleg systematisk kring dei, med planlegging av felles mål og tverrfaglege samarbeidsmøte. Heimebuande pasientar har i fleire tilfelle måtte vente lenger enn dei faglege sett burde, og det har i periodar kome ein del avvik, både på ventetid og på at vi ikkje har klart å gje rehabiliteringspasientane det omfanget på oppfølging som dei faglege baserte rutine våre tilseier at dei bør ha. I periodar har vi måtte løyse dette med å ta inn ekstra ressurs, i form av å tilby turnusplass til fysioterapeutar med utdanning frå Danmark.

### **Tiltak 10: Aktivitetseininga, Harmonisering av dagtilbod til dei med demenssjukdom**

Det er i frå 2020 lovpålagt å ha eit dagtilbod for dei med demenssjukdom. Skal ein harmonisere dagtilbodet for dei med demenssjukdom i Sunnfjord kommune, må ein gi minimum 3 dagars tilbod i kvar gamal kommunedel. Ein må då tilføre eininga ca. 180% stilling, som då vert fordelt på Skei, Naustdal og Sande. Ein har lokale som kan nyttast, i Naustdal står eit ferdig oppussa hus klar til å takast i bruk, men ein har ikkje bemanning.

### **Tiltak 11: Legetenesta, Sjukepleiar i 140% stilling**

Vi ynskjer å etablere eit felles tilbod for vaksining., Reisevaksining, influensa/korona og evt delar av barnevaksinasjonen. Dette for å styrke kompetanse og redusere opplæring på fleire lokasjonar. Desse stillingane har vi nytta gjennom pandemien og vi ynskjer å vidareføre dette tiltaket til ei permanent løysing, og vi meiner det er behov for dette. Vi ser dette i ein samanheng med tidlegare innmeldt behov for auka ressurs sjukepleiar fordelt på alle kontora. Dette grunna tal legeheimlar og auka folketal og tal eldre. For å støtte norma med 0,7 hjelpepersonell per lege, vil ein ha behov for ei ny stilling i 2023.

### **Tiltak 12: Auke ergoterapiressurs i tenesta, med tilsvarande 150 % stilling**

Det er knappe ressursar på ergoterapi i Sunnfjord kommune, med 3,5 stilling som skal dekke heile kommunen vår. Ergoterapikompetanse er sentralt i høve viktige oppgåver som bustadkartlegging, demensteam, velferdsteknologi og rehabilitering. Vi har behov for ressursauke til sone Skei for å gje betre tilbod inn mot rehabiliteringspasientane, og vi har behov for ressursauke til sone Førde, der vi i dag brukar mykje ressurs på tverrfaglege teneste som drift av demensteam og velferdsteknologi. Dette gjer at det vert marginal kapasitet att til dei andre arbeidsoppgåvene, og tilhøyrande lang ventetid. I første omgang eit behov på 50% på Skei, og deretter opp 100% i Førde.

### **Tiltak 13: Psykisk helse og rus, 100% stilling psykolog**

Eininga har ikkje fast ressurs på psykolog til dei over 18 år, og ein har ikkje spesialkompetanse på alderspsykiatri. I samband med at ein blir fleire eldre og at ein ikkje har hatt fokus på alderspsykiatri, meiner sektoren at ein må styrke både ressurs og kompetanse på området. Dette kan vere ei kombinasjonsstilling for å styrke både alderspsykiatrikompetansen og psykolog i tenesta.

### **Tiltak 14: Helse og sosial, leasingbilar**

Tenestene innan Helse og sosial ser at overgangen til Sunnfjord kommune har gitt eit auka behov for fleire tenestebilar. Mange av einingane i Helse og sosial har tenestestad i alle tidlegare kommunesenter. Tenestene som har meldt inn behov er Aktivitetseininga, Fysio/ergoterapitenesta, Psykisk helse og rus og Helsestasjonen. Kommunen bør vurdere å ha fleire leasingbilar tilgjengeleg på rådhuset.

### **Tiltak 15: Psykisk helse og rus, ruskonsulent/erfaringskonsulent**

Ein ser ein auke i pågang for oppfølging av pasientar med rus utfordringar og personar med kombinasjonen rus og psykisk helse. Ein ser behov for å auke både ressurs og kompetanse på området. Har i 2022 tilskotsmidlar til ei prosjektstilling på erfaringskonsulent, og det er kome krav i frå helsedirektoratet om at alle kommunar skal ha ei rådgivande eining på rus. Vi må sjå dette i ein samanheng med statsbudsjettet for 2022, der Sunnfjord kommune har fått kr 400 000 kr i samband med rusoppfølginga.

### **Tiltak 16: Aktivitetseininga, avlasting på kveld/ettermiddag for dei med demenssjukdom 60% stilling**

Ein del pårørande til personar med demenssjukdom har også behov for avlasting på kveld og eventuelt helg. Dette gjeld avlastning for å kunne oppretthalde eit sosialt liv. Gå på korøving, kino, eller på andre måtar pleie sosialomgang med andre, eller besøke slektningar andre stader i landet. Vi ser føre oss at dette kan gjelde brukarar som alt nyttiggjere seg av eit dagtilbod, eller brukarar som berre brukar eit kveldstilbod som ein start på tilknytninga til tenesta og eininga. At det kan vere «vegen inn» å nyttiggjer seg av eit demenstilbod nokre timar for veka. Huset i Veglo 5 i Førde som har dagtilbod, står ledig alle ettermiddagar, det same gjeld Hus 4 i Naustdal. Ved å sette inn ei 60% stilling vil ein kunne ha ope nokre ettermiddagar for å avlaste pårørande. Dette vil vere eit godt førebyggjande tiltak for å kunne utsette behovet for sjukeheimsplassar i framtida.

### **Tiltak 17: Motivasjonsløn**

Dette er ein symbolsk sum kommunen betalar ut til deltakarar som møter, deltek og arbeider i eit dagtilbod eller som arbeider tilrettelagt ute i bedrift. Dei fire kommunane som i dag utgjør Sunnfjord kommune har gjort dette svært ulikt. Førde kommune har betalt ut to typar motivasjonspengar. Dei som gjer tilrettelagt arbeid, får 8 kroner for kvar time dei er på arbeid. Dette gjeld i all hovudsak dei som er utplassert i bedrifter, dei som jobbar i kantine og i utegruppene, samt kreativ stasjon knytt til psykiatri og rus. Her knyter ein motivasjonspengane til oppmøte og til produksjon. Deltakarane arbeider i noko grad sjølvstendig. Dei andre som arbeider på kreative stasjonar eller treningskjøkken, får 15 kroner per dag. Dette er i all hovudsak dei som har ei fysisk og psykisk funksjonshemming. Her knyter ein motivasjonspengane til oppmøte. Desse deltakarane arbeider i liten grad sjølvstendig.

Det er i år 77 personar som får utbetalt motivasjonspengar som er busett i gamle Førde kommune. Tidlegare Jølster kommune har gitt motivasjonspengar på 1000,- kroner månaden til to deltakarar som er utplassert i bedrift. Dei andre kommunane har ikkje betalt ut motivasjonspengar. For å få ei viss harmonisering bør eininga få styrka budsjettet med ca. 200.000,-

### **Tiltak 18: Helse og sosial, Transportkostnader til aktivisering**

Sunnfjord kommune er ein langstrakt kommune med organisering av mykje aktivitetar for ulike grupper i kommunen. Ein ynskjer spesielt å få dei mest sårbare meir aktive for å unngå isolering og passivering. Transport kan ofte vere ei utfordring i ein kommune som ikkje har god offentleg transport i heile kommunen. Ein ynskjer gjennom satsinga Leve heile livet å sjå på korleis vi kan tilrettelegge for ei transportordning som gjer til at fleire deltek på aktivitetar og arrangement. Her må vi gå i dialog evt. med den offentlege transportnæringa, t.d buss- og taxi for finne løysingane. Då må vi ha driftsmidlar for å kunne gjere avtalar.

### **Tiltak 19: Ungdomsteam/tiltaksteam**

Sunnfjord kommune har ikkje noko lavterskeltiltaksteam for ungdom. Fleire ungdomar fell frå i skulen, og har behov for tettare oppfølging i alternativ aktivitet. Samtidig ser barnevernet behov for miljøterapeutar/miljøarbeidarar som føl opp ungdom på fritid. Helse og sosial vil samarbeide med skulesektoren for å sjå på korleis ein kan bygge opp eit lavterskeltilbod for ungdom. Dette vil ein sjå i samheng med satsinga og implementering av Betre tverrfagleg innsats for å ha tilstrekkeleg med tiltak å sette inn når ein oppdager behov.

### **Tiltak 20: Avtaleheimel nevrologi**

Avtalefysioterapeutane rapporterer om stadig aukande pågang, og tidvis lange ventelister. Det er viktig at vi har ressurs til å følgje opp innbyggerane våre, også når dei har utfordringar som ikkje er akutte. Slik det er no, må dei som har mindre akutte problemstillingar vente lenge for å komme til hos avtalefysioterapeut. Det er innhenta statistikk frå avtalefysioterapeutane i 2021, som tilseier at dei jobbar ganske målretta, og at dei har gode tilnærmingar til prioriteringar. Det vert såleis vurdert at der er behov for ein ny avtaleheimel, og det er då eit ønske om å spisse denne til oppfølging av pasientar med nevrologiske problemstillingar. Dette er ei stor gruppe, der det kan vere nyttig med spissa kompetanse på området.

### **Tiltak 21, Vaksenopplæringsressurs**

Vi ynskjer å auke vaksenopplæringa med ein 40% stilling, slik at vi kan tilby vaksenopplæring til deltakarar som bur og arbeider i Jølster og Naustdal utan at ein tek ned eksisterande tilbod.

#### 4.4.4 Behov investeringstiltak

Nr.	Tiltak - kva	Behov				Pri.
		2023	2024	2025	2026	
1	Digitalisering, diverse utstyr	200	100	100	100	Delvis
2	Kjøp og oppgradering av bustader for vanskelegstilte	12000	12 000	12 000	12 000	Delvis
3	Frisksenter Naustdal	30 550	26 000			Delvis
4	Inventar Frisksenter			700	700	Nei
5	Sande	4 600				Nei
6	Gamlebanken i Førde	9 000				Nei
7	Oppgradering lokale på kommunehuset på Skei	100				Nei
	<b>SUM</b>	<b>56 450</b>	<b>32 100</b>	<b>12 800</b>	<b>12 800</b>	

#### 4.4.5 Grunngeving av investeringstiltak

##### Tiltak 1: Digitalisering, diverse utstyr

Fleire einingar innan Helse og sosial treng oppgradering på digitaltutstyr, samt kjøp og opplæring på digitale løysingar.

##### Tiltak 2: Kjøp og oppgradering av bustad for vanskelegstilte og flyktingar

Vi definerer vanskelegstilte på bustadmarknaden som dei som ikkje sjølv er i stand til å skaffe eller behalde eigna bustad, og som er i ein av følgjande situasjonar:

- Er utan bustad
- Står i fare for å miste bustaden sin
- Bur i ueigna bustad eller bumiljø

Flyktingar og ROP-brukarar er ein del av denne gruppa. I tillegg kan det t.d. vere barnefamiliar med dårleg økonomi, familiar som har behov for bustad i ein overgangsperiode (t.d. etter samlivsbrot) eller einslege som har vanskar med å skaffe seg bustad på eiga hand.

I bustadsosial handlingsplan viser ein til at ein ikkje har tilfredsstillande husvære til vanskelegstilte, då spesielt til dei med rusutfordringar, i tillegg har Sunnfjord kommune ikkje tilfredsstillande husvære for flyktingar som har større familiar. Sunnfjord kommune bør ha ein årleg sum som oppgraderer og tilfører fleire tilpassa bustader ut i frå behovet.

##### Tiltak 3: Frisksenter Naustdal

Common ground er i ferd med å slutføre detaljprosjekteringa på byggeprosjektet, og Frisksenteret vil bli lyst ut på anbod innan kort tid. Den økonomiske kalkylen som vart laga i no i vår viser ein totalkostnad på 87 mill. kr., og til no er det avsatt 61,2 mill. kr. Her er det då ein manko på ca. 26. millionar kr for å fullføre prosjektet. Tala er fortsatt veldig usikre, og ein vil ikkje få svar før ein får tilbod gjennom anbodsrunnda. Det er teikna skisser for både kommunehuset og bankbygget.

I kommunehuset er Serviceeininga og legesenteret teikna i første etasje. Psykisk helse og rus, Helsestasjonen, Aktivitetseininga og personalkantine i andre etasje.

I bankbygget har ein teikna inn Heimetenesta i første og andre etasje, Fysio-/ergoterapitenesta i andre og Aktivitetseininga med frisklivstilbod i tredje etasje. Ein arbeider

med å finne areal for Kyrkjekontoret, ungdomsklubben og vaktmeisterenesta i gamle legetenestehuset.

#### **Tiltak 4: Frisksenter Naustdal, inventar**

Ein er starta kartlegginga av kva inventar som er gode nok i dei einingane som skal flytte inn i nytt bygg. Einingane som skal flytte inn i kommunehuset og bankbygget har ein del inventar i dag som dei kjem til å ta med seg, men det vil garantert vere behov for meir i alle tenestene, dette sidan dei fleste får meir areal, samt at noko av inventaret ikkje har god nok kvalitet.. Behovet er stipulert til ca, 1,2 mill.

#### **Tiltak 5: Sande, Legesenter og lokale til Fysio – ergoterapitenesta**

Det er avsett 2 mill. til oppgradering av legesenteret og lokalet til Fysio- ergoterapitenesta i 2021. I utgangspunktet skulle ein gjere mindre endringar og tilpassingar, men på grunn av ulike krav og prisstigningar så viser det seg at prosjekteringskostnadsalkylen viser ein kostnad som er 4,6 millionar over det ein har satt av til i jobben. Nytt ventilasjonsanlegg tek mykje av kostnaden. Legetenesta og Fysio- ergoterapitenesta har stort behov for fornya lokale.

#### **Tiltak 6: Gamlebanken i Førde**

Det har vore avsett midlar tidlegare til oppgradering av bygget både utvendig og innvendig på totalt 6, 8 mill. Det har tidlegare vore laga eit lite notat der ein har kome med forslag til kva som skal inn i Gamlebanken. Ein ser for seg at Friskliv og frivilligsenteret nyttar andre og tredje etasje. Ein tenkjer då at andre etasje kan nyttast til kontorplassar som kan delast på av lag og organisasjonar i kommunen samt eit treningsrom og rom for hobbyaktivitetar. Vidare ynskjer Friskliv- og frivilligsenteret å nytte tredje etasje til kontor for avdelingane sine ansatte.

I første etasje er det ikkje tenkt å utføre noko i Haarklausalen utanom å snu retninga på inngangsdøra. Vidare er det ynskje om at ein lagar den andre delen i første etasje om til kafé der lag og organisasjonar kan møtast. Det er ynskje om at kjøkkenet kan oppgraderast samt at ein lagar til eit samtalekontor /-rom i ein del av kafeen. Kontor/samtalerom kan då nyttast av dei som er rørslehemma som ikkje kan nytt etasjane over. HK/WC etablerast vis a vi kjøkkenet.

Ved nærare gjennomgang av bygget og det tekniske, er det kome estimeringar på ein kostnad som er ca. 9 mill. over kva som er avsett til oppgraderinga.

Notat med beskriving av utfordringane og alternativ løysingar ligg ved økonomiplanen.

#### **Tiltak 7: Oppgradering lokale på kommunehuset på Skei**

Lokala til NAV og barnevernet i gamle Jølster har stått tomme sidan kommunesamanslåinga. Helsestasjonen og Fysio – ergoterapitenesta ynskjer å ta desse lokala i bruk sidan ein har dårleg plass i dag, samt at lokala på Helsestasjonen er veldig dårleg lydisolert. Psykisk helse og rus ynskjer å ta noko av gamle lokala på helsestasjonen i bruk. Ein har starta arbeidet med å kartlegge desse justeringane. For å få tilpassingane fullført vil ein ha behov for ca. 100 000 kr.



## 4.5 Omsorg

### 4.5.1 Handlingsplan for sektoren

Delmål 1: Vi skal skape det gode kvardagsliv for innbyggjarane våre			
Slik gjer vi det	4-årig målsetting i sektoren	Måleindikator	Ansvar /samarbeidspart
Vi er ein kommune som sikrar ei god integrering og norskopplæring for våre utanlandske borgarar, slik at desse kan vere ein ressurs både i arbeidsliv og kvardagsliv.	Sektoren skal tilby språkpraksis for 10 utanlandske borgarar.  Vi skal legge til rette for at utanlandske tilsette får delta på norskopplæring.	Rapportering frå einingane på tal språkplassar.  Tal tilsette som har deltatt på norskopplæring.	Einingane / NAV og andre aktuelle samarbeidspartar.  Einingane / Flyktning og integrering.
Vi skal systematisere og integrere informasjon om berekraft	Sektoren skal kjenne til berekraftsmåla.  Klima og miljø skal vere eit av vurderingskriteria ved val av leasingbil.  Vi skal tildele velferdsteknologiske løysingar der dette kan bidra til å dekke tenestebehovet.	Kompetanse- og opplæringsplan.  Tal el-bilar.  Registrere bruk av velferdsteknologiske løysingar	Einingane  Einingane  Tildelingseininga / einingane

## Delmål 1: Vi skal skape det gode kvardagsliv for innbyggjarane våre

Slik gjer vi det	4-årig målsetting i sektoren	Måleindikator	Ansvar /samarbeidspart
Vi prioriterer arbeidsmiljø, bemanning og kompetanseutvikling for å sikre god kvalitet i tenestene våre	Vi gjennomfører utviklingsarbeid med mål om rett oppgåvefordeling og rett bruk av kompetanse.	Bemanningsplan	Sektoren
	Bemanningsseininga skal innan 4 år dekke 60% av einingane sitt behov for vikarar.	Rekneskapsrapport RS	Sektoren
	Sektoren skal innan 4 år ikkje ha behov for å leige inn vikarar frå vikarbyrå.	Rammeavtale / statistikk frå vikarbyrå.	Sektoren
	Vi skal redusere sjukefråværet til 10% i sektoren innan utgangen av 2026.	Statistikk.	Sektoren
	Vi skal sikre god kompetanse i sektoren gjennom å tilby tilsette utdanning og andre kompetansehevande tiltak, i tråd med kompetanseplanen.	Rapportering frå einingane.	Sektoren
	Vi skal gjennomføre medarbeidar- og brukarundersøking.	Kvart 2. år.	Sektoren

## Delmål 2: Vi utviklar Sunnfjord kommune som regionmotor på Vestlandet

Slik gjer vi det	4-årig målsetting i sektoren	Måleindikator	Ansvar /samarbeidspart
Vi er aktive med å ta i mot og tilby gode vilkår for lærlingar og studentar i praksis	<p>Sektoren har årleg 20 lærlingar.</p> <p>Vi tek imot studentar og elevar i praksis.</p>	<p>Tal tilsette lærlingar.</p> <p>Tal studentar/elevar i praksis.</p> <p>Samarbeidsmøter</p>	<p>Kommunalsjef, einingsleiarar / HVL, vidaregåande skular</p>
Vi legg til rette for møteplassar som stimulerer til deltaking og offentleg debatt der mangfald, kreativitet, skaparkraft, møter på tvers av generasjonar og aktivitet er høgt verdsett.	<p>Sektoren skal etablere samarbeid omsorg – barnehage.</p> <p>Vi skal legge til rette for at lag og organisasjonar kan nytte fellesareal ved omsorgssentra til aktivitetar for å skape «liv og røre» i bygningane.</p> <p>Vi skal opprette brukar- og pårørandeutval.</p> <p>Vi skal delta i, og vere pådrivar for, god aktivitet i e-helse nettverk.</p>	<p>Tiltak i einingsvis handlingsplan.</p> <p>Samhandlingsavtalar</p> <p>Faste møter.</p> <p>Rapportering og framdriftsplan for e-helse Vestland.</p>	<p>Omsorg / barnehage.</p> <p>Omsorgssenter / frivillige lag og organisasjonar.</p> <p>Einingane / brukarar og pårørande.</p> <p>Sektoren / e-helse Vestland / digi Vestland.</p>

### 4.5.1 Omtale av dei viktigaste utfordringane

- Bemanning og rekruttering til fagstillingar er ei stor utfordring. Tenestebehovet aukar i alle delar av omsorgssektoren. Rekruttering av sjukepleiarar er spesielt utfordrande. Bemanningseininga er etablert og vil gradvis overta vikaradministrasjonen for einingane. På sikt vil eininga ha behov for ein ekstra bemanningskonsulent.
- Ressurskrevjande tenester vert meir omfattande. Fleire einingar klarar ikkje å dekke tenestebehovet innanfor tildelte personalressursar.
- Kompetanse. Komplekse tenester stiller krav til rett kompetanse og bemanning for å sikre fagleg forsvarlege tenester.
- Velferdsteknologiske løysingar har eit større potensiale. Det er krevjande å endre måten å jobbe på når teknologi vert nytta i tenesteytinga. Gevinstrealisering må sjåast i eit langsiktig perspektiv, og vi må bli betre på å synleggjere gevinst.





- Tildeling av tenester. Det er stor søknad om tenester og stort press på einingane. Det er venteliste til institusjonsplass, og korttidsplassar vert nytta av langtidspasientar i påvente av ledig langtidsplass.
- Demensomsorga. Tal personar med demenssjukdom aukar. Det er behov for eit differensiert tenestetilbod i alle fasar i sjukdomsforløpet.
- Harmonisering av pleiefaktor og betalt matpause.

#### 4.5.2 Behov driftstiltak

Nr.	Tiltak - kva	Behov				Pri.
		2023	2024	2025	2026	
1	Vekst brukarar i heimetenestene/omsorgssenter	4 100	6 600	9 100	11 600	1
2	Tiltak Røysumtunet	1 561	1 561	1 561	1 561	31
3	Auka etterspørsel avlastingstiltak barn	3 500	3 500	3 500	3 500	31
4	Auke bemanning knytt til tiltak	3 600	3 600	3 600	3 600	31
5	Forsterka skjerma eining	2 000	2 000	2 000	2 000	31
6	Demenskoordinator, 50%	400	400	400	400	31
7	Rekrutteringstiltak	1 500	2 500	3 500	3 500	12
8	Velferdsteknologi	1 500	1 500	1 500	1 500	31
9	Kompetanseheving	500	500	500	500	31
10	Forløpskoordinator psykiatri, 50%	400	400	400	400	31
11	Betalt matpause	1 200	1 200	1 200	1 200	13
12	Matvert 64% stilling, pensjonistheimen	440	440	440	440	31
13	Ass. einingsleiar 50%	400	400	400	400	31
14	Leasingbilar	200	200	200	200	31
	<b>SUM tiltak</b>	<b>21 701</b>	<b>25 201</b>	<b>28 701</b>	<b>31 201</b>	

#### 4.5.3 Grunngeving av driftstiltak

##### Tiltak 1: Grunnbemanning omsorgssenter og heimetenester

Styrking av grunnbemanning i omsorgssenter og heimetenester har prioritet 1 i økonomiplan 2022-2025. Kommunen har vedteke at minimum pleiefaktor (tal årsverk i pleie pr. institusjonsplass) i omsorgssenter skal vere 0,8. Spesialeiningar, som skjerma einingar, korttidseining og rehabiliteringavdeling, har behov for ein høgare pleiefaktor. Beleggsprosenten er maksimalt utnytta i alle einingane.

I heimetenestene er sjukdomsbiletet prega av kompleksitet og alvorlege sjukdomstilstandar. Tilstandar som tidlegare vart behandla i sjukehus, vert no behandla i heimen. Det skjer ei forskyving i ansvar. Det er eit mål at alle skal få bu heime så lenge som mogleg. Tal tiltakstimar i heimetenestene har auka i 2021. Denne utviklinga vil halde fram og heimetenestene vil ha behov for ei jamleg styrking.

##### Tiltak 2: Røysumtunet

Førde heimeteneste, eining 1, kjøper spesialtenester til eit tiltak ved Røysumtunet. Tiltaket vart iverksett i 2021.

##### Tiltak 3; Auka etterspørsel avlastingstiltak barn

Bu- og avlastingstenesta flytta inn i nye lokale i august 2021. Eininga tilbyr bu- og avlastingstilbod til barn og unge med nedsett funksjonsevne. Eininga opplever stor auke i etterspørsel av tenester og melder behov for i underkant av 5 årsverk for å dekke dagens behov.

#### **Tiltak 4: Auke bemanning knytt til tiltak**

I bu- og miljøtenestene kjem det jamleg til nye tiltak og ressurskrevjande tenester. Det er brukarar som flyttar til kommunen, brukarar som flyttar for seg sjølv og har behov for eit auka tenestetilbod, eller nydiagnostiserte brukarar. Tenestebehov endrar seg og tiltak må utvidast. Mange tiltak krev 1 til 1 bemanning, eller høgare, og eit tett samarbeid med andre faginstansar.

#### **Tiltak 5: Forsterka skjerma eining**

Praksis og forskning viser at pasientane har eit langt meir samansett hjelpebehov og lågare funksjonsnivå samanlikna med for nokre få år sidan. Dei er dårlegare på det tidspunktet dei får tildelt langtids- og skjerma plass. Vi manglar i dag eit spesialisert tilbod til personar med demens. Det er eit aukande behov for eit slikt tilbod. Vi ser no på om vi kan legge om drifta i eksisterande lokale og få på plass eit meir spesialisert tilbod til denne gruppa. Ei slik forsterka skjerma eining vil ha behov ein høgare pleiefaktor.

#### **Tiltak 6: Demenskoordinator**

Tal personar med demenssjukdom aukar og vil halde fram å auke i åra som kjem. Partssamansette arbeidsgrupper har vurdert korleis demensomsorga skal organiserast framover. Det er behov for ein koordinerande funksjon innan dette tenestetilbodet.

#### **Tiltak 7: Rekrutteringstiltak**

Omsorgssektoren har utfordringar med å rekruttere fagpersonar. Utfordringane er størst ved omsorgssentra, men vi ser og at det til dels gjeld i heimetenester og bu- og miljøtenester. Ledige stillingar har vore utlyst fleire gongar utan å få søkjarar. Mangel på sjukepleiarkompetanse fører til overtid, forskyve vakt og bruk av vikarbyrå. Den faglege kvaliteten på tenestene vert på sikt dårlegare. Det er viktig å ta i vare personalet som står på og strekkjer seg langt for å yte gode omsorgstenester.

Løn er eit av dei viktigaste rekrutteringstiltaka. I lønsforhandlingane 2021 vart det forhandla fram rekrutteringstiltak, kr 20 000 for sjukepleiarar/vernepleiarar og kr 7 000 for helsefagarbeidarar, i omsorgssentera. Sektoren ønsker å tilby eit høgare rekrutterings- og stabiliseringstillegg og å innføre tiltaket i fleire einingar.

#### **Tiltak 8: Velferdsteknologi**

Velferdsteknologiske løysingar skal bidra til meir sjølvstendige og trygge brukarar – at dei klarar seg sjølv og kan bu lengre heime, og dermed utsette behovet for omsorgsbustad og institusjonsplass. Dette er og kvalitetsheving for brukarane. Eit viktig mål ved å nytte velferdsteknologi i tenesteytinga, er å frigjere ressursar til å yte tenester til fleire og bremse behovet for auka ressursar framover.

Alarmsentralen sitt digitale responscenter gir utvida moglegheit til å nytte sensorteknologi i tenestene.

#### **Tiltak 9: Kompetanseheving**

For å sikre god teneste- og fagutvikling framover, må vi ha fokus på kompetanseutvikling. Sektoren er i sluttfasen med å utarbeide kompetanseplan.

#### **Tiltak 10: Forløpskoordinator psykiatri**

Tiltakspakke psykisk helse er innført. Det er eit krav at kommunen skal ha forløpskoordinator for brukarar innan psykisk helse.

### **Tiltak 11: Betalt matpause**

Einingane ved Førde omsorgssenter har ikkje betalt matpause på dagvakter yrkedagar. Andre einingar i omsorgssektoren har betalt matpause. Dette bør harmoniserast i sektoren.

### **Tiltak 12: Matvert pensjonistheimen**

Ved pensjonistheimen i Førde er det meldt behov for matvert i 64% stilling.

### **Tiltak 13: Assisterande einingsleiar 50%**

Skei bu- og miljøteneste har ikkje assisterande einingsleiar i dag. Eininga har døgndrift og har fått fleire tilsette.

### **Tiltak 14: Leasingbilar**

Fleire einingar får fleire tilsette og behovet for leasingbilar aukar.



#### 4.5.4 Behov investeringstiltak

Nr.	Tiltak - kva	Behov				Pri.
		2023	2024	2025	2026	
1	Butiltak Psykisk helse, 10 omsorgsbustader (sjølvfin.)	23 807				Ja
2	Butiltak Psykisk helse, 10 omsorgsbustader - husbanktilskot	-6 967				Ja
3	Pasientvarslingssystem/låsesystem - oppgradering	1 500				Nei
4	Datautstyr; oppgradering pc'ar og trådløst nettverk	100	125	125	125	Ja
5	Hjelpemiddel, sengar og nattbord	200	100	100	100	Ja
6	Inventar og utstyr	250	150	150	150	Delvis
7	Påbygging/ombygging (omfattande liste)	5 000				Nei
8	Kapasitetsutviding bustad eldre		26 796			Ja
9	Kapasitetsutviding bustad eldre - (husbanktilskot)		- 7 776			Ja
10	Utstyr	200	200	200	200	Nei
11	Utvide personalbase, tap av husleigeinntekter	372	72	72	72	Nei
12	Parkeringsplassar ved PB 8	1 000				Nei
13	Uteareal	500				Nei
14	Planlegge ny institusjon 60-70 plassar		1 000	1 000	6 500	Ja
15	Pensjonistheimen/ ny sjukeheim			5 000		Ja
	<b>SUM</b>	<b>25 962</b>	<b>20 667</b>	<b>6 647</b>	<b>1 647</b>	

#### 4.5.5 Grunngeving av investeringstiltak

##### Tiltak 1: Butiltak psykisk helse, 10 omsorgsbustader (sjølvfinansierande)

Sunnfjord kommune har eit aukande tal brukarar som er alvorleg psykisk sjuke, har dårleg buevne og som går i ein «loop» mellom innlegging i spesialisthelsetenesta og eigen bustad. Fleire av desse treng tettare oppfølging enn det kommunen klarar å gje i dag. Dei treng døgnkontinuerleg oppfølging i eigna bustadar med moglegheit til fellesrom og å få måltid servert. Det er føringar frå Helsedirektoratet på at desse brukarane bør få eit betre og framtidretta tilbod.

I gjeldande økonomiplan er eit prioritert tiltak å bygge 10 omsorgsbustadar til denne brukargruppa i 2023. Byggekostnadane har auka kraftig siste året, så det er behov for å justere avsett sum.

##### Tiltak 2: Butiltak psykisk helse, 10 omsorgsbustader (Husbanktilskot)

Husbanken dekker inntil 45% av kostnadane til omsorgsbustadar og fellesareal, inntil kr 1 548 000 pr. bustad.

##### Tiltak 3: Pasientvarslings- og låsesystem

Det er løyvd 2,5 mill. kroner til pasientvarslings- og låsesystem ved Førde omsorgssenter og Sande omsorgssenter. Det var ikkje lagt inn kostnad med kabling, samt at kostnadane vart høgare enn budsjettert. Det er behov for å tilføre 1,5 mill. kroner til prosjektet.

##### Tiltak 4: Datautstyr – Pc'ar og trådløst nettverk

Datautstyr, oppgradering pc'ar og trådløst nettverk.



### **Tiltak 5, 6 og 10: Inventar og utstyr**

Omsorgssentra har behov for å skifte ut defekte hjelpemiddel som rullatorar, rullestolar, sengehestar, samt sengar og nattbord. Mange av desse er gamle og ikkje mogleg å reparere når dei vert øydelagde.

Det er stor slitasje på møblar i brukarrom, fellesrom og personalrom som må skiftast ut innimellom. Omsorgssentra har utstyr på skyllerom: vaskemaskiner, dekontaminatorar, destruksjonsmaskiner, som også må skiftast når dei er utslitne. Dette er kostbare maskiner.

Kjøkkentenesta har mykje kostbart utstyr som er gammalt, og det er vanskeleg å skaffe delar når noko ryk. Det er behov for å planlegge utskifting av maskinparken.

### **Tiltak 7: Påbygging/ombygging (omfattande liste)**

Førde bu- og miljøteneste, eining 1 og 3, har lite tilpassa personalbasar. Det er løyvd midlar til ombygging, men det er behov for å auke løyvingane. Tilbod påbygging/ombygging er høgare enn budsjettet.

### **Tiltak 8: Kapasitetsutviding bustad eldre**

Bustadar til eldre er prioritert i gjeldande økonomiplan. Det bør vurderast om løyvinga skal aukast med grunngjeving i sterk kostnadsauke.

### **Tiltak 9: Kapasitetsutviding bustad eldre (Husbanktilskot)**

Husbanken dekker inntil 45% av kostnadane pr. omsorgsbustad (maks. kr 1 548 000).

### **Tiltak 11: Utvide personalbase, tap av husleigeinntekter**

Førde bu- og miljøteneste, eining 2, melder behov for å utvide personalbasen. Eininga har fått fleire tilsette og ønsker å ta nabohusværet inn i personalbasen. Kostnad til ombygging og tap av husleigeinntekter.

### **Tiltak 12: Parkeringsplassar ved PB 8**

Førde heimeteneste, eining 2, har flytta inn i Prestebøen 8. Eininga er stor med mange tilsette og det er for få parkeringsplassar.

### **Tiltak 13: Uteareal**

Førde omsorgssenter, skjerma, melder behov for å oppgradere uteområdet og gjere det meir tilgjengeleg for brukarane.

### **Tiltak 14: Planlegge ny institusjon 60-70 plassar og tiltak ved pensjonistheimen**

Den demografiske utviklinga tilseier at tal eldre er i sterk vekst frå om lag 2030 og fram mot år 2040/2050. Utviklinga vil føre til behov for fleire institusjonsplassar. Det er viktig at kommunen allereie no startar planlegginga av eit nytt omsorgssenter, som bør stå ferdig i 2030. Viser til rapport om framtidig behov for institusjons- og heimetenester, samt bustadsosial handlingsplan 2022 - 2030. Husbanken dekker inntil 55% av kostnadane pr. institusjonsplass (maks. kr 1 992 000).

Det er avsett 5 mill. kroner i 2025 til å starte riving eller modernisering av pensjonistheimen. Denne summen bør aukast og sjåast i samanheng med planlegging av ny institusjon.

## 4.6 Kultur og idrett

### 4.6.1 Handlingsplan for sektoren

Delmål 1: Vi skal skape det gode kvardagsliv for innbyggjarane våre			
Slik gjer vi det	4-årig målsetting i sektoren	Måleindikator	Ansvar/ samarbeidspart
Vi er ein kommune som sikrar ei god integrering og norskopplæring for våre utanlandske borgarar, slik at desse kan vere ein ressurs både i arbeidsliv og kvardagsliv.	<p>Vi tilbyr språkpraksisplass til minst éin kandidat årleg.</p> <p>Vi har lavterskeltilbod som Familielaurdag, Bornas verdsdag, ungdomsklubbar, dagsturhytter, desentralisert bibliotekstruktur.</p> <p>Vi vidareutviklar tilbod om fritids- og opplevingskort, samt friplassar i kulturskulen.</p>	<p>Gjennomført språkpraksis</p> <p>Gjennomførte tiltak.</p> <p>Antal som brukar tilboda.</p>	<p>Kultur og ungdom, idrett og friluftsliv Bygg og eigedom</p> <p>Alle einingane i sektoren. Førdefestivalen, barnehagar og skular, Vaksenopplæring og integrerings-eininga.</p> <p>Idrett og friluftsliv, Kultur og ungdom, Kulturskulen, Helse og sosial-sektoren, frivillige organisasjonar.</p>
Vi skal systematisere og integrere informasjon om berekraft.	<p>Vi har auka fokus og kunnskap om berekraftsmål og rapportering på desse hjå alle tilsette.</p> <p>Vi set eigne resultatmål i einingane for reduksjon av papirforbruk og flyreiser, og vi kjeldesorterer.</p> <p>Bibliotek har minst ei utstilling og foredrag / debatt per år som handlar om berekraft.</p>	<p>Tema er tatt opp i personalmøte og einingsleiar møte.</p> <p>Oppnådde resultat rapportert i årsrapport og handlingsplanar og i sentralt utarbeidde rapporteringssystem.</p> <p>Bibliotek har system for måling via statistikk til Nasjonalbiblioteket.</p>	<p>Kvar einskild einingsleiar. Kommunalsjef</p>

### Delmål 1: Vi skal skape det gode kvardagsliv for innbyggjarane våre

Slik gjer vi det	4-årig målsetting i sektoren	Måleindikator	Ansvar/ samarbeidspart
Vi prioriterer arbeidsmiljø, bemanning og kompetanseutvikling for å sikre god kvalitet i tenestene våre.	<p>Vi gjennomfører medarbeidar- og brukarundersøkingar.</p> <p>Vi ligg innanfor vedtekne målsetjing mop. sjukefråver.</p> <p>Vi utviklar og vedlikeheld opplærings- og kompetanseplan for sektoren / einingane.</p>	<p>Antal gjennomførte undersøkingar.</p> <p>Månadlege sjukefråversoversikt</p> <p>At det er tilrettelagt for vidareutdanning og kurs i samsvar med opplærings- og kompetanseplanen. Gjennomførte kurs og vidareutdanning.</p>	<p>Kommunalsjef og einingsleiarane.</p> <p>Samarbeid med tillitsvalde, tilsette, personal, fagutvikling og fylkeskommunen.</p>

### Delmål 2: Vi utviklar Sunnfjord kommune som regionmotor på Vestlandet

Slik gjer vi det	4-årig målsetting i sektoren	Måleindikator	Ansvar/ samarbeidspart
Vi er aktive med å ta i mot og tilby gode vilkår for lærlingar og studentar i praksis	<p>Vi tek imot lærlingar kontinuerleg.</p> <p>Vi tek imot studentar i praksisperioar innan folkehelse og musikkutdanning.</p>	Gjennomførte lærling-, og praksisperiodar.	<p>Kultur og ungdom.</p> <p>Biblioteka, Kulturskulen, Idrett og friluftsliv.</p> <p>Samarbeid med utdanningsinstitusjonane.</p>

## Delmål 2: Vi utviklar Sunnfjord kommune som regionmotor på Vestlandet

Slik gjer vi det	4-årig målsetting i sektoren	Måleindikator	Ansvar /samarbeidspart
<p>Vi legg til rette for møteplassar som stimulerer til deltaking og offentlig debatt der mangfald, kreativitet, skaparkraft, møter på tvers av generasjonar og aktivitet er høgt verdsett.</p>	<p>Vi utviklar arenaer og legg til rette for fleire møteplassar og arrangement i heile kommunen.</p> <p>Vi vidareutviklar møteplassar på tvers av generasjonar som Familielaurdagar og Bornas verdsdag.</p> <p>Vi utviklar Førdehuset som ein arena for alle generasjonar, med rom for opplevingar, eigenaktivitetar og folkeverkstader.</p>	<p>Antal arrangement gjennomført.</p> <p>Antal aktivitetstimar i idrettshallar og kulturhus.</p> <p>Antal tiltak og arrangement det er søkt på gjennom tilskotsordningane til kommunen.</p>	<p>Kvar einingsleiar i samarbeid med frivillige lag og organisasjonar og andre aktørar.</p>

### 4.6.1 Omtale av dei viktigaste utfordringane

- Å utarbeide ein god strategi og økonomisk ramme for rehabilitering og utvikling av kommunen si storstove Førdehuset når Teater Vestland og Hafstad vgs. flyttar ut i 2023. Førdehuset har allereie stor bruk, men òg stort potensiale for ny bruk og nye brukarar.
- Å løyse behovet for nytt konkurransebasert og rehabilitering av det gamle symjeanlegget ved Førdehuset.
- Å følgje opp investeringsbehova knytt til restaurering av hus og hage i Astruptunet som no pågår, samt nytt visningscenter knytt til tunet.
- Å auke innsatsen når det gjeld aktivitetstilbod til barn og unge, der Sunnfjord kommune ligg lågt på Kostrastatistikken. Førsteprioritet er å opprette ungdomsklubbar på tettstadane i kommunen som har ungdomsskule.
- Å oppfylle ambisjonen om at Sunnfjord skal vere eit kulturelt tyngdepunkt i Vestland og ein attraktiv arrangørstad for store arrangement.
- Å kunne gå inn i eit regionalt friluftsråd i samarbeid med andre kommunar. Dette kan gje opning for å søke på støttemidlar ein elles ikkje har tilgang til. Medlemskap føreset driftsmidlar til årleg medlemsavgift.
- Å løyse rekrutteringsutfordringar særleg innan Bibliotek og Kultur og ungdom, som har delvis små stillingar og utfordring med konkurransedyktig lønsnivå.



#### 4.6.2 Behov driftstiltak

Nr.	Tiltak - kva	Behov				Pri.
		2023	2024	2025	2026	
1	Tilskotsmidlar til frivilliglivet – opptrapping	500	500	500	500	4
2	Teatertilbod kulturskulen	175	175	175	175	5
3	Arrangementsstøtte og auka driftsstøtte til kulturinstitusjonar	620	1 000	1 500	1 500	22
4	Drift av ungdomsklubbar	650	850	950	1150	15
5	Subsidiert idrettshalleige for barn, unge og studentar	1 500	1 500	1 500	1 500	29
6	Pilot – regionalt senter for talentutvikling, Kulturskulen	200	200	200	200	
7	Samarbeid og utvikling av skulebibliotek, biblioteket som inkluderande arena	110	110			
8	Kulturkort for studentar	100	100	100	100	
9	Kunstverk kommunen eig - registrering	100				
10	Stell og vedlikehald av kulturminne	300	300	300	300	
	<b>SUM tiltak</b>	<b>4255</b>	<b>4735</b>	<b>5225</b>	<b>5425</b>	

#### 4.6.4 Grunngeving av driftstiltak

##### Tiltak 1: Tilskotsmidlar frivilligliv kultur og idrett

Det er viktig å følgje opptrappingsplanen når det gjeld tilskotsmidlar til frivilliglivet. Dei frivillige organisasjonane spelar ei svært viktig rolle i samfunnet og bidrar stort til det gode kvardagsliv og positive aktivitetar for innbyggjarar i alle aldrar. 2022 er frivilligheitens år.

##### Tiltak 2: Teatertilbod kulturskulen

Det er viktig å følgje opp startløyvinga til undervisning innan teater/musikal, noko det er stor interesse for. Det er meldt fornya behov her, då Vestlandske teatersenter ikkje lenger er samarbeidspart. Kulturskulen treng òg handlingsrom til å gripe nye moglegheiter ved å vere eit kompetansesenter utover eigen kommune. Her har ein allereie fått tilskot frå nasjonalt

##### Tiltak 3: Arrangementsstøtte og auka driftsstøtte Teater Vestland

Sunnfjord kommune vil profilere seg som eit kulturelt tyngdepunkt i Vestland og ein attraktiv kommune for store nasjonale og internasjonale arrangement. Då må kommunen møte potensielle arrangørar både med økonomisk støtte og god tilrettelegging. Kommunen bør òg kunne tilby ein alternativ plass for større utandørs arrangement og aktivitetar som konsertar, sirkus og tivoli til erstatning for arealet på Utstillingsplassen som no blir disponert til parkeringsplass. Det ligg intensjonsvedtak om tilskot til VM i vektløfting i 2025, og auka driftstilskot til Teater Vestland frå 2023 ved innflytting i Nynorsketuset..

##### Tiltak 4: Drift av ungdomsklubbar

Det er stor etterspurnad etter gode lavterskel møte- og aktivitetsstader for ungdom. Ungdomsklubben i Naustdal starta opp i september 2021 og har svært stor oppslutning. Den er p.t. prosjektfinsiert og treng sikker drift. Det er vidare ynskje om å starte ungdomsklubb også på Sande, Vassenden, Skei og Viksdalen.

##### Tiltak 5: Subsidiert idrettshalleige for barn, unge og studentar

I Førdehuset er det subsidiert treningsavgift for barn og unge 0-19 år, i tråd med ordning i tidlegare Førde kommune. Det er ynskjeleg å ha liknande ordning for dei andre kommunale

idrettshallane i kommunen, men det medfører ein kostnad i form av reduserte leigeinntekter frå hallane. Låg treningsavgift for barn og unge stimulerer til auka aktivitet og deltaking frå born og unge frå låginntektsfamiliar. Dette er såleis viktig både i folkehelseperspektiv og som sosialt utjamnande tiltak. Studentane ved HVL etterspør òg redusert halleige.

#### **Tiltak 6: Pilot – regionalt senter for talentutvikling, Kulturskulen**

Stortingsmelding 18 «Kunst og kultur for, med og av barn og unge» vil satse på nokre kulturskular rundt i landet som regionale senter for talentutvikling. Sunnfjord kulturskule har både kompetanse, erfaring og vilje til å drive eit slikt senter i vår region. Norsk Kulturskoleråd har løyvd kr 500 000 til at kulturskulen tar ei slik rolle i vår region, men det krevst kommunal medfinansiering.

#### **Tiltak 7: Utvikling av skulebibliotektenester og biblioteket som inkluderande arena**

Tiltaket skal stimulere til leselyst gjennom betre skulebibliotek, og auka bruk av bibliotektenester i heile den nye kommunen ved eksterne midlar og samarbeid. Det er mogleg å søke ekstern medfinansiering til tiltaket. Prosjektet vil legge til rette for at skulane i kommunen har skulebibliotek som ein god læringsarena. Ein vil prioritere dei skulane som ikkje har eit digitalisert skulebibliotektilbod i dag. Tiltaket føreset at ein vidarefører og fornyar samarbeidsavtale mellom folkebibliotek og skule.

#### **Tiltak 8 Kulturkort for studentar**

Tiltaket er eit samarbeidsprosjekt mellom HVL, Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane, Larris Scene og Førdehuset. Tiltaket fekk ei kommunal løyving for 2021/2022 som ei prøveordning. Det er interesse frå alle partar om å vidareføre ordninga. Det vil høve godt inn i arbeidet for å gjere Sunnfjord og Førde til ein attraktiv studiestad.

#### **Tiltak 9 Registrering av kunstverk i kommunal eige**

Kommunen har ikkje per i dag ei fullstendig oversikt over eigne kunstverk. Det trengst å få gjort slik registrering både for å ha oversikt over delvis verdifulle eignelutar, og å kunne lage ein god plan for stell og vedlikehald av kunstverka, særleg dei som står utandørs.

#### **Tiltak 10: Stell og vedlikehald av kulturminne**

For å følgje opp prioriterte tiltak kulturminneplan for Sunnfjord kommune, som er planen å ferdigstille i løpet av 2022, er det viktig å ha nokre øyremerka midlar til stell og vedlikehald av kulturminna. Midlane kan ev. òg nyttast som tilskot til frivillige / organisasjonar som kan bidra med frivillig arbeid på dette feltet. Uavhengig av dette har kommunen automatisk freda kulturminne som vi er pliktige til å halde i stand.

### 4.6.3 Behov investering

Nr.	Tiltak - kva	Behov				Pri.
		2023	2024	2025	2026	
1	Folkemusikkinstrument kulturskulen	605				Ja
2	Astruptunet - kommunal andel	3 600				Ja
3	Garasjebygg og toalett Hafstadparken	1 000				Ja
4	Oppgradering av Førdehuset	3 000	25 000	25 000	25 000	Delvis
5	Forskottering spelemidler	1 000				Nei
6	Symjebasseng Førdehuset		203 000			Delvis
6	Symjebasseng Førdehuset, spelemidler		- 47 751			Delvis
7	Astruptunet visningssenter m/arkitektkonkurranse	1 000		49 500		Delvis
7	Astruptunet – visningssenter (tilskot)			- 24 000		Ja
8	Fornyning av inventar i Førdehuset	2 000	2 500	1 250		Nei
9	Tiltak og rehabilitering sel, Flugestøylen	100				Nei
10	Vatningsanlegg på grasbana ved Førdehuset		800			Nei
11	Akustikktilpassing i salar på Kulturskulen	1 000				Nei
11	Akustikktilpassing i salar på Kulturskulen, tilskot	- 500				Nei
12	Viksdalen og Vassenden bibliotek - fornying		300	300		Nei
13	Rehabilitering av dekke - Naustdalshallen		2 000			Nei
14	Eikaasgalleriet – opparbeiding av utomhusareal		1 549	2 500		Nei
	<b>SUM</b>	<b>12 805</b>	<b>187 398</b>	<b>54 550</b>	<b>25 000</b>	

### 4.6.5 Grunngeving av investeringstiltak

#### Tiltak 1: Folkemusikkinstrument - kulturskulen

I 2019 tilsette kommunen to nye distriktsmusikarar innan folkemusikk i Kulturskulen. Det er naudsynt å bygge opp ein instrumentpark til utleige til elevar innan dette feltet når ein no får auka etterspørsel etter dette undervisningstilbodet.

#### Tiltak 2: Astruptunet - kommunal andel

Det store restaureringsprosjektet av hus og hage i Astruptunet starta i 2020, og er i hovudsak finansiert med gåvemidler frå Sparebankstiftelsen DNB, med 34,5 mill. kroner. Det er svært viktig at kommunen følger opp med eigne midlar i prosjektet i tråd med finansieringsplanen for prosjektet.

#### Tiltak 3: Garasjebygg og toalett Hafstadparken

Hafstadparken er mykje nytta både til trening, leik og annan aktivitet. Det er stor trong for toalettfasilitetar, særleg når klubbhuset er stengt for dagen. Kommunen og idrettslaget har òg mykje utstyr som det er behov for å kunne setje under tak for at levetida ikkje skal redusertast kraftig. Tiltaket fekk løyving over årsbudsjettet for 2022, men vart ikkje

fullfinansiert. Førde idrettslag har søkt Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane og fått bidrag til prosjektet. Det er viktig å få fullfinansiert prosjektet slik at tiltaket kan gjennomførast.

#### **Tiltak 4: Oppgradering av Førdehuset**

Den eldste delen av Førdehuset er frå 1976. Det er trong for oppgradering, særskilt av denne delen av huset. Teater Vestland og Hafstad vidaregåande skule, som leiger lokale i Førdehuset i dag, flyttar til Nynorskhuset og Førde campus i 2023. Det er difor viktig å sikre utvikling av huset for nye aktivitetar og brukarar, og for å møte dagens krav til fasilitetar. Det er utarbeidd ein moglegheitsstudie som peikar på løysingar for rehabilitering, utvikling og ny bruk av huset. Ei grov kalkyle for tiltaka nemnt i moglegheitsstudien er 70 mill. kroner. Det vert no arbeidd med ein strategi for utvikling av huset der ei prioritering av utviklingstiltak for huset vert foreslått, med ombygging / rehabilitering over nokre år. Det er lagt inn midlar til forprosjekt/prosjektering i 2023 for første steg av rehabiliteringa.

#### **Tiltak 5: Forskoting spelemidlar**

Sunnfjord kommune har gjort vedtak om å opprette eit ubunde investeringsfond på 5 millionar kroner for avsetting av midlar til «Forskoting av spelemidlar til anlegg for idrett, fysisk aktivitet, friluftsliv og kulturbygg». Det er gjort avsetjing til fondet dei siste 3 åra. 2023 er det siste året for avsetjing til fondet.

#### **Tiltak 6: Symjebasseng Førdehuset**

Med grunnlag i sak BY-068/18 i Førde kommune og sak KST-123/20 i Sunnfjord kommune er det starta arbeid med eit forprosjekt som omhandlar planlegging og prosjektering av nytt symjeanlegg i Førdehuset. Det var sett av 83 mill. kroner i 2024 til tiltaket i førre økonomiplanperiode. Kulturdepartementet har godkjent planane og det er lagt til grunn delfinansiering med spelemidlar som òg inkluderer ein særskilt tilskotssats med eit tillegg på 30% som følgje av interkommunalt anlegg. Dette føreset oppstart i 2024. Det er gjort ei vurdering av kostnadane som ligg til grunn for nytt symjeanlegg med tillegg av kostnader til rehabilitering av eksisterande anlegg. Kostnadane er prisjustert til 2021 og det er nytta prisar frå samanliknbare anlegg. Samla utgjer dette kostnadar på 203 mill. kroner. Det nye kostnadsoverslaget avvik svært mykje frå den avsetjinga som tidlegare var gjort. Med mange store investeringsbehov og avgrensa rammer, finn ikkje kommunedirektøren å kunne prioritere nytt symjeanlegg i komande økonomiplanperiode, men tilrår å rehabilitere det eksisterande anlegget i første omgang.

#### **Tiltak 7: Astruptunet visningscenter med arkitektkonkurranse**

Plassering av det planlagde visningscenteret ved Astruptunet er vedteken, og vi kan no gå vidare med reguleringsplanarbeidet og vidare prosjektering av det planlagde centeret. Med den auka merksemda Nikolai Astrup har fått gjennom fleire utstillingar i inn- og utland dei siste åra, og det store restaureringsarbeidet som no skjer i Astruptunet, kan vi forvente auka interesse og tilstrøyming til tunet i åra framover. Visningscenteret som skal byggast i eit krevjande terreng og med særskilde kulturhistoriske verdiar å ta omsyn til, vil i seg sjølv vere av nasjonal og internasjonal interesse. Det er forventningar frå fleire hald om at det vert køyrt ein arkitektkonkurranse for eit slikt viktig bygg. Det er difor lagt inn ein sum til arkitektkonkurranse i 2023, og vidare avsetjing til sjølv bygget i 2025. Visningscenteret vil trenge finansiering også frå eksterne bidragsytarar for å kunne realiserast.

#### **Tiltak 8: Fornyng av inventar i Førdehuset**

Førdehuset har mykje inventar og utstyr som er av eldre dato og svært slitt. Skal Førdehuset framstå som ein god arena og møteplass både for daglege aktivitetar og store arrangement, er det viktig å ha oppgraderte og tidsriktige fasilitetar. Dette vil òg styrke inntekspotensialet for huset gjennom utleige. Det er stor trong nye stolar til arrangement i Idrettshallen, stolar og bord til Festsalen, sittemøblar i biblioteket og skifte av fronthøgtalarflate i Storsalen.

### **Tiltak 9: Tiltak og rehabilitering sel, Flugestøylen**

Jølster kommune vart eigar av eit sel og del av ei støylskvie på Flugestøylen i samband med kjøp av eidedomen Gnr. 359 Bnr. 4 (Smiehogjen) i 2016. Sunnfjord kommune har no starta opp eit prosjekt for å ferdigstille Flugestøylen som eit statleg sikra friluftslivsområde og utføre tilretteleggingstiltak for ålmenta. Prosjektet har ein totalkostnad på 930 000 kroner, og er planlagt finansiert med tilskotsmidlar, dugnad og noko kommunal eigenkapital.

### **Tiltak 10: Vatningsanlegg på grasbana ved Førdehuset**

Grasbana ved Førdehuset har ikkje vatningsanlegg per i dag. Dette fører til at ein må bruke manuelle løysingar og uforholdsmessig mykje personalressursar for vatning av bana.

### **Tiltak 11: Akustikktilpassing i ensemblesalar på Kulturskulen**

Kulturskulen var ny i 2020, men akustikkmåling i dei to ensemblesalane ved skulen vart tatt ut av prosjektet. Dei to salane treng betre og meir differensiert akustikk til ulike typar musikkframføring og -øving. Prosjektet har fått eksterne tilskotsmidlar til eit forprosjekt for tiltaket.

### **Tiltak 12: Viksdalen og Vassenden bibliotek - fornying**

Skal bibliotekavdelingane på Viksdalen og Vassenden støtte framtidens behov som møtestad og formidlingsarena, trengst fornying av inventar og ombygging til meirope (tilgjenge for publikum via lånebrikke utanom ordinær opningstid).

### **Tiltak 13: Rehabilitering av dekke –Naustdalshallen**

Golvdekket i Naustdalshallen har no runda 20 år. Dekket har dårleg demping sett i høve til dagens standard. Dett fører til avgrensa utleige av hallen. Det er aktuelt å inngå eit samarbeid med Tambarskjelvar for å få på plass finansiering.

### **Tiltak 14: Eikaasgalleriet – opparbeiding av utomhusareal**

Jølster kommune utarbeidde ein plan for opparbeiding av uteområdet ved Eikaasgalleriet, med ein kostnadskalkyle på om lag 7 mill. kroner, og forventa tilskot på 3,5 mill. kroner. Prosjektet vart ikkje gjennomført før kommunesamanslåinga. Behovet for oppgradering av arealet er framleis til stades.

### **Nasjonal vektløftararena**

Sunnfjord kommune har gjort eit intensjonsvedtak om å støtte ein søknad frå Sunnfjord idrettsråd og Tambarskjelvar i.l. om å få lagt ein nasjonal vektløftararena til Førde. For å få tildelt ein slik nasjonalarena, må forslaget ha tilslutning frå Norges vektløftarforbund, Norges Idrettsforbund og Kulturdepartementet. Om Kulturdepartementet gjer eit positivt vedtak i saka, må finansiering og andre forhold rundt anlegget utgreiast nærare og takast opp att ved framtidig revidering av økonomiplanen.

## 4.7 Teknisk og miljø

### 4.7.1 Handlingsplan for sektoren

Delmål 1: Vi skal skape det gode kvardagsliv for innbyggjarane våre			
Slik gjer vi det	4-årig målsetting i sektoren	Måleindikator	Ansvar / samarbeidspart
Vi er ein kommune som sikrar ei god integrering og norskopplæring for våre utanlandske borgarar, slik at desse kan vere ein ressurs både i arbeidsliv og kvardagsliv.	<p>Teknisk og miljø tilbyr språkpraksis for to personar pr. år</p> <p>Brann og redning inviterer til familielaurdag der barn og vaksne får innblikk i arbeid og utstyr til brannvesenet, minimum ein gong pr. år.</p>	<p>Gjennomført språkpraksis.</p> <p>Gjennomførte tiltak.</p>	<p>Kommunalsjef og einingsleiarar.</p> <p>Brannsjef</p>
Vi skal systematisere og integrere informasjon om berekraft	<p>Etablere klimabudsjett.</p> <p>Sikre klimaomstilling og naturmangfald i arealplanelegginga Klimarekneskap</p> <p>Vi har auka fokus og kunnskap om berekraftsmål og rapportering på desse hjå alle tilsette</p>	<p>Vedteke klimabudsjett</p> <p>Arealrekneskap, klimaomstillingsplan.</p> <p>Tema vert å ta opp i personalmøte og einingsleiar møte, minimum 4 gonger i året.</p>	<p>Einingsleiar Landbruk og Miljø</p> <p>Einingsleiar Plan og Byggesak</p> <p>Kommunalsjef</p>
Vi prioriterer arbeidsmiljø, bemanning og kompetanseutvikling for å sikre god kvalitet i tenestene våre	<p>Vi gjennomfører medarbeidar- og brukarundersøkingar</p> <p>Vi ligg innanfor vedtekne målsetjing mop. sjukefråvær.</p> <p>Vi utviklar og vedlikeheld opplærings- og kompetanseplan for sektoren / einingane.</p>	<p>Antal gjennomførte undersøkingar.</p> <p>Månadlege sjukefråversoversikt</p> <p>At det er tilrettelagt for vidareutdanning og kurs i samsvar med opplærings- og kompetanseplanen. Gjennomførte kurs og vidareutdanning</p>	<p>Einingsleiarar og kommunalsjef</p> <p>Einingsleiarar og kommunalsjef</p> <p>Einingsleiarar og kommunalsjef</p>

## Delmål 2: Vi utviklar Sunnfjord kommune som regionmotor på Vestlandet

Slik gjer vi det	4-årig målsetting i sektoren	Måleindikator	Ansvar /samarbeidspart
Vi er aktive med å ta i mot og tilby gode vilkår for lærlingar og studentar i praksis	Teknisk og Miljø skal ta imot minimum 2 lærlingar kvart år.	Antall lærlingar årleg.	Aktuell einingsleiar
	Teknisk og Miljø skal ta imot minst 1 student på praksis årleg.	Antall studentar på praksis årleg.	Aktuell einingsleiar
Vi legg til rette for møteplassar som stimulerer til deltaking og offentleg debatt der mangfald, kreativitet, skaparkraft, møter på tvers av generasjonar og aktivitet er høgt verdsett.	Etablere møtepunkt og arrangere ymse møter og seminar, for å møte aktuelle næringar og fagområder som kommunen har mykje kontakt med gjennom lovverket	Antall møter og arrangement i løpet av året med gode resultat.	Einingsleiarar i lag med kommunalsjef
	Delta på fylkesdekkande arena som omhandlar teknisk og miljø.	Antall deltaking på aktuelle areana i løpet av året.	Einingsleiarar i lag med kommunalsjef

### 4.7.1 Omtale av dei viktigaste utfordringane, både drift og investering

Sektoren femnar om viktige samfunnsområde som dagleg møter innbyggjarane. Høg kvalitet på tenester for innbyggjarane er hovudoppgåva og målet til sektoren. Sektoren vil medverke til langsiktig tilrettelegging og planlegging for bustader, næring og samferdsel. Sunnfjord kommune sitt arbeid med klima og miljø vil bli koordinert frå sektoren.

- Sunnfjord kommune er no i ferd med å utarbeide kommuneplanen sin arealdel (KPA). Nokre utgreiingstema må kjøpast, men målet er å gjere mest mogleg sjølv innanfor dei økonomiske rammene. Dette er eit omfattande arbeid som pågår over fleire år.
- Reinhold og vaskeri får tildelt nye areal å vaske som tilsvarer ca 1 mill.kr. Dette vert ikkje kompensert for og må dekkast innanfor gjeven råde.
- Det er behov for fleire stillingar innan landbruk og miljø, m.a. som kan følgje opp utvikling og omstilling av landbruket og landbrukseigedomane, samt følgje opp klimatiltak og naturfare m.m.
- I 2021 har Sunnfjord kommune hatt eit vedlikehaldsbudsjett på ca. 25 kr per kvadratmeter bygningsmasse (Kostra). Anbefalt nivå er 200 kr. pr. kvadratmeter. (Til samanlikning kan nemnast at Sogndal har eit vedlikehaldsbudsjett på 124 pr. m2 og

Stryk 148 pr. m2.) For å unngå verdireduksjon av kommunens bygningsmasse er det i framtida nødvendig å auke årleg vedlikehaldsbudsjett.

- Sunnfjord kommune er i ferd med å planlegge nye brannstasjonar på Vassenden og Skei, som vonleg står ferdige i løpet av vinteren 2023. I tillegg må kommunen få lukka avvik i løpet av september 2022, for Førde brannstasjon og etter kvart byrje å planlegge ein ny stasjon. Det har vore ein del usemje innan brann og redning. Det vert arbeid måretta for å betre samarbeidet i heile brann og redningstenesta i kommunen.
- Kvaliteten vert stadig dårlegare for dei kommunale vegane og bruene. For å unngå ytterlegare verdireduksjon av den kommunale samferdsla, er det i framtida nødvendig å auke årleg vedlikehaldsbudsjett monaleg.
- På VA området vert det investert for meir enn den planlagde råma tilseier. Dette kjem seg mellom anna av tiltaka i Førdepakken og Sunnfjord Næringspark.

#### 4.7.2 Behov driftstiltak

Nr.	Tiltak - kva	Behov				Pri.
		2023	2024	2025	2026	
1	Underdekning – byggvedlikehald	500	500	500	500	3
2	Vegvedlikehald - vektklasse problematikk	300	300	300	300	17
3	Underdekning – vedlikehald veg	2200	2200	22 00	2200	17
4	Reinhald hall på Skei og Halbrend	500	500	500	500	20
5	Vaktmeister Astruptunet	500	500	500	500	28
6	Drift som følge av nye bygg (eks. reinhald)	500	500	500	500	30
7	Fornyng og vedlikehald av bruer	5 000	5 000	5 000	5 000	
8	Vedlikehald tunellar	1 500	1 500			
9	Fagarbeidar veg og park	650	650	650	650	
10	Anleggsgartnar		650	650	650	
11	ArcGis	209	209	209	209	
12	Lease oppmålingsbil	50	50	50	50	
13	Detaljplanlegging Kjøsnesfjorden	500	500			
14	Reinhald Prestebøen 8	310	310	310	310	
15	Reinhald Prestebøen 19	220	220	220	220	
16	Aktivitetseininga Sande	160	160	160	160	
17	Kommunehuset i Naustdal			340	340	
18	Friskhuset Naustdal			430	430	
19	Grunnopplæring brannmannskapet	400	400	400		
20	Ny brannstasjon i Førde-leige			800	800	
21	Ny 100% stilling feiing/tilsyn	700	700	700	700	
22	Medlemsskap i Vest Brann og redningsorgan	150	150	150	150	
23	Prosjekt oppretthalde kjøt- og mjølkeproduksjon	100	100	100	100	
24	Stilling som fagkoordinator naturfare	800	800	800	800	
25	Stilling som fagkoordinator miljø	800	800	800	800	
26	Rådgjevar jordbruk og bygd	750	750	750	750	
27	Utgreiing av elektroføretak m.m.	500				
38	Byggdrift-etablering av vakttelefon	500	500	500	500	
	<b>SUM tiltak</b>	<b>18 299</b>	<b>18 449</b>	<b>18 019</b>	<b>17 619</b>	





### 4.7.3 Grunngeving driftstiltak

#### Plan og byggesak

##### Kommuneplanen sin arealdel

Sunnfjord kommune er ambisiøs i arbeidet med kommuneplanen sin arealdel (KPA). Nokre utgreiingstema må kjøpast, men målet er å gjere mest mogleg sjølv innanfor dei økonomiske rammene. Vi er no i ferd med å utarbeide den første arealplanen for heile Sunnfjord kommune. Utfordringa er å vere prinsipiell framfor å lage ein detaljert plan. Målet er ein plan som mellom anna er med å legge til rette areal for vidare utvikling av bu- og arbeidsregionen med tanke på samfunn, offentleg og privat verksemd.

#### ArcGis

Det er allereie investert i ArcGis som vil hjelpe oss i kommuneplanarbeidet og andre planprosessar fram i tid. Det er eit godt analyseverktøy, samt at den ved bruk av modellar og kart betre kan synleggjere konsekvensar og resultat av søkte tiltak før vi gjer vedtak. Den er også eit godt verktøy knytt til plandialog med rørte partar m.m. Kostnadene er fordelt mellom Areal- og byggesak, Teknisk drift og Idrett og friluftsliv. Areal- og byggesak tek brorparten av utgiftene på investering og årlege kostnader. Årlege kostnader, minus sparte utgifter på dagens planregister, vert frå og med år 2023 kr 208 680,-.

#### Reinhald og vaskeri

Utfordringane til reinhald og vaskeri er høgt sjukefråvær, gammal maskinpark, stor utfordring i å få tak i nok arbeidskraft, samt manglande ressursstyringssystem. I tillegg får eininga tillagt meir areal å vaske, utan at dette fullt ut vert kompensert i budsjettråma. Det er avsett kr 500.000,- til reinhald av hallar på Skei og på Halbrend, med prioritet 19, men det kompenserer ikkje for auken i areal. Ein er godt i gong med å skifte ut det meste av den gamle maskinparken og er i ferd med å få på plass eit ressursstyringssystem. Ved å skifte ut maskinparken og gå over til meir maskinelt reinhald, vil ein ha mindre belastning på dei tilsette, som igjen vil ha innverknad på sjukefråværet. Eit ressursstyringssystem vil gjere det lettare for eininga å bli digitale, dokumentere utført reinhald og eit positivt arbeidsreiskap for reinhaldarane, som gjer at arbeidsbelastninga blir meir riktig med tanke på stillingsprosent. Eininga vil også kunne hente ut effekten av samanslåinga på ein betre måte.

#### Landbruk og miljø

Det er vedtatt at kommunen skal utarbeide ein Strategisk næringsplan for landbruk. Bakgrunnen er behov for utvikling og omstilling av landbruket/landbrukseigedomane. Som del av planarbeidet er det sagt at kommunen bør medverke til at det vert etablert:

- Tiltak for å oppretthalde mjølk- og kjøtproduksjonen
- Klimatiltak i landbruket
- Tiltak som medverkar til at alle landbrukseigedomar vert busett

Det er på denne bakgrunn trong for ei eiga stilling som kan følgje opp utvikling og omstilling av landbruket og landbrukseigedomane.

##### Klimaomstilling

Oppfølging av Klimaomstillingsplanen for 2019-2030 skal frå 2023 skje gjennom eit klimabudsjett som erstattar handlingsprogrammet for 2019-2022. Klimabudsjett vil bli innarbeidd som del av neste års økonomiplan. Gjennomføring av tiltak føreset øyremerka

midlar innanfor drift og investering, eksterne tilskot og betydeleg eigeninnsats på tvers av organisasjonen.

### Kartlegging av naturskade – sikring mot flaum, ras

Det er sett av eigne årlege investeringsmidlar til etablering av sikringstiltak mot naturfare (for busetnad). Ei eiga stilling er ønskeleg for å styrke kompetansen og kapasiteten til kommunen. Sikringsbehovet er stort i Sunnfjord. Det vil ta mange tiår med årlege sikringstiltak/-prosjekt før all busetnad tilfredsstillar dagens krav til sikringsklasse. Behovet for tilskotsmidlar er langt større enn ramma NVE disponerer (per i dag). Økonomiplanen reflekterer ei avgrensa avsetning til desse formåla, den burde ha vore vesentleg større. Det vil bli utarbeidd tiltaksplan for Sunnfjord kommune med oversyn over mogeleg handlingar.

## **Bygg og eigedom**

### Kommunale bygg

I planperioden er det avsett kr 500.000,- til underdekning byggvedlikehald, som har prioritet 3. I 2021 hadde Sunnfjord kommune eit vedlikehaldsrekneskap på ca. 25 kr per m<sup>2</sup> bygningsmasse (Kostra). Anbefalt nivå er 200 kr. pr. kvm. (Til samanlikning kan nemnast at Sogndal har eit vedlikehaldsbudsjett på 124 pr. m<sup>2</sup> og Stryn 148 pr. m<sup>2</sup>.) For å unngå verdireduksjon av kommunens bygningsmasse er det i framtida nødvendig å auke årleg vedlikehaldsbudsjett. I 2021 fekk eininga auka driftsramma med kr. 1.5 mill. Den summen er brukt på drift og vedlikehald av nye bygg (idrettshallane, kulturskule, mm). Per dags dato ligg Sunnfjord kommune difor fortsatt på kr. 25 /m<sup>2</sup> når det gjeld vedlikehald av bygningsmasse, noko som ikkje er økonomisk forsvarleg. Vedlikehaldsetterslepet aukar med 20-25 mill. kr kvart år.

Det er i planperioden avsett kr 500.000,- til vaktmeister på Astruptunet, med prioritet 26. I tillegg er det avsett kr 500.000,- til drift av nye bygg, med prioritet 28.

### Bustader

Sunnfjord kommune har i 2021 jobba med å få oversikt over bygningsmassen sin når det gjeld bustader. Ressursar til vedlikehald er lågt. Vedlikehaldsmidlane går utelukkande til å dekke ekstraordinære/uføresette utgifter til reperasjonar elanlegg, tak, ventilasjon, varmeanlegg, brannvarsling, nøddlys, maskiner og utstyr.

### Vaktordning

Det bør etablerast ei vakttelefonordning for byggdrifterane i kommunen. Når det er problem med varme, ventilasjon, sd-anlegg, straumanlegg m.m., så vert uansett ein byggdrifter eller driftskoordinator kalla ut av teknisk vakt. Dette bør inn i ordna former.

## **Teknisk drift**

### Kommunale bygg som høyrer teknisk til

Teknisk drift og VA har fleire administrasjons- og driftsbygningar med vedlikehaldsansvar. Det er eit aukande behov for vedlikehald av fleire av desse bygga, då dette har vore nedprioritert i høve til andre behov. Det bør setjast av midlar til dette i Økonomiplanen for dei næraste åra.

### Vegar og samferdsel

Teknisk drift sleit med å få drifta i 2021 i balanse og fekk til slutt ei overskriding på 3.3 mill.kr.(eks. kofagebyr på 2.2 mill.kr). Driftsbudsjettet for 2022 er på **31,879 mill.** kroner, og vil ikkje strekke til dersom alt som er naudsynt av vedlikehald skal gjennomførast. Konsekvensane av dette er redusert grusing, grøfterensking, skogrensing langs vegane og



bruvedlikehald, som i sin tur medfører auka vasskader på veggrunn og vegbane, og oftare varsel frå transportbedrifter om stans av både person- og varetransport, med mindre vegane og siktilhøva vert utbetra.

Med dette som bakgrunn, har eininga bedt om at driftsbudsjettet vert auka opp att med minimum 5.0 mill. for å hindre ytterlegare forfall av vegnettet til kommunen. Dette inkluderer også personellressursar til å oppretthalde nødvendig vedlikehaldsaktivitet i 2022. Det er i planperioden avsett 2.2. mill.kr til vedlikehald veg med prioritet 16. I tillegg er det avsett kr 300.000,- til vegklasseproblematikk, med prioritet 16.

#### Vatn og avløp - VAO

Eit viktig mål i Kommunalteknisk hovudplan – Vatn, avløp og vassmiljø, er ei årleg fornying av VA-nettet på 1 %, som samsvarar med den overordna målsettinga om 100 år levetid. For Sunnfjord kommune utgjorde dette i snitt ca. 15 mill kroner pr år, i 2020.

Kommunestyret i Sunnfjord gav si tilslutning til ein ny strategi, der fornying av VA-anlegg skal finansierast over driftsbudsjettet, med ei opptrapping over 5 år, samtidig som kommunen reduserer investeringsbudsjettet tilsvarande, til kun finansiering av nye anlegg.

Overføring av sanering- og fornying til driftsbudsjettet, vil over tid medføre til redusert låneopptak, og dermed også reduserte kalkulatoriske rente- og avdragskostnader. Med årleg indeksregulering av gebyra, i tråd med løns- og prisvekst, vert gebyrutviklinga forutsigbar, og gjev oss rom for langtidsplanlegging og effektiv forvaltning av gebyrinntektene.

#### Drift:

Strategien møter fleire utfordringar. Den største er kostnadsveksten på VA-området, som i 2021 var om lag 12,0 %, og som er venta også å auke ytterlegare i løpet av 2022.

Ei anna og vesentleg utfordring er «opphoping» av uventa meirkostnader i pågåande prosjekt, på grunn av overskridingar, utsettingar og innhenting av etterslep. I 2021 vart det investert for nær 40 mill. kroner på VA-sektoren, og ein må rekne med like store investeringar i 2022. Dette medfører auka kapitalkostnader dei komande åra, som saman med kostnadsveksten, langt overstig den årlege gebyrreguleringa på 3 %

Konsekvensen av strategien er eit auka driftsnivå, med behov for ressursar til planlegging og gjennomføring av sanerings- og fornyingstiltak.

Innspel til økonomiplanen 2023-2026, frå Teknisk drift knytt til Vatn og avløp, er vedlagt.

#### **Brann og redning**

Brannberedskapen på dei 6 lokalsjonane i ny kommune er basert på eksisterande struktur. Med unntak av Førde, er det utfordrande å rekruttere brannmannskap i tettstadene der brannstasjonane ligg og som samstundes har sitt daglege virke her. Dette krev stadig rekruttering og opplæring av nye tilsette i deltidstillingar. Eininga har ikkje lenger underdekning på personell i leiinga innan brannførebyggjande og brannberedskap i høve til sentrale forskriftskrav. Dette er no dekkja inn i vedteken revidert brannordning.

For å møte forskriftskrav til garderobetilhøve må det investerast i brannstasjonane på Vassenden, Skei og Førde. Garderobetilhøva på brannstasjonane har fått avvik frå Arbeidstilsynet grunna mangel på m.a. skilje mellom rein-/urein sone, dusj/wc, samt dame/herregarderobe. Planleggingsarbeidet i høve brannstasjonar på Vassenden og på Skei er godt og gong, og i løpet av 10-12 månadar, bør desse vere på plass. Vedkommande



brannstasjonen i Førde, så vert det arbeidd med å få lukka avvik i løpet av september 2022. Arbeidet med å sjå seg om etter ei ny plassering av brannstasjon i Førde, samt planlegging av ny brannstasjon, bør byrja hausten 2022. Brannvesenet bør elles skifte ut køyretøy og utstyr i økonomiplanperioden.

Ei særleg utfordring har vore å få på plass ei ny brannordning for heile den nye kommunen, men det byrjar å kome på plass. Kompetanse og erfaring er særleg viktig. Utfordringa er å skape ei overordna brannorganisasjon tufta på felles mål og gjensidig tillit. Økonomiplanen 2022 – 2026 held taket i dette. Revidert brannordning er i ferd med å bli evaluert og skal orienterast om til utvalet for samfunn, kultur og næring, i junimøte. Samhandlingsplanen er også i ferd med å bli evaluert, av eksternt selskap.

#### 4.7.4 Behov investeringstiltak

Nr.	Tiltak - kva	Behov				Pri.
		2023	2024	2025	2026	
1	Miljø: Sikring mot naturfare	1500	1500	1500	1500	Ja
2	Miljø: Klimaomstillingsplan	300	300	300	300	Ja
3	Brann: stasjon/teknisk drift – Skei og forprosjekt Førde	5000				Ja
4	Brann – utstyr, brannbil, kommandobil	1500	1500	1500	1500	Ja
5	Ny feiarbil-HMS	600				Nei
6	Ny brannbil i Førde	5 000				Nei
7	Brukt brannbil	1 000				Nei
8	Små utrykningsbilar Førde og Jølster	400	600			Nei
9	Diverse utstyr og bekledning	1 350	1 350	1 350		Nei
10	Oppgraderingar	200	200	200	200	Nei
11	Golvmaskin, moppevakser, anna reinhald			100		Nei
12	Rehabilitering bygg – (detalj i plan)	11000	12000	12000	12000	Ja
13	Diverse akutte behov	100				Nei
14	ENØK – kommunale bygg	6000	6000	6000	6000	Ja
15	Bustader - sal av bustader					Nei
16	Intensjonsavtale om kjøp av Hafstad vgs	110 000				Ja
17	Kommunale vegar (detalj i plan)	7250	7250	7250	7250	Ja
18	Trafikktryggleiksplan (eigenandel)	3750	3750	3750	3750	Ja
19	Teknisk drift: maskiner og utstyr	7 850	9 450	1 450	1 250	Delvis
20	Helgåsvegen	2600	4400	3000		Ja
22	Universell utforming	4 000	8 000	8 000	8 000	Nei
23	Uforventa / endring drift	5 000	5 000	5 000	5 000	Nei
24	Investeringstiltak klimaomstillingsplanen	500	500	500		Nei
25	Hallar. Golvv.maskin, Moppev.maskin med lokasse, kjøleskap, vogn og moppar	260	260			Nei
26	Lagerhall i Førde	3 000				Nei
27	Lagerhall for maskiner og utstyr Sande	3 000				Nei



Nr.	Tiltak - kva	Behov				Pri.
		2023	2024	2025	2026	
28	Oppsetting av gatelys	1 500	1 500	1 500	1 500	Nei
29	Utbetring vegkryss E39 - Alværn	2 500	500			Nei
30	Ombygging TD - Skei i samband med ombygging for brannvesenet	5 700				Nei
31	Detaljplan Kjøsnesfjorden	500	500			Nei
32	Hall i Bygstad-innkjøp av maskiner/utstyr	150				Nei
33	Friskhus Naustdal-innkjøp av maskiner			100		Nei
34	Oppgradering av utstyr skule/bhg/omsorg	200	200	200	200	Nei
35	Opprusting teknisk drift Reiakvam	1 000	500			Nei
36	Nye lyspunkt Løvfallsfeltet:	500				Nei
37	Snødeponi/Nedsmeltingsanlegg	500	500	500	500	Nei
38	Eigenandel til sykkelparkeringsprosjekt	125	125			Ja
	<b>SUM</b>	<b>237 935</b>	<b>102 185</b>	<b>71 900</b>	<b>31 650</b>	
	<b>Tiltaksplanar VAO og Førdepakken</b>	<b>17000</b>	<b>17000</b>	<b>17000</b>	<b>17000</b>	<b>Ja</b>

#### 4.7.5 Grunngeving investeringstiltak

##### Reinhold og vaskeri

Nye hallar i Sunnfjord krev nye maskiner for å kunne utføre effektivt og godt reinhold. I tillegg må gamle maskiner skiftast ut på institusjonane. Utover i planperioden vil løyvingar mest bli brukt til utskifting av utrangerte maskiner.

##### Landbruk og Miljø

###### Miljø: Sikring mot naturfare / klimaomstillingsplan

Forslaget omfattar rehabilitering av rasvollar og tryggleikstiltak for å sikre mot flaum og skred m.m. Denne potten burde vore på 5 mill.kr for å hurtigare få sikra rasutsette områder. Det er også føreslått midlar til investering i høve klimaomstillingsplanen.

##### Bygg og eigedom

###### Rehabilitering bygg (detaljert plan)

Sunnfjord kommune disponerer 80 bygg på 139.000 m2. Alle bygg er synfart og vurdert i tilstandsklassar. Det er estimert eit stort behov for oppgradering. Behova er kategorisert utifrå lovkrav (td. brannvern), universell utforming, skade på konstruksjon, lekkasje mv. For å oppgradere bygg i samsvar med kartlegginga må tiltaka finansierast i og etter planperioden. Det er burde vore avsett 25 mill.kr kvart år i planperioden, her er føreslått avsett 11 mill.kr i 2023 og 12 mill.kr i resterande planperiode.

###### ENØK – kommunale bygg

Alle bygg i Førde, Jølster, Naustdal og Gaular er kartlagt for enøkpotensiale. Kartlegging er naudsynt for å få tilskott frå ENOVA. Kommunen har energikostnader på 24 mil. kr. Tiltak skal bidra til reduserte energikostnader i innsparingsprosjektet.

###### Universell utforming og uforventa/ending i drift



Det er foreslått tilsaman avsett kr 9 mill.kr i år 2023 og 13 mill.kr seinare år. Ligg ikkje inne i prioritert liste.

### **Teknisk drift**

#### Kommunale vegar (detaljert plan)

Sunnfjord kommune har eit utdatert vegnett og dyr drift på deler av strekningane. Løyving til veg vil bli prioritert til asfaltering og utbetring av vegnettet for å spare driftsmidlar.

Kommunen har 100 km veg utan fast dekke av totalt 300 km kommunal veg. Ein mindre del av investeringssummen vil bli nytta til utstyr. Forslaget til løyving på 11 mill.kr er naudsynt for å redusere meirforbruk frå tidlegare år og manglande oppfølging av kommunale vegar og bruer. Det er prioritert inn 7.25 mill.kr. i investeringsbudsjettet.

#### Trafikktryggleiksplan (eigenandel)

Løyvinga gjeld eigenandel til fylkeskommunal utbetring av trafikkfarleg punkt. Kommunen vil søke medverknad med skular, barnehagar og grendelag om viktige prosjekt.

#### Lagerhallar m.m.

Det er behov for ein lagerhall i høvesvis Førde og på Sande, pluss oppdatering på Reiakvam og på Skei.

#### Teknisk drift: Maskiner og utstyr

Det er kontinuerleg behov for utskifting av anleggsmaskiner, bilar og verktøy/maskiner. Dette er midlar avsett til slikt føremål.

#### Helgåsvegen (Naustdal)

Helgåsvegen bør rustast opp for å kunne fornye VA og legge grunnlag for vidare utbygging av byggefeltet aust for Naustdal sentrum. Det er inngått utbyggingsavtale i samband med vidare utbygging i området.

#### VAO

Det urealiserte etterslepet pr 1.1.22 er på ca 70 mill. Talet er ikkje endra det siste året, trass i VAO-investeringar på nær 40 mill. i 2021. Årsaka er «opphoping» på grunn av meirkostnader og utsettingar, og løyvingar til nye utbyggingsprosjekt, til dømes Indre Øyrane.

Prosjektrekneskapan viser at det vart investert 38 mill. kr i 2021, dvs 11 mill over den planlagde råma. Av dette vart 29 mill brukt til Sunnfjord næringspark. Kommunen manglar framdriftsplanar og budsjett for fleire gjenståande tiltak i Førdepakken, og må difor framleis ta høgde for store meirkostnader til VA-anlegg.

### **Brann og redning**

#### Brannstasjon/teknisk drift – Skei og Førde

Sunnfjord kommune er pålagt av Arbeidstilsynet å oppgradere brannstasjonane i Førde, Vassenden og på Skei. Kravet gjeld etablering av garderobe med sone for av- og påkledning av «rein» og «urein» bekledning m.m. Stasjonane har heller ikkje garderobe for kvinner. Det er utarbeidd planar for brannstasjonen på Skei, i samsvar med naudsynte krav frå arbeidstilsynet, og denne er vonleg operative i løpet av 10-12 månader, dersom fullfinansiering. Vedkommande brannstasjonen i Førde, så vert det arbeidd med å få lukka avvik i løpet av september 2022. Arbeidet med å sjå seg om etter ei ny plassering av brannstasjon i Førde, samt planlegging av ny brannstasjon, bør byrja hausten 2022.

#### Brannutstyr, brannbil, kommandobil

Brann og redning må med jamne mellomrom, skifte og oppdatere utstyr, bekledning, brannbilar og andre køyretøy m.m., gjeldande for alle brannstasjonane.



## 5 Prioriterte driftstiltak

Siste del av kapittel 3 omhandler konsekvensjustert økonomiplan 2023-2026. Det er oppsummert eit lite positivt handlingsrom på 2,5 mill. kroner i 2026.

Kapittel 4.1 til og med 4.7 presenterer behov for driftsmidler innanfor dei ulike sektorane. Behova summerer seg til 100 mill. kroner i 2023 til 122 mill. kroner i 2026.

Endra føresetnadar i folketalsutvikling, busetting av flyktningar og renteutvikling kan medføre endringar i handlingsrommet i planperioden.

Kommunedirektøren tilrår derfor å utarbeide prioritering av nye driftstiltak dersom handlingsrommet oppstår i årsbudsjett 2023 eller ved revidering av økonomi- og handlingsplan neste år.

Samtidig er det viktig å understreke at vi må førebu oss på å løyse dei behova som kjem innanfor eksisterande driftsrammer.

Prioritering av driftstiltak i tabell på neste side er i stor grad ei vidareføring av prioriteringar frå økonomiplan 2022-2025. Følgjande endring er gjort:

- Lønspott til harmonisering (tidlegare prioritert tiltak 21) er teke ut og erstatta med betalt matpause på Førde omsorgssenter.
- Kompensasjon for reduksjon av styrkingsmidlar til skulehelsetenesta (tidlegare prioritert tiltak 22) er auka frå 500 000 kroner årleg til 3 mill. kroner årleg.

Tiltak markert med grønt er delvis finansiert innanfor handlingsrommet.

Sektor	Tiltak - kva	2023	2024	2025	2026	Pri.
Omsorg	Vekst brukarar i heimetenestene/omsorgssenter	2 500	5 000	7 500	10 000	1
Skule	Vedlikehald og fornying av datamaskiner og digitale læremiddel/lisensar	1 000	2 000	3 000	4 000	2
Teknisk og miljø	Underdekning – byggvedlikehald	500	500	500	500	3
Kultur og idrett	Tilskotsmidlar til frivilliglivet, kultur og idrett – opptrapping	100	100	100	100	4
Kultur og idrett	Teatertilbod kulturskulen	40	40	40	40	5
Stab og støtte	Handlingsplan digitaliseringsstrategi/ lisens M365	2 000	2 000	2 000	2 000	6
Barnehage	Pedagognorm (fleire barnehagar går på disp.)	2 400	2 400	2 400	2 400	7
Skule	Auke i tal timar til tilpassa opplæring med 40 veketimar (60 min)	2 000	2 000	2 000	2 000	8
Helse og sosial	Fullfinansiering av utekontakt stilling	400	730	730	730	9
Helse og sosial	Butilbod i ein anna kommune, enkeltbrukar	480	480	480	480	10
Stab og støtte	Lærlingar - delfinansiering (frå 1 til 2 lærlingar pr. 1000 innbyggjar)	500	1 000	1 500	2 000	11
Omsorg	Omsorgssenter; rekrutteringstiltak	1 500	2 500	3 500	3 500	12
Omsorg	Betalt matpause	1 200	1 200	1 200	1 200	13
Helse og sosial	Kompensasjon for meldt gradvis reduksjon av styrkingsmidlar skulehelsetenesta	1 000	3 000	3 000	3 000	14
Helse og sosial	Direkte tiltak retta mot sårbar ungdom (tidlegare fellestiltak kultur/helse)	300	300	300	300	15
Kultur og idrett	Ungdomsklubbar (tidlegare fellestiltak kultur/helse)	650	850	950	1150	15
Skule	Leirskule, lovfesta tiltak	500	500	500	500	16
Teknisk og miljø	Vegvedlikehald - vektklasse problemattikk	300	300	300	300	17
Teknisk og miljø	Underdekning – vedlikehald veg	2 200	2 200	2 200	2 200	17
Helse og sosial	Fysio/ergoterapei: fullfinansiering av stilling som turnusfysioterapeut	300	300	300	300	18
Stab og støtte	Innkjøpsressurs (vedtak om å ikkje delta i innkjøpssamarbeid)	650	650	650	650	19
Teknisk og miljø	Reinhold hall på Skei og Halbrend	500	500	500	500	20
Barnehage	Kontinuerleg barnehageopptak	500	500	500	500	21
Kultur og idrett	Arrangements- og driftsstøtte (Landsfestivalen g.d. musikk/ Teater Vestland)	620	420	420	420	22
Skule	Nye elevar i skulen med behov for spes.ped.	1 500	1 500	1 500	1 500	23
Stab og støtte	Kreftkoordinator – auke frå 50 % til 100 %	425	425	425	425	24
Barnehage	Tilskot til private barnehagar	1 500	1 500	1 500	1 500	25
Stab og støtte	Jurist med kompetanse innan barnevern - delfinansiering	500	500	500	500	26
Helse og sosial	Beredskapsgodtgjersle og kompensasjon koordinering Best trening	750	750	750	750	27
Teknisk og miljø	Vaktmeister Astruptunet	500	500	500	500	28
Kultur og idrett	Subsidiert halleige for barn, unge og studentar, Idrettshallane	1 500	1 500	1 500	1 500	29
Teknisk og miljø	Drift som følgje av nye bygg (eks. reinhold)	500	500	500	500	30
Omsorg	Auke bemanning knytt til tiltak	3 600	3 600	3 600	3 600	31
Omsorg	Auka etterspørsel avlastingstiltak barn	3 500	3 500	3 500	3 500	31
Omsorg	Tiltak Røysumtunet	1 561	1 561	1 561	1 561	31
Omsorg	Forsterka skjerma eining	2 000	2 000	2 000	2 000	31
Omsorg	Demenskoordinator, 50%	400	400	400	400	31
Omsorg	Kreftkoordinator	400	400	400	400	31
Omsorg	Velferdsteknologi	1 500	1 500	1 500	1 500	31
Omsorg	Forløpskoordinator psykiatri, 50%	400	400	400	400	31
Omsorg	Kompetanseheving	500	500	500	500	31
Omsorg	Matvert 64% stilling, pensjonistheimen	440	440	440	440	31
Omsorg	Ass. einingsleiar 50%	400	400	400	400	31
Omsorg	Leasingbilar	200	200	200	200	31
Stab og støtte	Sunnfjord Utvikling - prosjektmidlar knytt til grøn omstilling og kveldsøkonomi	1 000	1 000	1 000	500	32
<b>SUM</b>		<b>45 216</b>	<b>52 546</b>	<b>57 646</b>	<b>61 346</b>	

Tabell er oppdatert i samsvar med kommunestyrevedtak 070/ punkt 1.



## 6 Prioriterte investeringar

Det er lagt til grunn handlingsregel om at lånegjelda ikkje skal auke i planperioden 2023-2026, med unntak av kjøp av Hafstad vgs i 2023 til 110 mill. kroner.

Tabellen på neste side viser prioriterte investeringar i gjeldande økonomiplan og forslag til prioriteringar i økonomiplan for perioden 2023 – 2026.

Prioritering av investeringstiltak i tabell på neste side er i stor grad ei vidareføring av prioriteringar frå økonomiplan 2022-2025. Følgjande endring er gjort:

- Auka løyving til Førdepakken – kommunal del med 22 mill. kroner
- Løyving til Sunnfjord Næringspark finansiert tilsvarande med sal av tomter
- Auka løyving til Sande skule frå 110 mill. kroner til 140 mill. kroner
- Fornyng av lærebøker er samla med ei løyving i 2023 på 1,5 mill. kroner
- Auka løyving til oppgradering av Førde barneskule frå 15 til 30 mill. kroner
- Auka løyving med 10 mill. kroner til ny barnehage på Slåtten
- Auka løyving til Frisksenter Naustdal frå 60,6 til 75,6 mill. kroner
- Auka løyving til pensjonistheimen/ ny sjukeheim frå 5 til 13,5 mill. kroner
- Auka løyving til oppgradering av Førdehuset frå 15 til 39,5 mill. kroner
- Det er gjort ei vurdering av kostnadane som ligg til grunn for nytt symjeanlegg med tillegg av kostnader til rehabilitering av eksisterande anlegg. Kostnadane er prisjustert til 2021 og det er nytta prisar frå samanliknbare anlegg. Samla utgjør dette kostnadar på 203 mill. kroner. Det nye kostnadsoverslaget avvik svært mykje frå den avsetjinga som tidlegare var gjort. Med mange store investeringsbehov og avgrensa rammer, finn ikkje kommunedirektøren å kunne prioritere nytt symjeanlegg i komande økonomiplanperiode, men tilrår å rehabilitere det eksisterande anlegget i første omgang innanfor ei økonomisk ramme på 48 mill. kroner. Auka løyving til brannstasjon på Skei med 5 mill. kroner.
- Prisjustering av kjøp av Hafstad vgs frå 100 til 110 mill. kroner

Årleg låneopptak er ca 100 mill. kroner årleg. Dette er same beløp som kommunen har budsjettert i årleg avdrag. Lånegjelda vil på denne måten ikkje auke. I tillegg kjem eigenkapital gjennom årleg overføring frå drift til investering på 39,6 mill. kroner i 2023 aukande til 45 mill. kroner i 2026. I tillegg kjem låneopptak i Husbanken på 60 000 000 kroner.

Sektor	Tiltak - kva	Gjeldande økonomiplan				Forslag til økonomiplan			
		2022	2023	2024	2025	2023	2024	2025	2026
Stab og støtte	Førdepakken - kommunal del	28 000	28 000	1 350		28 000	14 000	9 379	
Stab og støtte	Førdepakken - anleggsbidrag utbyggingsavt-	- 2 500	- 2 500			- 2 500			
Stab og støtte	Eigenkapitalinnskot - KLP	4 600	4 700	4 800	4 900	4 700	4 800	4 900	5 000
Stab og støtte	IKT-investeringar (møteromsutstyr, datasen	1 000	1 000	1 000	1 000	1 000	1 000	1 000	1 000
Stab og støtte	Sunnfjord kyrkjelege fellesråd (eiga oversik	4 153	3 133	4 474	4 425	3 133	4 474	4 425	4 425
Stab og støtte	Sunnfjord Næringspark	20 000				20 000	40 000	40 000	20 000
Stab og støtte	Sal av tomter Sunnfjord næringspark	- 20 000				- 20 000	- 40 000	- 40 000	- 20 000
Skule/BEF	Uteområde ved skular	3 500	3 500	3 500	3 500	3 500	3 500	3 500	3 500
Skule/BEF	Delfinansiering av uteområde ved spelemid	- 750	- 750	- 750	- 750	- 750	- 750	- 750	- 750
Skule/BEF	Sande skule		11 500	33 450	65 050	10 500	33 450	50 050	46 000
Skule	Fornyng av lærebøker i samband med LK20	500	500	500	500	1 500			
Skule	Oppgradering Førde barneskule				15 000			15 000	15 000
Barnehage	IKT-utstyr tilsette	250	250	250	250	250	250	250	250
Barnehage	IKT-utstyr barn	100	100	100	100	100	100	100	100
Barnehage	Vedlikehald av barnehagane sine uteområd	100	100	100	100	100	100	100	100
Barnage/BEF	Ny barnehage på Slåtten inkl. grunnverv - auka kostnad						10 000		
Helse og sosial	Digitalisering, diverse utstyr	300		100			100		100
Helse og sosial	Utskifting PC park, auke investeringsbudsjet	200	200	200	200	200	200	200	2 000
BEF/Helse og sosial	Kjøp av 2 rusbustadar og tomt til minihus	4 000			5 000			5 000	12 000
Helse og sosial/BEF	Friskisenter Naustdal	18 050	30 550			34 000	11 550		
Omsorg	Butiltak Psykisk helse, 10 omsorgsbustader	200	23 807			23 807			
Omsorg	Butiltak Psykisk helse, 10 omsorgsbustader - husbank	- 6 967				- 6 967			
Omsorg	Datautstyr; oppgradering pc'ar og trådlaut r	100	125	125	125	125	125	125	125
Omsorg	Hjelpemiddel, sengar og nattbord	200	100	100	100	100	100	100	100
Omsorg	Inventar og utstyr	200	100	100	100	100	100	100	100
Omsorg/BEF	Påbygging/ombygging (omfattande liste)	10 000							
Omsorg/BEF	Kapasitetsutviding bustad eldre			26 796			26 796		
Omsorg/BEF	Kapasitetsutviding bustad eldre - (husbanktilskot)			- 7 776			- 7 776		
Omsorg/BEF	Pensjonistheimen/ ny sjukeheim				5 000			5 000	8 500
Kultur og idrett	Folkemusikkinstrument - inntekter i drift på	305	605			605			
Kultur og idrett	Astruptunet - kommunal andel	2 200	3 600			3 600			
Kultur og idrett	Garasjebygg og toalett Hafstadparken	3 125				1 000			
Kultur og idrett	Oppgradering av Førdehuset/ symjebasseng			6 000	9 000	1 000	33 988	43 761	48 632
Kultur og idrett	Forskottering spelemidlar	1 000	1 000						
Kultur og idrett	Symjebasseng Førdehuset			83 000					
Kultur og idrett	Symjebasseng Førdehuset - eksternt bidrag						- 5 000	- 5 000	
Kultur og idrett	Symjebasseng Førdehuset			- 32 760			- 7 250	- 9 809	- 11 941
Kultur og idrett	Astruptunet – visningscenter				34 500	1 000			48 500
Kultur og idrett	Astruptunet – visningscenter (tilskot)				- 24 000			- 39 000	
Teknisk og miljø	Miljø: Sikring mot naturfare	1 000	1 500	1 500	1 500	1 500	1 500	1 500	1 500
Teknisk og miljø	Miljø: Klimaomstillingsplan	300	300	300	300	300	300	300	300
Teknisk og miljø	Brann: stasjon/teknisk drift – Skei og forpro	9 700				5 000			
Teknisk og miljø	Brann – utstyr, brannbil, kommandobil	1 500	1 500	1 500	1 500	1 500	1 500	1 500	1 500
Teknisk og miljø	Golvmaskin, moppevakser, anna reinhald	200	200	200	200	200	200	200	200
Teknisk og miljø	Rehabilitering bygg – (detalj i plan)	10 000	12 000	12 000	12 000	11 000	12 000	12 000	12 000
Teknisk og miljø	ENØK – kommunale bygg	6 000	6 000	6 000	6 000	6 000	6 000	6 000	6 000
Teknisk og miljø	Intensjonsavtale om kjøp av Hafstad vgs		100 000			110 000			
Teknisk og miljø	Uteareal/parkering friskhus Naustdal	12 600							
Teknisk og miljø	Gamlebanken i Førde ref. BY 064/19	3 000							
Teknisk og miljø	Kommunale vegar (detalj i plan)	8 580	7 250	7 250	7 250	7 250	7 250	7 250	7 250
Teknisk og miljø	Trafikktryggleiksplan (eigenandel)	3 750	3 750	3 750	3 750	3 750	3 750	3 750	3 750
Teknisk og miljø	Teknisk drift: maskiner og utstyr	1 250	1 250	1 250	1 250	1 250	1 250	1 250	1 250
Teknisk og miljø	Helgåsvegen		5 600	4 400		2 600	4 400	3 000	
	Eigenandel til sykkelparkeringsprosjekt	125	125	125		125	125		
<b>VAR</b>	<b>Tiltaksplanar VAO og Førdepakken</b>	<b>17 000</b>	<b>17 000</b>	<b>17 000</b>	<b>17 000</b>	<b>17 000</b>	<b>17 000</b>	<b>17 000</b>	<b>17 000</b>
	<b>SUM BRUTTO PRIORITERTE INVESTERINGSTI</b>	<b>153 917</b>	<b>259 128</b>	<b>179 934</b>	<b>174 850</b>	<b>275 578</b>	<b>179 132</b>	<b>190 681</b>	<b>184 991</b>
	<b>MOMSKOMPENSASJON</b>	<b>-20 153</b>	<b>-23 049</b>	<b>-39 624</b>	<b>-34 540</b>	<b>-28 619</b>	<b>-36 222</b>	<b>-46 192</b>	<b>-38 536</b>
	<b>ÅRLEG INVESTERINGSRAMME (AVDRAG+EK)</b>	<b>-132 764</b>	<b>-135 079</b>	<b>-140 310</b>	<b>-140 310</b>	<b>-136 959</b>	<b>-142 910</b>	<b>-144 489</b>	<b>-146 454</b>
	<b>BROT HANDLINGSREGEL</b>		<b>-100 000</b>			<b>-110 000</b>			
	<b>DIFFERANSE</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>

Tabell er oppdatert i samsvar med kommunestyrevedtak 070/ punkt 3.

# 7 Vedlegg

## Hovudoversikter

Økonomisk oversikt - drift §5-6	Regnskap 2021	Budsjett 2022	Rev. Budsjett 2022	Øk. plan 2023	Øk. plan 2024	Øk. plan 2025	Øk. plan 2026
<b>(tal i 1000 kroner)</b>							
<b>Driftsinntekter</b>							
1 Rammetilskudd	771 078	754 011	773 769	800 348	802 716	800 081	805 081
2 Inntekts- og formuesskatt	725 563	734 553	714 489	721 334	723 837	726 328	726 328
3 Eiendomsskatt	81 227	81 700	81 700	83 429	83 429	83 429	83 429
4 Andre skatteinntekter	6 275	2 500	2 500	2 500	2 500	2 500	2 500
5 Andre overføringer og tilskudd fra staten	71 605	43 613	45 840	46 674	47 761	47 464	47 464
6 Overføringer og tilskudd fra andre	319 134	175 026	174 934	182 644	182 644	182 644	182 644
7 Brukerbetalinger	81 927	74 110	74 698	74 698	74 698	74 698	74 698
8 Salgs- og leieinntekter	155 910	163 068	163 068	163 068	163 068	163 068	163 068
<b>9 Sum driftsinntekter</b>	<b>2 212 720</b>	<b>2 028 581</b>	<b>2 030 998</b>	<b>2 074 695</b>	<b>2 080 653</b>	<b>2 080 212</b>	<b>2 085 212</b>
<b>Driftsutgifter</b>							
10 Lønnsutgifter	1 151 533	1 093 934	1 094 185	1 100 615	1 096 986	1 095 832	1 097 779
11 Sosiale utgifter	262 689	278 442	278 521	280 451	279 472	279 125	279 710
12 Kjøp av varer og tjenester	517 971	425 526	429 647	434 918	434 664	434 631	434 666
13 Overføringer og tilskudd til andre	138 806	112 024	110 717	111 224	110 704	110 704	110 704
14 Avskrivninger	131 968	-	-	-	-	-	-
<b>15 Sum driftsutgifter</b>	<b>2 202 968</b>	<b>1 909 927</b>	<b>1 913 070</b>	<b>1 927 209</b>	<b>1 921 826</b>	<b>1 920 292</b>	<b>1 922 860</b>
<b>16 Brutto driftsresultat</b>	<b>9 753</b>	<b>118 654</b>	<b>117 929</b>	<b>147 486</b>	<b>158 827</b>	<b>159 920</b>	<b>162 352</b>
<b>Finansinntekter</b>							
17 Renteinntekter	7 871	10 877	10 877	15 877	18 612	17 863	17 863
18 Utbytter	23 149	29 423	29 423	29 423	29 423	29 423	29 423
19 Gevinster og tap på finansielle omløpsmidler	13 502	12 598	12 598	10 000	11 001	12 017	13 049
20 Renteutgifter	31 849	43 205	43 205	70 855	79 981	79 762	81 261
21 Avdrag på lån	96 004	96 873	96 873	97 400	101 500	101 500	101 500
<b>22 Netto finansutgifter</b>	<b>- 83 331</b>	<b>- 87 180</b>	<b>- 87 180</b>	<b>- 112 955</b>	<b>- 122 445</b>	<b>- 121 959</b>	<b>- 122 426</b>
23 Motpost avskrivninger	131 968	-	-	-	-	-	-
<b>24 Netto driftsresultat</b>	<b>58 390</b>	<b>31 474</b>	<b>30 749</b>	<b>34 531</b>	<b>36 382</b>	<b>37 961</b>	<b>39 926</b>
<b>Disp. eller dekning av netto driftsresultat:</b>							
25 Overføring til investering	- 38 922	- 36 502	- 36 870	- 39 559	- 41 410	- 42 989	- 44 954
26 Netto avsetninger til eller bruk av bundne drif	14 338	4 417	5 510	4 417	4 417	4 417	4 417
27 Netto avsetninger til eller bruk av disposisjon	- 33 805	611	611	611	611	611	611
28 Bruk av tidligere års mindreforbruk	-	-	-	-	-	-	-
28 Dekning av tidligere års merforbruk	-	-	-	-	-	-	-
<b>29 Sum disponeringer eller dekning av netto drift</b>	<b>- 58 390</b>	<b>- 31 474</b>	<b>- 30 749</b>	<b>- 34 531</b>	<b>- 36 382</b>	<b>- 37 961</b>	<b>- 39 926</b>
30 Fremført til inndekning i senere år (merforbruk)	-	-	-	-	-	-	-

Bevilgningsoversikt - driftrekneskpen, §5-4, 1 ledd	Regnskap 2021	Budsjett 2022	Rev. budsjett 2022	Øk. Plan 2023	Øk. Plan 2024	Øk. Plan 2025	Øk. Plan 2026
<b>(tal i 1000 kroner)</b>							
1 Rammetilskudd	771 078	754 011	773 769	800 348	802 716	800 081	805 081
2 Inntekts- og formuesskatt	725 563	734 553	714 489	721 334	723 837	726 328	726 328
3 Eiendomsskatt	81 227	81 700	81 700	83 429	83 429	83 429	83 429
4 Andre generelle driftsinntekter	29 665	34 769	34 769	36 806	37 893	37 596	37 596
<b>5 Sum generelle driftsinntekter</b>	<b>1 607 533</b>	<b>1 605 033</b>	<b>1 604 727</b>	<b>1 641 917</b>	<b>1 647 875</b>	<b>1 647 434</b>	<b>1 652 434</b>
6 Sum bevilgninger drift, netto	1 465 812	1 486 379	1 486 799	1 494 431	1 489 048	1 487 514	1 490 082
7 Avskrivninger	131 968	-	-	-	-	-	-
